



# ØKONOMIPLAN 2021-2023 OG ÅRSBUDSJETT 2021

*Dette budsjettet gjeld for 2021 og økonomiplanen for perioden fram til 2024, men disposisjonane våre både på drift og ikkje minst i investeringar, får konsekvensar for tenesteproduksjonen langt utover denne perioden. Me må tenkja langsiktig i alle våre avgjerder.*

## Økonomiplan for 2021-2024

Rådmannen si innleiing .....	2
Rettleiing økonomiplan .....	3
Budsjettvedtak .....	4
Vedtak frå Voss heradsstyre 17.12.2020 .....	6
Økonomiske oversikter og oppstillingar i samsvar med Forskrift for økonomiplan, årsbudsjett og årsrekneskap for kommunar. ....	9
Betalingsatsar og gebyr .....	14
Plan til handling - satsingsområde .....	17
Hovudtal i budsjettforslaget.....	21
Oversikt over gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar.....	23
Klimabudsjett .....	26
Investeringar i økonomiplanen .....	29
Økonomisk utvikling i planperioden .....	36
Tenesteområda i kommunen .....	40
1. Administrasjon og leiing.....	40
2. Plan, næring og forvaltning.....	45
3. Samferdsel .....	48
4. Eigedom og bustad.....	51
5. Brann og ulukkesvern.....	55
6. Vatn, avlaup og renovasjon .....	57
7. Politisk styring .....	61
8. Finansielle postar/økonomi .....	62
9. Grunnskule .....	64
10. Barnehage .....	68
11. Barne- og familietenestene .....	73
12. Integrering og vaksenopplæring .....	76
13. Helse .....	78
14. Omsorg .....	81
15. Sosialtenester .....	86
16. Kultur og fritid (inkl.kyrkja) .....	89
Kommunale føretak.....	94
Oversikt tilskot frå Voss herad .....	95
Vedlegg 1 – Oversikt tenesteområde.....	97

## Rådmannen si innleiing

Voss herad leverer gode tenester i dag og skal gjera det i framtida òg. Det krev at organisasjonen har blikket retta framover og at drifta vert innretta slik at den kan vera berekraftig i eit langt perspektiv.

Dette budsjettet gjeld for 2021 og økonomiplanen for perioden fram til 2024, men disposisjonane våre både på drift og ikkje minst i investeringar, får konsekvensar for tenesteproduksjonen langt utover denne perioden. Me må tenkja langsiktig i alle våre avgjerder. Budsjettet byggjer på kommunen sin økonomiplan. Det betyr at rammene for dei ulike tenestoområda vert redusert vidare frå nivået i år.

Voss herad har ein ubalanse mellom inntekter og utgifter. Kort sagt er utgiftene for høge då me i liten grad kan gjera noko med inntektene. Sidan heradet opererer i skjeringspunktet mellom ambisiøse statlege styresmakter og forventningsfulle innbyggjarar er ikkje dette uvanleg. Når rettane, behova og ynskja til innbyggjarane er gode og så uendeleg mange, er det ikkje uvanleg at kommunar frå tid til annan hamnar i den situasjonen Voss herad er i no. Ein kommune si oppgåve er nettopp å bruka tilgjengelege ressursar for å skapa velferd og lokal utvikling for innbyggjarane, men når rammevilkår endrar seg er det ikkje alltid me klarar å omstilla oss kjapt nok, og det oppstår ubalanse mellom inntekter og utgifter.

Me har ein lang investeringsplan og ytterlegare store investeringsbehov. Det betyr auka finanskostnader framover. Vidare opplever me eit veksande behov i ressurskrevjande tenester, både i helse- og omsorg og oppveksttenestene. Dette svekkjer handlefridomen vår.

Det er utfordrande for oss å innfri forventningane med eit minkande økonomisk handlingsrom. Det krev at me framleis er effektive i tenesteproduksjonen, er nytenkjande, har god dialog med innbyggjarane og heile tida tilpassar aktiviteten til tilgjengelege ressursar. Kvaliteten på kommunale tenester vert oftast definert når menneske møter menneske. Når brukaren eller innbyggjaren merkar kvalitet i møte med kommunen kjem det ofte av at ein opplever å verta høyrte av ein tilsett med kompetanse, tryggleik i fag og reglar, klart og godt språk.

Det er ikkje lett å vera tilsett i Voss herad i dag. Dei fleste opplever at manglande ressursar er det største hinderet for å gjera ein endå betre jobb. Då er det strevsamt å høyra at det vert mindre ressursar framover, men at tenestene skal vera minst like gode. Det er me som leiarar, politisk og administrativt, som må leggja til rette for at me lukkast.

Ein del handlar om organisering og system. Det er ei kjensgjerning at noko av kulturen og systema våre gjer det enklare å arbeida for avdelinga sitt beste, og ikkje heradet sitt beste. Då er det fort innbyggjaren som vert skadelidande. Å løfta oss vekk frå dette er eit leiaransvar, ikkje eit tilsettansvar, og det må starta på toppen. Først då vil det vera lettare å gripa fatt i dei store utfordringane, som å flytta ressursbruken frå reparasjon til førebygging.

Arbeidet med å få balanse i økonomien i heradet har kanskje gått over all forventning i eit på alle måtar svært krevjande år. Økonomisk ser det ut som me kjem betre ut av 2020 enn det lenge såg ut til. Det er mange som fortener ein stor honnør for den jobben som allereie er gjort. Framlegget til budsjettet for 2021 har eit lite overskot. Om me no slappar av og tenkjer at me er over den verste kneika, fryktar eg at ljøset lengre framme i tunnelen ikkje er opninga, men toget som kjem i mot oss. Vidare politisk og administrativ jobbing med inntektsauke og kostnadsreduksjonar er heilt naudsynt, sjølv om moglegheitene for innsparing vert mindre og mindre etter kvart som me effektiviserer.

Det er mange risikomoment i framlegget til budsjett. Dessutan ligg det framleis inne mange uspesifiserte kostnadsreduksjonar, som det vil krevja mykje arbeid å få realisert. Rådmannen vil på det sterkaste rå heradsstyret frå å vedta eit budsjett med eit lågare netto driftsresultat enn det som er lagt fram. Stø kurs og tolmod vil lønna seg på lang sikt.

## Rettleiing økonomiplan

### Kva er økonomiplan?

Det er lovfesta at kommunane i Noreg skal ha ein økonomiplan som visar korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planar skal følgast opp. Økonomiplanen skal visa prioriteringar og løyvingar, og dei mål og vilkår som økonomiplanen er bygd på.

Den gir altså eit hovudoversyn over det økonomiske handlingsrommet i planperioden. Den syner dei sentrale rammeføresetnadene på inntekts- og utgiftsida (Sentrale kapittel). Vidare gir den oversyn over viktige lokale utviklingstrekk med relevans for drift og investeringar (Tenesteområde).

Når økonomiplanen no skal reviderast er det gjort ei vurdering av rammevilkåra som:

- Skatt og rammetilskot
- Renter/avdrag
- Avgifter
- Eigedomsskatt
- Kraftinntekter
- Endringsbehov i tenesteområda

Ut frå dette vil det koma fram kva for økonomisk handlingsrom kommunen vurderer for dei neste 4 åra.

Økonomiplan for 2021-2024 byggjer på rammene frå Økonomiplan 2020-2023 og årsbudsjett for 2020 [Vedteke av heradsstyret 12.12.19](#). Økonomiplan vert no presentert og vedtatt etter 16 tenesteområde som bygger på KOSTRA-tenester/funksjonar. Sjå oversikt under.

### Tenesteområda

Me har valt å legge fram økonomiplan etter ulike tenesteområde. I vedlegg 1 finn du meir oversikt over kva dei ulike tenesteområda inneheld av funksjonar.

## Budsjettvedtak

Gjennom handlingsprogrammet vedtar Voss heradsstyre økonomiplanen for 2021-2024 med budsjetttrammer for kvart tenesteområde. Handlingsprogrammet for 2021-2024 vert vedtatt med mål og vilkår for tenesteproduksjon som omtala i dokumentet.

Driftsbudsjett for 2021 vert vedteke i samsvar med oversikta "§ 5-4 Bevilgningsoversikter - drift (1 A)".

Driftsbudsjettet vert vedteke i samsvar med oversikta "§ 5-4 sum bevilgninger drift, netto (1B)", med ei netto ramme per tenesteområde. Rådmannen får fullmakt til å fordela driftsramma frå tenesteområda til organisatoriske avdelingar.

Rådmannen får fullmakt til å fordela lønsjusteringspott og fellesutgifter på tenesteområda. Rådmannen får fullmakt til å justera budsjettet som følgje av tekniske endringar som t.d. endringar i KOSTRA-oppsett eller kommunale rekneskapsstandardar.

Investeringsbudsjettet vert vedteke med ei brutto ramme per tenesteområde, i tråd med skjema "§ Bevilgningsoversikter - investering (2 A)" og "§ 5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2 B)". Rådmannen får fullmakt til å fordela investeringsramma på investeringsprosjekt.

Drifts- og investeringsrammene for 2021-2024 gjev retning for vidare budsjettarbeid gjennom årleg rullering av økonomiplan.

### Lån

Voss heradsstyre vedtek å ta opp nytt lån på inntil 92,5 mill.kroner for å finansiere nye netto løyve til investeringar i 2021, jf. kommunelova § 14-15 1.ledd.

Voss heradsstyre vedtek å nytta 7 680 000 kr av ubrukte lånemidlar (frå reg.plan fort.Sivlevegen og idrettsfløy ungdomsskule), og 5 137 479 kr av ubundne investeringsfond (frå Bjørgamarka 2, Sal husvære Motræet, Sal Tide aksjer 2017 og Forsikr.erstatn. protector) i 2021. Midlane skal nyttast til å finansiera planlagde investeringar i 2021.

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om opptak av nye obligasjonslån, sertifikatlån eller andre lån til finansiering av investeringsprosjekt etter kvart som dei vert vedtekne, samt å avtala nærare lånetidspunkt og lånevilkår, og underteikne lånekontraktar.

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om refinansiering av eksisterande lån, til å inngå avtale om lånetidspunkt og lånevilkår, samt underteikna lånekontraktar. Rådmannen står fritt til å betala budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålsteneleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

### Skatt

Skatt på inntekt og formue til kommunen vert utlikna etter maksimale satsar fastsett av Stortinget for 2021.

I medhald av eigeomsskattelova §§ 2 og 3a, vert det i 2021 skrive ut eigeomsskatt i heile kommunen, med fylgjande vilkår:

## Økonomiplan for 2021-2024

1. Den alminnelege promillesatsen vert sett til 7 promille, jfr. Eigedomsskattelova § 11 første ledd. Differensiert skattesats for eigedomar med sjølvstendige bueiningar og fritidsbustader vert sett til 2,1 promille, jf. Eigedomsskattelova § 12a.
2. Heradsstyret frittek eigedommar etter §§ 7a og 7b i eigedomsskattelova og kommunale retningsliner. Liste vert lagt fram i eiga sak i kommunestyret innan utgangen av februar 2021.
3. Verdigrunnlaget for eigedomsskatt for bustader skal fastsetjast etter skattemessig formuesverdi der det er tilgjengeleg, jf. eigedomsskattelova § 8 C-1. Verdigrunnlaget for øvrige eigedomar skal fastsetjast etter eigedomsskattelova § 8 A og § 8 B. Takstgrunnlag i heile heradet er harmonisert frå 2021.
4. Eigedomsskatt skal skrivast ut i tre terminar, saman med kommunale avgifter, med forfall 20.03, 20.06 og 20.10, jf. eigedomsskattelova § 25.
5. Eigedomsskatt skal skrivast ut på skattepliktig næringsdel i tidlegare skattlagde verk/ bruk jf. overgangsregel i eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Skatt på særskilte skattegrunnlag er redusert med tre sjuandedelar i 2021. Skattesatsen på særskilt skattegrunnlag er 7 promille.

### Gebyr, avgifter og brukarbetaling

Gebyr, avgifter og brukarbetaling vert fastsett ut i frå gjeldande lover, forskrifter og retningsliner, og i samsvar med lista under "Betalingssatsar og gebyr" i budsjettframlegget.

### Budsjettfullmakter

Rådmann får fullmakt til å selja heimfallskraft konsesjonskraft i spotmarknaden. Rådmannen har fullmakt til å inngå faste kontraktar i økonomiplanperioden.

Rådmannen får fullmakt til å bruka opp til 2 mill.kr per krisehending som strakstiltak i eventuelle krisesituasjonar.

### Spesifikke vedtak

Voss herad skal ta i mot inntil 30 flyktningar i 2021.

Styregodtgjersle for 2021 skal vera likt som i 2020.

### Festeavgifter

Voss heradsstyre vedtek festeavgifter for 2021 i samsvar med framlegget under:

Gravfeste kistegraver:

År (alder)	Evanger, Granvin, Vinje, Oppheim og Raundalen (kr/år)	Voss sokn (Vangskyrkja, Voss gravplass, Tunshovden) (kr/år)	Jordalen (kr/år)
0-20	220	250	110
20-60	220	250	110
Over 60 år	440	500	220

Urnegrav

År	Urnegrav alle kyrkjegarder	Urnegrav i minnelund
0-20	kr 110	kr 110
20-60	kr 110	kr 110
Over 60 år	kr 220	kr 220
<b>Eingongsavgift for urne i namna minnelund</b>	<b>Tunshovden</b>	<b>Kr 5 000</b>
Kremasjonstilskot til utbetaling	Voss sokn	Kr 10 000

Ei urne som vert sett ned i ei kistegrav, vert festa som kistegrav vidare.

Det er fritak for festeavgift i dei fyrste 20 åra etter gravlegging dersom den gravlagde har vore busett i Voss herad. Etter friperioden vert festeavgift innkrevd frå dag 1. Ei grav som går over til festa grav, kan ikkje verta frigrav igjen, sjølv om den vert nytta oppatt.

Gravlagde frå andre kommunar får krav om festeavgift for 20 år ved gravlegging.

## Vedtak frå Voss heradsstyre 17.12.2020

Rådmannen sitt framlegg til Årsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 for Voss herad vert vedtatt. Følgjande endringar skal innarbeidast i årsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024:

Endringar i budsjettet:

- Tiltaket «Garden» held fram 1 200 000
- Auke i lærlingepotten 150 000
- Auke konkrete klimatiltak 250 000
- Sum auke i budsjettet 1 580 000
- Inndekning redusert overskot 1 580 000

### Verbalframlegg

#### Klima

Utover dette må me ta omsyn til dei store utfordringane me står framfor. Den største er klimakrisa, og me vil vurdera klimatiltaka i budsjettet.

- Legge til rette for lading på jobb ved kommunale bygg i heile heradet. Her kan ein har betalingsordning, slik at det i tillegg til tilsett og kan brukast av andre. Målet er å få på plass eit endå betre ladenett.
- I samband med innkjøp av nye køyretøy skal El-bilar vera fyrsteval dersom dei tilfredsstillar dei tekniske krava.
- Vurdera medlemskap i Bergen og Omland friluftsråd

## Økonomiplan for 2021-2024

- Det vert sett av pengar til etterutdanning og kursing for å auka heradet sin kompetanse i klimaarbeid og energiøkonomisering.
- I alle store byggjeprojekt skal klimaavtrykket dokumenterast.

### Næringsutvikling

Voss herad skal utnytta sitt handlingsrom for næringsutvikling på ein betre måte enn i dag og i sterkare grad bidra til å fremja lokalt næringsliv:

- Næringslivet må i større grad sjåast i samanheng med andre viktige kommunale innsatsområde som bustadutvikling, inkludering, stadutvikling og tilflytting
- Heradet må i skaffa seg betre innsikt i behova til næringslivet. Prosjektet bør kartleggja næringslivet sine forventningar til kommunen sine tenester
- Heradet må i større grad sjå rollene som forvaltar, tenesteproducent og entreprenør i samanheng
- Heradet må prioritera entreprenørrolla; vera initiativrike, utvikla og følgja opp næringslivet

### Barnehagestruktur

Tidleg i 2021 er det venta ei eiga sak om barnehagestruktur. Her vil me peika på at dei raudgrøne gjennom fleire budsjett og økonomiplanar har fremja og fått fleirtal for å utgreia vidare bruk av Oppheim skule. Det må difor utgreiast:

- Flytting av Hauge barnehage til Oppheim skule der deler av skulen skal brukast til barnehage, kor stor del, nødvendig ombygging og kostnadsoverslag
- Organisering av bruken av resterande del av skulen til utleige og aktivitetshus - Arbeidet skal skje i samarbeid med det lokale grendautvalet
- Det vert sett av pengar til etterutdanning og kursing for å auka kommunen sin kompetanse i klimaarbeid og energiøkonomisering. Gjerne også kurs for politikarar.

### Nabobeino

Nabobeino er ein viktig aktør for frivillig innsats i Voss herad. Dei har ein krevjande økonomisk situasjon.

- Det skal snarast råd vert lagt fram ei sak der ein tek stilling til framtidig finansiering og organisering av ein berekraftig frivilligsentral. Dette arbeidet må skje i tett dialog med Nabobeino.

### Servicebygg og utebasseng

Utebassenget og området langs Vangsvatnet er eit viktig rekreasjons- og opphaldsområde for mange. Det er viktig å sjå om det er mogleg å legge til rette for at me og i framtida kan ha eit servicebygg i dette område.

- Administrasjonen skal i samband med bygging av idrettsfløy på Ungdomsskulen sjå på funksjonar i servicebygget i ein samanheng. Det skal vurderast om det er mogleg med ein opsjon på bygging av servicebygg for utebassenget/aktivitesparken/Prestegardsmoen.
- Det må vurderast kostnader ved å ta vare på utebassenget opp mot kostnader ved å sanerer vekk basseng og servicebygg.
- Bygging av eit servicebygg må og basera seg på ekstern finansiering. Arbeidet med slik finansiering skal skjer parallelt med administrasjonen si utgreiing.

### Flyktning- og integreringstenesta

Flyktning- og integreringstenesta i Voss herad har vore gjennom store endringar dei seinare åra. Frå stor aktivitet då me hadde flyktningkrisa i 2015, til lågare aktivitet i dag. Det er viktig at desse store endringane ikkje går utover oppfølging av flyktningar som vert busett i heradet. Voss herad må halda fram med det gode integreringsarbeidet der språkopplæring og å få folk i arbeide er heilt sentralt for å lukkast. Me viser òg til vedteken uttale frå Voss heradsstyre om at me har både kapasitet og kompetanse til å ta imot flyktningar frå Moria om Noreg opnar for det.

### Sak til utgreiing frå rådmannen

Me ønskjer at Voss herad tilbyr dei av miljøpersonalet i Vossaskulen, som ønskjer det, 100 % stilling. Dette er løyst andre stader i landet med 100 % stilling – (minus) følgje skuleruta 11% =89 % løn. Arbeidstid kan då vera 08:30 – 16:00, då blir det tid til etterarbeid og planlegging i arbeidstida. Vossaskulane har i dag på dei skulane som ikkje har sfo 78% stillingar. Det kan vera små forskjellar frå skule til skule. Framlegget vil støtta ein heiltidskultur i Vossaskulen.

Her finn du framlegg til vedtak, økonomiske oversikter og løyvingar til drifts- og investeringsbudsjett.

## Økonomiske oversikter og oppstillinger i samsvar med Forskrift for økonomiplan, årsbudsjett og årsrekneskap for kommunar.

### §5-4 Bevilgningsoversikter - drift (1A)

Beløp i 1000

	Regnskap 2019	Oppr. budsjett 2020	Rev. budsjett 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024
Rammetilskudd	-498 836	-525 413	-550 992	-530 365	-525 865	-524 865	-524 865
Inntekts- og formuesskatt	-438 463	-439 130	-428 230	-451 000	-457 639	-468 869	-480 380
Eiendomsskatt	-62 585	-67 672	-69 572	-63 550	-63 550	-63 550	-63 550
Andre generelle driftsinntekter	-55 894	-73 931	-72 905	-46 823	-45 123	-45 723	-45 723
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>-1 055 778</b>	<b>-1 106 146</b>	<b>-1 121 699</b>	<b>-1 091 738</b>	<b>-1 092 177</b>	<b>-1 103 007</b>	<b>-1 114 518</b>
<b>Korrigert sum bevilgninger drift, netto</b>	<b>1 036 232</b>	<b>1 043 040</b>	<b>1 061 084</b>	<b>1 035 857</b>	<b>1 031 457</b>	<b>1 026 057</b>	<b>1 023 357</b>
Avskrivninger	67 187	45 685	45 685	63 758	63 758	63 758	63 758
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>1 103 419</b>	<b>1 088 725</b>	<b>1 106 769</b>	<b>1 099 616</b>	<b>1 095 216</b>	<b>1 089 816</b>	<b>1 087 116</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>47 641</b>	<b>-17 421</b>	<b>-14 930</b>	<b>7 878</b>	<b>3 039</b>	<b>-13 191</b>	<b>-27 402</b>
Renteinntekter	-18 717	-15 837	-15 837	-11 430	-11 430	-11 430	-11 430
Utbytter	-10 970	-9 870	-9 870	-8 800	-8 300	-9 940	-9 940
Renteutgifter	26 544	29 360	29 360	19 605	20 256	20 816	21 647
Avdrag på lån	52 990	53 620	53 620	51 687	53 422	54 918	57 133
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>49 847</b>	<b>57 273</b>	<b>57 273</b>	<b>51 063</b>	<b>53 949</b>	<b>54 365</b>	<b>57 411</b>
Motpost avskrivninger	-67 187	-45 685	-45 685	-63 758	-63 758	-63 758	-63 758
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>30 301</b>	<b>-5 832</b>	<b>-3 341</b>	<b>-4 818</b>	<b>-6 771</b>	<b>-22 585</b>	<b>-33 750</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>							
Overføring til investering	0	10 900	12 399	3 400	3 400	3 400	3 400
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-4 269	5 412	3 184	-11 667	-10 167	-10 167	-10 167
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-29 933	-10 480	-12 241	13 085	13 538	29 352	40 517
Dekning av tidligere års merforbruk i driftsregnskapet	0	0	0	0	0	0	0
<b>Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>-34 203</b>	<b>5 832</b>	<b>3 341</b>	<b>4 818</b>	<b>6 771</b>	<b>22 585</b>	<b>33 750</b>
<b>Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)</b>	<b>-3 901</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## §5-4 Sum bevilgninger drift, netto (1B)

Beløp i 1000

	Regnskap 2019	Oppr. budsjett 2020	Rev. budsjett 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024
Administrasjon og leiling	78 234	82 767	80 371	78 961	77 661	77 261	77 261
Plan, næring og forvaltning	26 038	25 923	26 666	23 272	21 772	21 772	21 772
Samferdsel	40 061	31 714	29 903	36 479	36 279	36 079	35 879
Eigedom og bustad	16 360	21 557	16 273	23 370	23 540	22 990	22 990
Brann og ulukkesvern	13 409	13 418	13 108	13 445	13 045	13 045	13 045
Vatn, avlaup og renovasjon	-5 792	-3 813	-12 793	-5 336	-5 336	-5 336	-5 336
Politisk styring	8 808	7 605	7 588	8 225	8 225	8 225	8 225
Finansielle postar/økonomi	-42 137	-40 898	-42 698	-36 012	-36 012	-36 012	-36 012
Grunnskule	251 411	247 685	233 787	246 702	244 342	242 142	240 642
Barnehage	133 656	139 272	139 802	144 628	146 198	143 148	142 148
Barne- og familietenestene	58 070	57 118	56 739	54 077	53 247	52 747	52 747
Integrering og vaksenopplæring	19 683	11 476	11 409	10 763	10 763	10 763	10 763
Helse	34 557	39 368	42 676	40 501	40 741	41 241	41 241
Omsorg	361 147	361 460	363 408	355 869	356 629	357 629	357 629
Sosialtenester	39 472	41 214	41 081	40 742	40 192	40 192	40 192
Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	53 689	49 704	46 882	52 686	52 686	52 686	52 686
<b>Sum bevilgninger drift, netto</b>	<b>1 086 665</b>	<b>1 085 567</b>	<b>1 054 201</b>	<b>1 088 371</b>	<b>1 083 971</b>	<b>1 078 571</b>	<b>1 075 871</b>
Herav:							
Avskrivninger	66 677	45 533	0	63 758	63 758	63 758	63 758
Netto renteutgifter og -inntekter	1 199	1 571	1 571	1 621	1 621	1 621	1 621
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-7 572	-3 487	-3 839	-12 066	-12 066	-12 066	-12 066
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-9 871	-1 090	-4 615	-800	-800	-800	-800
<b>Korrigert sum bevilgninger drift, netto</b>	<b>1 036 232</b>	<b>1 043 040</b>	<b>1 061 084</b>	<b>1 035 857</b>	<b>1 031 457</b>	<b>1 026 057</b>	<b>1 023 357</b>

## §5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3)

Beløp i 1000

	Regnskap 2019	Oppr. budsjett 2020	Rev. budsjett 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024
Rammetilskudd	-498 836	-525 413	-550 992	-530 365	-525 865	-524 865	-524 865
Inntekts- og formuesskatt	-438 463	-439 130	-428 230	-451 000	-457 639	-468 869	-480 380
Eiendomsskatt	-62 585	-67 672	-69 572	-63 550	-63 550	-63 550	-63 550
Andre skatteinntekter	-19 475	-18 030	-18 030	-18 630	-18 630	-18 630	-18 630
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-36 441	-55 901	-54 875	-28 193	-26 493	-27 093	-27 093
Overføringer og tilskudd fra andre	-193 796	-118 427	-134 218	-138 027	-131 858	-131 858	-131 858
Brukerbetalinger	-62 003	-63 756	-61 433	-59 354	-58 724	-58 724	-58 724
Salgs- og leieinntekter	-132 851	-133 720	-139 945	-125 597	-125 332	-125 332	-125 332
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-1 444 450</b>	<b>-1 422 049</b>	<b>-1 457 295</b>	<b>-1 414 716</b>	<b>-1 408 090</b>	<b>-1 418 920</b>	<b>-1 430 431</b>
Lønnsutgifter	764 543	756 109	749 700	746 260	743 512	746 672	745 172
Sosiale utgifter	192 481	205 097	198 516	192 132	191 443	191 333	191 333
Kjøp av varer og tjenester	358 632	311 362	347 844	330 980	328 372	319 922	318 722
Overføringer og tilskudd til andre	109 247	86 375	100 620	89 462	84 045	84 045	84 045
Avskrivninger	67 187	45 685	45 685	63 758	63 758	63 758	63 758
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>1 492 090</b>	<b>1 404 628</b>	<b>1 442 366</b>	<b>1 422 594</b>	<b>1 411 129</b>	<b>1 405 729</b>	<b>1 403 029</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>47 641</b>	<b>-17 421</b>	<b>-14 930</b>	<b>7 878</b>	<b>3 039</b>	<b>-13 191</b>	<b>-27 402</b>
Renteinntekter	-18 717	-15 837	-15 837	-11 430	-11 430	-11 430	-11 430
Utbytter	-10 970	-9 870	-9 870	-8 800	-8 300	-9 940	-9 940
Renteutgifter	26 544	29 360	29 360	19 605	20 256	20 816	21 647
Avdrag på lån	52 990	53 620	53 620	51 687	53 422	54 918	57 133
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>49 847</b>	<b>57 273</b>	<b>57 273</b>	<b>51 063</b>	<b>53 949</b>	<b>54 365</b>	<b>57 411</b>
Motpost avskrivninger	-67 187	-45 685	-45 685	-63 758	-63 758	-63 758	-63 758
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>30 301</b>	<b>-5 832</b>	<b>-3 341</b>	<b>-4 818</b>	<b>-6 771</b>	<b>-22 585</b>	<b>-33 750</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>							
Overføring til investering	0	10 900	12 399	3 400	3 400	3 400	3 400
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-4 269	5 412	3 184	-11 667	-10 167	-10 167	-10 167
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-29 933	-10 480	-12 241	13 085	13 538	29 352	40 517
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0	0
<b>Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>-34 203</b>	<b>5 832</b>	<b>3 341</b>	<b>4 818</b>	<b>6 771</b>	<b>22 585</b>	<b>33 750</b>
<b>Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)</b>	<b>-3 901</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## §5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2A)

Beløp i 1000

	Oppr. budsjett 2020	Rev. budsjett 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024
Investeringar i varige driftsmidler	117 726	234 453	153 396	210 319	169 425	98 175
Tilskudd til andres Investeringar	0	4 100	0	0	0	0
Investeringar i aksjer og andeler i selskaper	3 400	3 400	3 400	3 400	3 400	3 400
Utlån av egne midler	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>121 126</b>	<b>241 953</b>	<b>156 796</b>	<b>213 719</b>	<b>172 825</b>	<b>101 575</b>
Kompensasjon for merverdiavgift	-15 860	-16 476	-30 579	-41 964	-33 785	-19 535
Tilskudd fra andre	-800	-800	-17 500	-5 900	0	0
Salg av varige driftsmidler	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	0	0	0	0	0
Bruk av lån	-111 567	-209 345	-100 180	-162 455	-135 640	-78 640
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>-128 226</b>	<b>-226 620</b>	<b>-148 259</b>	<b>-210 319</b>	<b>-169 425</b>	<b>-98 175</b>
Videreutlån	18 000	23 000	25 000	25 000	25 000	25 000
Bruk av lån til videreutlån	0	-23 000	-25 000	-25 000	-25 000	-25 000
Avdrag på lån til videreutlån	9 000	9 000	11 200	11 200	11 200	11 200
Mottatte avdrag på videreutlån	-9 000	-9 000	-11 200	-11 200	-11 200	-11 200
<b>Netto utgifter videreutlån</b>	<b>18 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Overføring fra drift	-10 900	-14 206	-3 400	-3 400	-3 400	-3 400
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	0	-2 465	-5 137	0	0	0
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0	0	0
<b>Sum overføring fra drift og netto avsetninger</b>	<b>-10 900</b>	<b>-16 671</b>	<b>-8 537</b>	<b>-3 400</b>	<b>-3 400</b>	<b>-3 400</b>
<b>Fremført til inndekning i senere år (udekket)</b>	<b>0</b>	<b>-1 338</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

**§5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2B)**

Beløp i 1000

	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan Sum 2021- 2024
Administrasjon og leiding	3 325	1 875	1 875	1 875	8 950
Plan, næring og forvaltning	0	1 200	0	0	1 200
Samferdsel	11 375	13 194	8 750	8 750	42 069
Eigedom og bustad	3 500	7 750	9 750	9 750	30 750
Brann og ulukkesvern	4 250	20 000	55 000	0	79 250
Vatn, avlaup og renovasjon	27 500	51 250	72 500	70 000	221 250
Grunnskule	59 396	63 500	12 500	6 250	141 646
Barnehage	10 000	30 000	7 500	0	47 500
Omsorg	34 050	21 550	1 550	1 550	58 700
<b>Sum 2B</b>	<b>153 396</b>	<b>210 319</b>	<b>169 425</b>	<b>98 175</b>	<b>631 314</b>

**2. Tilskot til andres Investeringar**

Beløp i 1000

	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan Sum 2021-2024
Tilskudd til andres Investeringar	0	0	0	0	0

**3. Investeringar i aksjer og andeler i selskaper**

Beløp i 1000

	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan Sum 2021- 2024
Eigenkapitalinnskot KLP	3 400	3 400	3 400	3 400	13 600
<b>Investeringar i aksjer og andeler i selskaper</b>	<b>3 400</b>	<b>3 400</b>	<b>3 400</b>	<b>3 400</b>	<b>13 600</b>

**4. Utlån av egne midler**

Beløp i 1000

	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan Sum 2021-2024
<b>Sum 2B</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Betalingsattsar og gebyr

Gebysattsar gjeldande frå 01.01.2021, jf. vedtak om gebyr, avgifter og brukarbetaling.

### Grunnskule og barnehage

	Pris 2020	Pris 2021	Vekst 20 til 21
Barnehageplass, heil plass (kr/mnd)	3 135	3 230	3 %
Barnehageplass, 4 dagar (kr/mnd)	2 590	2 670	3 %
Barnehageplass, 3 dagar (kr/mnd)	2 230	2 300	3 %
Barnehageplass, halv plass (kr/mnd)	1 760	1 815	3 %
Kjøp av einskilddagar (kr/dag)	385	400	4 %
Kostdøgn	465	480	3 %
Ordinær SFO-plass, 5 dagar (kr/mnd)	2 230	2 300	3 %
Ordinær SFO-plass, 3 dagar (kr/mnd)	1 560	1 610	3 %
Utvida SFO-plass, 5 dagar (kr/mnd)	2 970	3 060	3 %
Utvida SFO-plass, 3 dagar (kr/mnd)	2 040	2 100	3 %

### Helse og omsorg

	Pris 2020	Pris 2021	Vekst 20 til 21
<b>Institusjonsopphald: Inntil 75% av grunnbeløpet i folketrygda og inntil 85 % av inntekter ut over grunnbeløpet</b>			
Maks betaling sjukeheim (kr/mnd)	64 000	68 000	6 %
Dagopphald/nattopphald i institusjon (statleg sats) (kr/dag)	90	95	6 %
Dagtilbod, aktivisering (kr/dag)	155	160	3 %
Korttidsopphald (statleg sats) (kr/dag)	170	175	3 %
<b>Heimehjelp, timesats (Brukar betaler timesats eller månadsbeløp/abonnement avhengig av omfang, ut i frå kva som er mest føremålstenleg for brukar)</b>			
Heimehjelp, timesats	377	388	2,9 %
Heimehjelp/husmorvikar < 2G (statleg sats) (kr/mnd)	210	215	2,4 %
Heimehjelp/husmorvikar inntil 3 G, (kr/mnd)	1 030	1 060	3 %
Heimehjelp/husmorvikar inntil 4 G (kr/mnd)	1 850	1 900	3 %
Heimehjelp/husmorvikar inntil 5 G (kr/mnd)	2 580	2 660	3 %
Heimehjelp/husmorvikar inntil 6 G (kr/mnd)	3 300	3 400	3 %
Heimehjelp/husmorvikar over 6 G (kr/mnd)	4 000	4 120	3 %
Dagsats husmorvikar 0-2 G (statleg sats)	210	215	2,4 %
Dagsats husmorvikar 2-3 G	665	685	3 %
Dagsats husmorvikar 3-4 G	865	890	3 %
Dagsats husmorvikar 4-5 G	1 080	1 110	3 %
Dagsats husmorvikar 5-6 G	1 290	1 330	3 %

## Økonomiplan for 2021-2024

Dagsats husmorvikar over 6 G	1 400	1 440	3 %
<b>Andre gebyr</b>			
Tryggleiksalarm (kr/mnd)	350	360	3 %
Omsorgsteknologi (kr/mnd)	360	370	3 %
Montering e-lås (kr per montering)	820	845	3 %
Utkøyring av hjelpemiddel (kr per hjelpemiddel)	100	110	10 %
Middag til heimebuande (kr/eining)	94	96	2 %
Graut til heimebuande(kr/eining)	49	52	6 %
Lunch Granvin (kr/eining)	30	31	3 %
Frukost/kvelds Granvin (kr/eining)	50	52	4 %
Full pensjon ved institusjon (Sør/Nord) (kr/eining)	160	165	3 %

Eigenbetaling inntil fribeløp gjeld for fastlege- og fysioterapitenester. Sjå: [Informasjon frå Helsenorge](#)

### Kultur og fritid

	Pris 2020	Pris 2021	Vekst 20 til 21
1. Kulturskule , einskildelevar (kr/skuleår)	3 865	3 865	0 %
2. Kulturskule , instrumentleige (kr/skuleår)	520	520	0 %
3. Kulturskule , gruppeundervisning (kr/skuleår)	2 130	2 130	0 %
4. Kulturskule , biletekunst (kr/skuleår)	3 400	3 400	0 %
5. Kulturskule , materialpengar (kr/skuleår)	650	650	0 %
6. Kulturskule , dans (kr/skuleår)	2 850	2 850	0 %
7. Årleg tilsynsavgift salgsstader tobakkvarer, faste	4 500	4 700	4,4 %
8. Årleg tilsynsavgift salgsstader tobakkvarer, mellombels	1 200	1 250	4,2 %

### Teknisk \*

	Pris 2020	Pris 2021	Vekst 20 til 21
Byggesak - einebustad	14 776	14 037	-5 %
Oppmåling 0-500 m2	11 621	12 202	5 %
Plangebyr - enklaste plansak	28 147	28 991	3 %
Renovasjon 1)			
Feie- og tilsynsavgift pr pipeløp	509	509	0 %
Fresing av blanksot	1 200	1236	3 %
Septik slamavskiljar til og med 4 m3	1200	1 560	30 %
Septik slamavskiljar frå 4 m3 til og med 6 m3	1708	2 220	30 %
Septik slamavskiljar frå 6 m3 til og med 10 m3	2 184	2 840	30 %
Septik slamavskiljar frå 10 m3 etter pris pr m3	424	550	30 %

## Økonomiplan for 2021-2024

Septik tette tankar	5 400	7 020	30 %
Septik minirensanlegg der rejektivatn ikkje skal førast attende	3 900	5 070	30 %
Vatn fastledd heilårsbustad	564	564	0 %
Vatn fastledd fritidsbustad	846	846	0 %
Vatn forbruksgebyr pr målt m3 eller stipulert	14,32	14,32	0 %
Tilknytingsavgift vatn heilårs-/fritidsbustad trinn 1 (0 - 150 m2 BRA)	14 500	10 000	-31 %
Tilknytingsavgift vatn heilårs-/fritidsbustad trinn 2 (151 - 250 m2 BRA)	22 000	13 000	-41 %
Tilknytingsavgift vatn heilårs-/fritidsbustad trinn 3 (251 m2 BRA og oppover)	22 000	18 000	-18 %
Avløp fastledd heilårsbustad	795	755	-5 %
Avløp fastledd fritidsbustad	1193	1133	-5 %
Avløp forbruksgebyr pr målt m3 eller stipulert	20,57	19,54	-5 %
Tilknytingsavgift avløp heilårs-/fritidsbustad trinn 1 (0 - 150 m2 BRA)	14 500	10 000	-31 %
Tilknytingsavgift avløp heilårs-/fritidsbustad trinn 2 (151 - 250 m2 BRA)	22 000	13 000	-41 %
Tilknytingsavgift avløp heilårs-/fritidsbustad trinn 3 (251 m2 BRA og oppover)	22 000	18 000	-18 %
Landingsavgift pr landing	128	132	3 %
Landingsavgift årskort	2 466	2 540	3 %
Landingsavgift fast avgift fallskjermklubben	36 928	38 036	3 %
Landingsavgift fast avgift helikopter 2)	15 000	19 000	27 %

### \* Prisar eks mva

- 
- 1) Felles i IHM-området, etter tilråding frå representantskapet i Indre Hordaland Miljøverk IKS.
  - 2) Landingsavgift helikopter sist justert i 2010 (endring i KPI i heile perioden = 27%).

## Plan til handling - satsingsområde

Planlegging inneber å setja mål for kommunen, og å skildra kva endringar og tiltak som må gjerast for å nå måla. Dei strategiske planane i ein kommune vil som hovudregel vera politisk vedtekne, og planlegging handlar difor i stor grad om politikk. Gjennom å laga og vedta strategiske planar set folkevalde retninga for kommunen på kort og lang sikt. Innbyggjarar og andre aktørar vert inviterte til å medverka i planarbeidet og setja mål for utviklinga. Kommunen må også ta omsyn til regionale planar og nasjonale forventningar.

Ei forenkla hierarkisk framstilling av dei ulike planane i kommunen er vist i figuren under.



Voss herad sin visjon og verdiane våre gjev retning for korleis me skal utvikla kommunen. Dette skal liggja til grunn for korleis me jobbar med ulike arbeidsprosessar, korleis me formar planane våre og korleis me styrer etter dei.

Visjonen vår om å vera **eit sterkt regionsenter med levande bygder**, vert fastsett i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Visjonen vert fylgt opp med tre satsingsområde: **«Attraktive Voss – bygd for sterke opplevingar»**, **«innovative Voss – med røter og vengjer»** og **«inkluderande Voss – bygd for alle»**. Arbeidet vårt skal byggja på FN sine berekraftsmål. FN sine berekraftsmål er her framstilt i ein pyramide der dei ulike nivåa vert integrert i kvarandre og «alt heng saman med alt». Mål og delmål fastlagt i samfunnsdelen vil liggja på ulike nivå men arbeidet med å prioritera innsats og oppgåver i åra som kjem vil kunna verta meir intuitiv gjennom å nytta pyramiden som arbeidsverktøy.



Kva utfordringar og moglegheiter kommunen har i dag og vil ha framover vil avgjera kva som må prioriterast framover. Det gjeld å planlegga der utviklinga kan styrast og samstundes vera budd på dei moglegheiter og utfordringar som måtte komma. Generelt ynskjer rådmannen ei meir samla og tverrfagleg satsing i kommunen. Ei utvikling der me alle dreg i same retning for å nå felles mål.

Dei fire neste åra vil Voss herad retta planarbeidet i retning av å løysa tre hovudutfordringar:

6. Klima og klimatilpassing - Klimaendringar er ei av dei største utfordringane verda står overfor og råkar alle samfunnsområde. Sjølv om utfordringar knytt til klima er globale, er det ei utfordring med store lokale konsekvensar.
7. Vossingane - Barn, unge og gamle er dei store brukarane av kommunale tenester. Folketalet på Voss aukar, men venta auke i åra som kjem er hovudsakleg i dei eldste aldersgruppene og det blir relativt færre personar i arbeidsdyktig alder framover. Dette kan skapa utfordringar med finansiering av tenestene, samt rekruttering og riktig kompetanse til framtidens næringsliv.
8. Utanforskning - I ei tid der me aldri tidlegare har sett meir openheit, toleranse og inkludering, ser me òg motsetningar, utanforskning og hat. Også hjå oss ser me tendensar til at skilnader vert større. Relevant planlegging for å møte «utanforskning» vil kunna vera knytt til førebygging, tidleg innsats, kultur – og lagslivet si rolle, etc.

Utkast til planstrategi ([Høyring planstrategi](#)) vart sendt på høyring 20. oktober 2020, og vil verta endeleg vedteken innan årsskiftet. Her ligg føringar for kva planarbeid som skal realiserast 2020 – 2023, knytt til dei tre hovudutfordringane/ satsingsområda over.

Kommunen har ei viktig rolle som samfunnsutviklar, men også som tenesteytar og arbeidsgjevar. Nokre satsingsområde er difor meir internt retta. Den raude tråden med berekraft og berekraftsmåla er likevel noko som går igjen på alle område. Interne innsatsområde og planoppgåver i kommande økonomiplansperiode er:

### Økonomi

Økonomisk berekraft og handlingsrom er avgjerande for å halde på, og vidareutvikla tenestetilbodet til kommunen sine innbyggjarar. Stabilitet og føreseieleg økonomiske politikk gir god kvalitet i tenestene, nøgde brukarar, innbyggjarar og tilsette.

Voss og Granvin har hatt ein robust økonomi i fleire år, men åra 2018 og 2019 har vore utfordrande for Voss kommune då driftstutgiftene har auka betydeleg, samtidig som sentrale inntekter har vore ganske stabile. For å skapa økonomisk handlingsrom og berekraftig økonomi er det naudsynt å jobba med:

- Å redusera utgifter ved å effektivisera, endra struktur og endra kvalitet
- Effektivisering og forenkling av arbeidsprosessar - tenesteinnovasjon
- Å prioritera meir mellom tenester
- Langsiktig planlegging for å få gode resultat på måltal
- God økonomistyring og budsjett disiplin

God økonomistyring vil bidra til eit godt driftsresultat, og til å halda eit godt økonomisk handlingsrom for Voss herad. Dette er ein føresetnad for å bygga opp eit godt tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar. Handlingsreglane for økonomistyring går ut på at tenesteområda skal styra innafor vedtatt budsjettamme og at negative avvik ikkje er akseptert. Det er også sett i gang eit omfattande omstillingsprosjekt, iPlus 2023. Dette prosjektet skal føra oss til eit positivt driftsresultat på 1,75 % ved slutten av 2023.

### Innovasjon og digitalisering

Innovasjon og digitalisering er viktige område å meistra for å møte utfordringar framover. Innovasjon kan definerast som å skapa verdi på nye måtar. Me treng å skapa meir verdi når ressursane er knappe og krava høge. For at kommunen skal fortsetta å levera tenester av god kvalitet, må arbeidet med systematisk tenesteinnovasjon vidareførast og styrkast. Gjennom målretta satsing på effektive arbeidsprosessar, teknologi og digitalisering skal kommunen sikra ei god og fremtidsretta teneste- og samfunnsutvikling.

Det skal utarbeidast strategiar for Voss herad sitt utviklings-, innovasjons – og kompetansearbeid.

Det skal mellom anna utarbeidast ein digitaliseringsstrategi med handlingsplan. Voss herad satsar på det digitale samarbeidet som er oppretta på mange område mellom kommunane i Hordaland. Det vert lagt opp til ein utstrakt delingskultur. På den måten vert ikkje Voss herad ståande aleine i arbeidet med å kartlegga, forbetra og digitalisera arbeidsprosessar, noko som berre vert viktigare i perioden framover.

### Voss herad som arbeidsgjevar

Voss herad skal vera ein attraktiv og god arbeidsplass. Me skal ha tilsette og leiarar som tenkjer nytt og klarar å gjennomføra endringar. For å få til dette må me ha ein organisasjon med høgt meistringsklima og kultur for kontinuerleg forbetring.

Organisatoriske målsetjingar og satsingsområde for Voss herad:

### Tillitsskapande organisasjon med høg måloppnåing

Det å vera ein tillitsskapande organisasjon er ei viktig målsetjing for Voss herad. Tillitsskapande arbeid mellom administrasjon og folkevalde og mellom kommune og innbyggjarar vil gi positive ringverknader. Det skal mellom anna utarbeidast plan for forankring av nye etiske retningslinjer i heile organisasjonen. Det å ha ein høg etisk standard betyr at dei etiske retningslinjene vert brukt aktivt i alt arbeid.

## **Evne og kapasitet til strategisk leing og styring**

Stabane i Voss herad er organisert på ein ny måte i høve til slik det var i Granvin herad og Voss kommune. Ei viktig satsing i perioden vert å byggja dei nye stabane for å sikra rett kompetanse, ressursar og dimensjonering for effektiv ressursbruk og tilstrekkeleg leiarstøtte til linjeorganisasjonen. Det vil verta arbeid for å byggja felles kultur og identitet for medarbeidarane som både kjem frå ulike delar av linjeorganisasjonen og frå begge dei gamle kommunane.

### **Organisering etter målgrupper**

- Effektiv og kvalitativ tenesteyting med god brukarinnsikt
- Effektiv, tilgjengeleg og rettvis forvaltning
- Voss herad har ei heilskapleg og koordinert areal-, samfunns- og tenesteutvikling som legg vekt på gode arbeidsprosessar på tvers av fag- og tenestemråda.

Det skal utviklast ein framtidsretta styringsmodell for å sikra at måla til Voss herad vert nådd, og at internkontrollen er systematisk og tilpassa storleiken, eigenarten, aktivitetane og risikoforholda.

### **Pålitelege og med høg gjennomføringskondis, og kommunikasjon prega av openheit, gjennomsiktighet og klart språk**

Ei viktig satsing vert å byggja ein kultur som set alle tilsette i Voss herad i stand til å bruka klart språk i all kommunikasjon med tenestemottakarar og innbyggjarar. Dette gjeld tekstar på nett og i sosiale media, svarbrev frå kommunale tenester og i kommunikasjonen med omverda elles.

### **Skapande og inkluderande arbeidsgjevar med myndiggjorte leiarar og medarbeidarar**

Me vil utvikla ein leiaridentitet som sikrar utvikling av motiverande leiarar. Arbeidsgjevarpolitikken skal vidareutviklast. Det skal vera ein raud tråd i arbeidet med leiar- og medarbeidarutvikling. Medarbeidarundersøkinga 10-Faktor er eit verktøy i arbeidet med å utvikla godt leiarskap og medarbeidarskap.

### **Arbeidsmiljø prega av motivasjon, arbeidsglede og «me»-kultur**

Ei viktig satsing i perioden framover vert å byggja ein ny, god og felles organisasjonskultur for alle tilsette i Voss herad. Det må jobbast på mange plan for å skapa ein kultur som gjev ei kjensle av dette er «me» i Voss herad. Kulturen skal leggja til rette for ein innovativ og endringsdyktig organisasjon. Det skal vera rom for å gjera feil, og samstundes gode system for å læra av feila, det vil seia ein god kultur for kontinuerleg forbetring.

### **Sjukefråvær**

Kommunen har eit mål om at sjukefråværsprosenten skal reduserast med 10% samanlikna med årsgjennomsnittet for 2018 innan 2022 (IA avtalen). Det vil seia eit sjukefråvær på 7,2% i 2022.

Voss herad skal satsa på arbeid for å redusera sjukefråvær. Konkret skal arbeidsmiljøgruppene jobba med risikovurdering knytt til fråvær, sjå på trendar og om fråvær kan skuldast forhold på arbeidsplassen. Det skal årleg gjevast internopplæring i sjukefråværsarbeid til leiarane.

### **Lærlingar**

Landstinget i KS anbefalte i 2016 kommunane om å etablere fleire læreplassar i kommunal sektor til minst 2 per 1000 innbyggjarar. Voss herad ligg eit stykke bak dette målet. I snitt hadde kommunane i landet 1,43 lærlingar per 1000 innbyggjarar i februar 2018. Voss kommune hadde på same tid 12 lærlingar, og det vil seia i underkant av 1 per 1000 innbyggjarar.

Voss herad har som mål å auka talet på læreplassar i løpet av perioden.

## Hovudtal i budsjettforslaget

Skildring av sentrale inntekter (rammetilskot, skatteinntekter, eigedomsskatt), finans og andre føresetnader.

### Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2019	Oppr. bud. i fjor 2020	Rev. bud. i fjor 2020	Rev. Årsprognose bud. 2021	Årsprognose 2020	Økonomiplan			
						2021	2022	2023	2024
Skatt på inntekt og formue	-438 463	-439 130	-428 230	-451 000	0	-451 000	-457 639	-468 869	-480 380
Ordinært rammetilskudd	-498 836	-525 413	-549 022	-530 365	0	-530 365	-525 865	-524 865	-524 865
Skatt på eiendom	-62 585	-67 672	-69 572	-63 550	0	-63 550	-63 550	-63 550	-63 550
Andre direkte eller indirekte skatter	-19 453	-18 030	-18 030	-18 630	0	-18 630	-18 630	-18 630	-18 630
Andre generelle statstilskudd	-36 079	-55 901	-54 875	-28 193	0	-28 193	-26 493	-27 093	-27 093
<b>Sum sentrale inntekter</b>	<b>-1 055 417</b>	<b>-1 106 146</b>	<b>-1 119 729</b>	<b>-1 091 738</b>	<b>0</b>	<b>-1 091 738</b>	<b>-1 092 177</b>	<b>-1 103 007</b>	<b>-1 114 518</b>

### Frie inntekter

Kommunen sine frie inntekter består av skatt og rammetilskot, og er kommunen sine største inntektskjelder. Skatt på formue og inntekt, og rammetilskotet som kjem frå staten er budsjettert med utgangspunkt i statsbudsjettet som kom i oktober. I tillegg er informasjon frå KS, lokale forutsetningar og koronasituasjonen teke med i vurderinga av nivå på skatteinntektene. Det er usikkerheit knytt til inntektsnivået i 2021, då me ikkje veit kva konsekvensane av koronautbrotet vert til neste år.


Skatt på inntekt og formue kjem i hovudsak frå privatpersonar i kommunen. Nokon av innbyggjarane våre er råka økonomisk av koronapandemien, ved at dei er blitt arbeidsledige eller har fått redusert løn som følgje av redusert omsetnad i firma eller dei er permittert. Dette kan få effekt også i 2021, og kanskje lenger ut i perioden. Nivået på skatteinntektene for 2021 er lagt på eit lågare nivå enn det som er lagt til grunn i statsbudsjettet. Deflator (løns- og prisvekst) er sett til 2,7%, der lønsvekstanslaget ligg på 2,2%.

Eigedomsskatt vert berekna ved å gange verdigrunnlaget for eigedommen med promillesatsen som kommunen legg til grunn. Voss herad vil gå over til å nytta Skatteetaten sitt formuesgrunnlag som verdigrunnlag for eigedomsskatt frå 2021. Denne ligg generelt høgre enn det takserte verdigrunnlaget som kommunen nytta før 2021 for bustader og fritidsbustader, og vil sei at eigedomsskatten vil auke ved bruk av same promille. For å unngå dette, må promillen justerast ned. I rammene for økonomiplan og budsjett 2021-2024, er det lagt til grunn at inntekter frå eigedomsskatt skal vera omtrent på same nivå som budsjett 2020, med unntak av eigedomsskatt frå kraftverk. Denne er venta å gå noko opp i 2021.


Andre direkte skattar er naturressursskatt og konsesjonsavgifter. Inntekter frå sal av konsesjonskraft er redusert med omtrent 7 millionar kr, dette grunna reduksjon i kraftprisane, og difor ein forventning om lågare salssum. Andre generelle statstilskot er i hovudsak integreringstilskot for flyktingar. Nivået på tilskot til flyktingar vert sterkt påverka av tal flyktingar me mottek for busetjing og integrering. Det er utfordrande å laga gode prognosar på utviklinga, men det er venta at tilskotet går ned i planperioden. I budsjettet for 2021 ligg integreringstilskotet omtrent 2,7 mill lågare enn i budsjettet for 2020.

Figuren nedenfor gjer ein oversikt over kor inntektene til kommunen kjem i frå. Dei frie inntektene utgjer den største delen av inntektene.

## Fordeling av Voss herad sine inntekter (budsjett 2021)



Skatt- og rammetilskot vert auka opp kvart år, men trenden dei siste åra har vore at auka i frie inntekter vert redusert for kvart år. Grafen nedanfor syner utviklinga i Voss pluss Granvin sine frie inntekter til og med 2019, og i Voss herad frå 2020, der tala representerer endringa frå førre år. I 2020 er det venta ei auke i frie inntekter på 39 mill. kr i høve 2019. Skatteinntektene har auka med mellom 20-25 millionar kvart år, med unntak av 2020. Korleis utviklinga vil vere frå 2020 til 2021 er usikker, da det ikkje er klart kor mykje effekt korona vil ha på skatteinngangen til neste år. Grafen tek utgangspunkt i rekneskap fram til 2019, og forventa nivå i 2020 og 2021 som ligg i budsjett. Reduksjonen i 2021 er grunna auka i rammetilskot som kom i samband med koronakrisa i 2020, og som ikkje vert vidareført i 2021.



## Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2019	Oppr. bud. i fjor 2020	Rev. bud. i fjor 2020	Rev. bud. 2021	Økonomiplan			
					2021	2022	2023	2024
Renteinntekter og utbytte	-27 511	-23 936	-23 936	-18 509	-20 180	-19 680	-21 320	-21 320
Renteutgifter, prov. og andre fin.utgifter	24 840	27 689	27 689	17 534	17 534	18 185	18 745	19 576
Avdrag på lån	52 990	53 620	53 620	51 687	51 687	53 422	54 918	57 133
<b>Netto finansinntekter/finansutgifter</b>	<b>50 319</b>	<b>57 373</b>	<b>57 373</b>	<b>50 713</b>	<b>49 042</b>	<b>51 928</b>	<b>52 344</b>	<b>55 390</b>
Finansutgifter i tenesteområda	472	-100	-100	350	2 021	2 021	2 021	2 021
<b>Totale finansutgifter</b>	<b>50 791</b>	<b>57 273</b>	<b>57 273</b>	<b>51 063</b>	<b>51 063</b>	<b>53 949</b>	<b>54 365</b>	<b>57 411</b>

Finansutgifter og -inntekter er justert etter prognosar med eit generelt lågare rentenivå enn det som var lagt til grunn i budsjett 2020. Prognosar er basert på rentekurve for åra framover. Finansinntektene gjeld i hovudsak utbytte frå Voss energi og BKK, samt renteinntekter på lån. Alle desse postane er usikre for perioden.

Finansutgiftene kjem frå renter og avdrag frå låneportefølja. Avdrag er rekna som 4 prosent av heradet si lånegjeld. Avdrag er rerekna for låneportefylgja totalt sett, og gjenspeglar det årlege kapitalslitet i heradet sine lånefinansierte anleggsmiddel. Kommunen kan avgjere kor mykje som skal betalast i avdrag så fram det er over minimumsnivå frå [Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett m.m](#) og [Kommuneloven § 14-18](#). Det er budsjettert for eit lågare nivå på avdrag enn tidlegare praksis, men likevel over minimumsnivå. Utgifter frå framtidige lån er rekna med i dei framtidige utgiftene, og er det er tatt omsyn til dei investeringane som ligg i økonomiplanen i dag. Opptak av dei nye låna påverkar framtidig drift i mange år, då som eit resultat av ei auke i renteutgifter og avdrag.

Dagens lånerente er historisk låg, og på nye flytande lån kan ei rekne ei lånerente på 0,5 %. Med dette rentenivået får heradet ein auke i årleg rentekostnad på 5 000 kr dersom ein aukar belåninga med 1 000.000 kr.

For Voss herad sin del vil ein auke i lån på 1 000 000 gje eit auka avdrag på om lag 40 000 kr.

## Oversikt over gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar

Jf. [Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett m.m](#) skal kommunen vise oversikt over utviklinga i gjeld og vesentlege forpliktingar for perioden. For Voss herad utgjør dette i hovudsak lån og pensjonsforpliktingar.

	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Lånegjeld IB</b>	1 351 170 603	1 358 550 603	1 399 363 603	1 508 396 603	1 589 118 603
<b>Avdrag</b>	53 620 000	51 687 000	53 422 000	54 918 000	57 133 000
<b>Låneopptak</b>	61 000 000	92 500 000	162 455 000	135 640 000	78 640 000
<b>Lånegjeld UB</b>	1 358 550 603	1 399 363 603	1 508 396 603	1 589 118 603	1 610 625 603
<b>Startlån IB</b>	241 801 394	255 801 394	269 601 394	283 401 394	297 201 394
<b>Avdrag</b>	9 000 000	11 200 000	11 200 000	11 200 000	11 200 000
<b>Låneopptak</b>	23 000 000	25 000 000	25 000 000	25 000 000	25 000 000
<b>Startlån UB</b>	255 801 394	269 601 394	283 401 394	297 201 394	311 001 394

Pensjonsforpliktinga skal spegla det økonomiske ansvaret kommunen har påtatt seg på berekningstidspunktet for kvar enkelt tilsett som er med i pensjonsordninga. Voss herad har ei samla pensjonsforplikting på 1 727 000 000 kr ved inngangen av 2020. Forpliktinga er venta å auke i åra som kjem.

Økonomiplan for 2021-2024

Voss kommunestyre vedtok 10.12.2015 at kommunen ved Kraftfondet løyver 5 mill.kr i tilskot og 15 mill.kr i lån til Voss Gondol AS. Det skal utbetalast 500 000 kr i tilskot og 1,5 mill.kr i lån årleg til og med 2025. Lånet skal betalast tilbake over 10 år med 2026 som fyrste år.

Følgjande garantiar er gitt av kommunen:

<b>NOTE Garantier gitt av kommunen – nedkvittert per 31.12</b>			
Garanti gitt til	Opprinnelig garanti	Garantibeløp 2019	Garantien utløper
Voss bustadstifting	6 758 315	2 883 270	15.07.2031
Voss bustadstifting	2 000 000	1 714 320	05.11.2043
Voss parkering	66 000 000	59 400 000	05.05.2042
Lag og foreninger @			
Med hjemmel i sosiallovgivningen @			
<b>Sum garantier</b>	<b>74 758 315</b>	<b>63 997 590</b>	
Garantier for ansattes lån	Opprinnelig garanti	Garantibeløp 2019	Garantien utløper
Antall garantier			
Antall garantier			
<b>Samlet garantier ansatte</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	(Garantien utløper dersom arbeidsforholdet opphører)
Herav garanti for adm. sjefen			
Garantier kommunale regnskapsenheter og foretak KF	Opprinnelig garanti	Garantibeløp 2019	Garantien utløper
Voss kyrkejlege fellesråd	2 000 000	1 680 000	27.08.2040
Hagahaugen AS	58 517 242	47 789 040	17.03.2044
Indre Hordaland mijøverk	11 593 750	1 653 750	29.07.2022
Samlet garanti	72 110 992	51 122 790	

## Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar

Beløp i 1000

	Regnskap 2019	Oppr. bud. i fjor 2020	Rev. bud. i fjor 2020	Rev. bud. 2021	Økonomiplan			
					2021	2022	2023	2024
Til ubundne avsettingar	2 733	2 510	6 411	17 585	19 185	19 638	34 252	45 417
Til bundne avsettingar	7 539	16 000	16 752	6 000	6 000	6 000	6 000	6 000
Bruk av ubundne avsetingar	-671	-1 000	-1 752	0	0	0	0	0
<b>Netto avsettingar</b>	<b>9 601</b>	<b>17 510</b>	<b>21 411</b>	<b>23 585</b>	<b>25 185</b>	<b>25 638</b>	<b>40 252</b>	<b>51 417</b>
Netto avsettingar i tenesteområda	-43 804	-22 578	-30 469	-22 167	-23 767	-22 267	-21 067	-21 067
<b>Totale avsettingar</b>	<b>-34 203</b>	<b>-5 068</b>	<b>-9 058</b>	<b>1 418</b>	<b>1 418</b>	<b>3 371</b>	<b>19 185</b>	<b>30 350</b>

Disposisjonsfondet må aukast dei næraste åra for å koma opp igjen til tilrådd nivå.

Det er vidare planlagt for årleg avsetting til bunde driftsfond på 6 mill.kr, som er avsetting til Kraftfondet.

## Klimabudsjett

### Kvifor og kva vil me?

Samfunnsdelen av kommuneplanen gjev oss klare føringar på at me skal bidra til å nå berekraftsmåla. Me skal handla no for å motverka klimaendringane og konsekvensane av desse. Miljømessig berekraft krev at me gjer nokre grep slik at miljøet rundt oss kan bestå, til glede for dei som kjem etter oss. For å skapa miljømessig berekraft må me redusera klimagassutslepp, tilpassa oss endringar i klimaet, reisa annleis, bruka areala våre på ein betre måte og verna om naturressursane.

Som del av Parisavtalen har Noreg forplikta seg til å redusera direkte klimagassutslepp med minst 50 % innan 2030, samanlikna med 1990-nivå. Gjennom Klimaloven er det i tillegg lovfesta eit mål om at Noreg skal vera eit lågutsleppsamfunn innan 2050. Det betyr at klimagassutsleppa skal vera redusert med 80-95 % i 2050, samanlikna med 1990.

Fylkestinget vedtok i 2014 av Hordaland skulle redusera utslepp av klimagassar med 40 % innan 2030 i høve 1991.

FN sine berekraftsmål utgjer dei overordna måla for Voss herad.



I samfunnsdelen av kommuneplanen er det fastsett ulike mål som omhandlar klima.

### Hovudmål

Stoppa menneskeskapte klimaendringar innan 2030

### Delmål

- Me skal styrkja evna til å stå imot, og tilpassa oss klimarelatert fare og naturkatastrofar (13.1).
- Me skal innarbeida tiltak mot klimaendringar i heradet sin politikk, strategiar og planlegging (13.2).
- Me skal styrkja alle, innbyggjarar og institusjonar, si evne til å motverka, tilpassa seg og redusera konsekvensane av klimaendringar og deira evne til tidleg varsling, samt styrka kunnskap og bevisstgjerig kring dette (13.3).
- Næringsutvikling i Voss herad skal byggja på berekraftig ressursforvaltning.
- Me vil arbeida for at Voss og Hardanger er eit grønt reisemål i framtida.


## Kva er eit klimabudsjett?

Eit klimabudsjett er som eit vanlig økonomibudsjett, men det vert rekna på CO<sub>2</sub>-ekvivalenter i staden for (eller i tillegg til) kostnader for tiltak. Klimabudsjettet kan vera ein del av budsjett/økonomiplan og integrert i kommunebudsjettet. Klimabudsjettet kan bestå av nasjonale, regionale og lokale tiltak.

Sjå også: [Oslo sin video, klimabudsjett for dummies](#)

## Dagens situasjon

Utsleppstatistikk frå Miljødirektoratet gjev eit bilete på kva som er dei største utfordringane i kommunen med klimagassutslepp i kommunen som heilskap. Under er ei oversikt over dei sektorar som har størst CO<sub>2</sub> utslepp.



Dei største utsleppa i Voss herad kjem frå vegtrafikk, jordbruk og anna mobil forbrenning.

- Vegtrafikk: I hovudsak bygger modellen på 4 detaljerte datasett som dekkjer det meste av tilgjengelig informasjon om vegtrafikken i Norge, og bereknar utslepp frå vegtrafikk i heile kommunen.
- Jordbruk: Utsleppene er berekna av SSB. Utsleppa er knytt til biologiske prosessar i husdyra, gjødsel og dyringsjorda som fører til at metan og lystgass vert laga.
- Anna mobil forbrenning: Sektoren omfattar utslepp frå snøscooter og dieseldrevne motorreiskaper (avgiftsfri diesel), der anleggsmaskiner og traktorar utgjer dei største utslippkjeldene.

I 2005 vart det berekna eit samla klimagassutslepp innanfor kommunegrensene på 95 000 tonn CO<sub>2</sub> ekvivalentar. 40 prosent kutt i dette utsleppet inneberer ein reduksjon på 38 000 tonn CO<sub>2</sub> ekvivalentar lokalt i 2030.

## Arbeidet med klimabudsjett i Voss herad

Klimabudsjettet skal vera eit styringsverktøy som mellom anna syner samanhengen mellom dei klimatiltaka heradet arbeider med, kostnadene knytt til desse tiltaka – og kva klimaeffektar/ gevinstar det er venta at me skal få.

Tidligare år har klimamidlar vorte fordelt etter ulike fokusområde med tilhøyrande tiltak - rangert og vurdert i Voss kommune sin energi- og klimaplan (2018 – 2021) etter følgjande kriteria:

- Har tiltaket klimaeffekt og kva for reduksjonspotensial kan det ha?

## Økonomiplan for 2021-2024

- Kostnad
- Tidshorisont

Kvantifisering av reduksjon i CO<sub>2</sub>- ekvivalenter har tidligare ikkje inngått i arbeidet, men vil verta del av Voss herad sitt klimabudsjett frå 2022 av.

I 2021 vil arbeidet med klimabudsjett – og rekneskap konsentrerast om fylgjande:

- Fastsetja klimamål for Voss herad – fordelt på sektorane vegtrafikk, jordbruk, anna mobil forbrenning og oppvarming
- Konkretisera relevante tiltak – kostnader, klimaeffekter og tidsperspektiv knytt til desse
- Fordela kommunale midlar til klimatiltak 2021 i samsvar med oppdatert status i Energi og klimaplan for Voss kommune

Jf. planstrategi for Voss herad skal det lagast ein kommunedelplan for Klima og klimatilpassing. Kommunedelplanen vil ta utgangspunkt i arbeidet Vestland fylkeskommune startar opp med regional klimaplan, og klima- og energiplan for tidlegare Voss kommune

Arbeidet med kommunedelplanen og handlingsplan for reduksjon av klimautslepp vil gje direkte input til klimabudsjettet. Klimabudsjettet vil difor vidareutviklast og forbetrast dei neste åra.

### Økonomisk budsjett 2021

Det er budsjettert med ein klimapott på 500 000 kr til lokale klimatiltak i kommunal regi, i tillegg til 415 000 kr til klimatiltak som kan vera støtte til andre.

I tillegg til kommunale klimamidlar vil heradet søkja om eksterne midlar hjå Miljødirektoratet (klimasatsmidlar), klimamidlar hjå fylkeskommunen og eventuelt skjønnsmidlar hjå Fylkesmannen.

Aktuelle tiltak for 2021 er lagt fram med bakgrunn i gjeldande klima- og energiplan. Bruk av midlar skal vedtakast av Utval for klima og miljø, og lista under er rettleiande:

<b>Tiltak</b>	<b>Lokale klimamidlar</b>
Energieffektivisering kommunal bygningsmasse	100 000
Bærekraftig reiseliv, tilskot	50 000
Miljøsertifisering av verksemder bærekraft. reiseliv	50 000
Sharebike, driftsutgifter	150 000
Turistrute El-buss	50 000
Etablere ladepunkt, El-bil	25 000
Fossilfrie kommunale køyretøy	
Tilskot innkjøp El-sykkel	50 000
Gratis repr. sykkel	25 000
Regenerativt landbruk	50 000
Kartleggings- og planarbeid	220 000
Matsvinn - matsentral	150 000
Biogass, oppfølging	50 000
Miljøfyrtårn, Voss herad	30 000
Sum	1 000 000

## Investeringar i økonomiplanen

Investeringane i økonomiplan og budsjett 2021-2024 bygger på tiltak som vart vedtatt i økonomiplan og budsjett for 2020-2023. Det vil si at tiltaka som låg i denne planen er vurdert og revidert ut ifrå ny informasjon. I tillegg er det lagt inn nye investeringstiltak.

Summen av alle investeringstiltaka som ligg i økonomiplanen for 2021-2023 er høg, og finansieringsbehovet ligg derfor langt over låneramma for dei komande tre åra. Fylkesmannen har tilrådd ei låneramme på maks. 24 mill.kr årleg for Voss herad, og lån utover den generelle låneramma bør anten vera avgiftsfinansiert, eller sjølvfinansierande på anna vis. Dette betyr at nivået på investeringskostnadene som ligg til grunn no, ikkje er økonomisk berekraftig. Investeringstiltaka må derfor vurderast med fokus på kva som kan vere ønsketiltak, og kva som kan skyvast fram i tid.

I tillegg til investeringar i varige driftsmidlar, har kommunen finansieringsbehov relatert til startlån, og eigenkapitalinnskot. Voss herad tar opp lån frå Husbanken til vidare utlån, slik at innbyggjarar som trenger det, kan ta opp startlån gjennom kommunen til finansiering av eigen bustad. Eigenkapitalinnskot til KLP er ein årleg investeringspost, der kommunen må inn med kapital som eigar i ordninga. Dette er finansiert ved bruk av eige disposisjonsfond.

Tabellane nedanfor gjer oversikt over alle investeringstiltak som er prioritert i planperioden, kva tenesteområde dei høyrer inn under, og kva tiltak som er sjølvkostinvesteringar. Beløpa er oppgitt i brutto.

### **Investeringstiltak med førebels ukjent beløp, og difor ikkje med i tabellane nedanfor er:**

- Sørvisbygg utebassenget - Vossabadet: Vossabadet har siste åra drifta utebassenget. Teknisk anlegg er identisk med anlegg på symjebassenget i idrettsfløyen på ungdomsskulen. Anlegget er nedslitt og vil verta fjerna med idrettsfløyen. Viss utebassenget skal halda fram, må det nytt teknisk anlegg. Vossabadet har utarbeidd eit prosjekt for nytt sørvisbygg i tilknytning til utebassenget som også kan tena som offentleg toalett for aktivitetsparken og gjestande i Prestegardsmoen. Utan nytt sørvisbygg må utebassenget stenga. Vossabadet kan drifta utebassenget og sørvisbygget med personell frå Vossabadet. Utanom opningstider for utebassenget må det påreknast driftsmidlar til vask og tilsyn. Mogleighetsstudiet ungdomsskulen har vurdert moglg sambruk, teknisk rom i idrettsbygg i påvente av nytt sørvisbygg.
- Brynali 102 Politistasjonen: Utbyggingsavtalen under arbeid. Konsevens av å ikkje løyva pengar i 2022 vert at politistasjonen ikkje kan takast i bruk grunna manglande bruksløyve (rekkefølgjekrav i reguleringsplanen)
- Nyrebrua, gangbru rekkjefølgjekrav med kommunal finansiering utover 6 mill: Utbyggingsplan - heradet medfinansiering på overskytande 6 mill. Byggjestart haust 2020, kostnadskalkylen ligg om lag på denne summen (2010-kroner).

## Økonomiplan for 2021-2024

### Investeringar

Beløp i 1000

Investeringsprosjekt	Økonomiplan				Sum
	2021	2022	2023	2024	2021-24
<b>Administrasjon og leing</b>					
Felles IT anlegg	1 875	1 875	1 875	1 875	7 500
Teknisk inventar i kontorbygg, knutepunktet	1 450	0	0	0	1 450
<b>Sum Administrasjon og leing</b>	<b>3 325</b>	<b>1 875</b>	<b>1 875</b>	<b>1 875</b>	<b>8 950</b>
<b>Plan, næring og forvaltning</b>					
Flaumsikring Skielva	0	1 200	0	0	1 200
<b>Sum Plan, næring og forvaltning</b>	<b>0</b>	<b>1 200</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1 200</b>
<b>Samferdsel</b>					
Standardh.bruger (inv.)	1 875	1 875	1 875	1 875	7 500
Trafikksikring Lekvemoen kryss	2 625	0	0	0	2 625
Trafikksikringatiltak	625	625	625	625	2 500
Utbyggingsavt. Knutepunktet	0	4 444	0	0	4 444
Veginvestering/vegpakke	6 250	6 250	6 250	6 250	25 000
<b>Sum Samferdsel</b>	<b>11 375</b>	<b>13 194</b>	<b>8 750</b>	<b>8 750</b>	<b>42 069</b>
<b>Eigedom og bustad</b>					
Aktivitetspark/festivalområde	0	0	3 750	3 750	7 500
Kjøp nye bilar	500	500	500	500	2 000
Strandpromenade/stemne plass	0	2 500	2 500	2 500	7 500
Utbyggingsavt. Park	0	1 750	0	0	1 750
<b>Sum Eigedom og bustad</b>	<b>500</b>	<b>4 750</b>	<b>6 750</b>	<b>6 750</b>	<b>18 750</b>
<b>Brann og ulukkesvern</b>					
Brannstasjon Vossestrand	3 750	0	0	0	3 750
Hovudbrannstasjon	0	20 000	55 000	0	75 000
<b>Sum Brann og ulukkesvern</b>	<b>3 750</b>	<b>20 000</b>	<b>55 000</b>	<b>0</b>	<b>78 750</b>
<b>Finansielle postar/økonomi</b>					
Eigenkapitalinnskot KLP	3 400	3 400	3 400	3 400	13 600
Kommunalt kjøkken	0	0	0	0	0
<b>Sum Finansielle postar/økonomi</b>	<b>3 400</b>	<b>3 400</b>	<b>3 400</b>	<b>3 400</b>	<b>13 600</b>
<b>Grunnskule</b>					
Brannføreb. tiltak	1 250	1 250	1 250	1 250	5 000
Diverse takrehab. kommunale bygg	2 500	3 750	3 750	0	10 000
Inventar/utstyr skuler og barnehager	1 896	0	0	0	1 896
Miljøretta helsevern/større vedl. ute/inne	1 250	2 500	2 500	2 500	8 750
Rehab sanitær/toalett skular	2 500	2 500	2 500	0	7 500
Tilpass. for elevar m/særlege behov	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000
Tiltak skulebygg	22 500	0	0	0	22 500
Ungdomsskolen idrettsfløy	25 000	51 000	0	0	76 000
<b>Sum Grunnskule</b>	<b>59 396</b>	<b>63 500</b>	<b>12 500</b>	<b>6 250</b>	<b>141 646</b>
<b>Barnehage</b>					
Ny barnehage i Granvin	10 000	30 000	7 500	0	47 500
<b>Sum Barnehage</b>	<b>10 000</b>	<b>30 000</b>	<b>7 500</b>	<b>0</b>	<b>47 500</b>
<b>Omsorg</b>					
Biler helse og omsorg	800	800	800	800	3 200
Kommunalt kjøkken	32 500	10 000	0	0	42 500
Utstyr og tekniske installasjonar	750	750	750	750	3 000
Voss Sjukeheim - kommunalt kjøkken	0	10 000	0	0	10 000
<b>Sum Omsorg</b>	<b>34 050</b>	<b>21 550</b>	<b>1 550</b>	<b>1 550</b>	<b>58 700</b>
<b>Sum</b>	<b>125 796</b>	<b>159 469</b>	<b>97 325</b>	<b>28 575</b>	<b>411 164</b>

## Sjølvkostinvesteringar

Beløp i 1000

Investeringsprosjekt	Økonomiplan				Sum 2021-24
	2021	2022	2023	2024	
<b>Eigedom og bustad</b>					
14. Fornyng av bil- og maskinpark, anlegg & vedlikehald	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000
<b>Sum Eigedom og bustad</b>	<b>3 000</b>	<b>3 000</b>	<b>3 000</b>	<b>3 000</b>	<b>12 000</b>
<b>Vatn, avlaup og renovasjon</b>					
Avløpsanlegg Myrkdalen HP VA	0	25 000	27 500	37 500	90 000
Bømoen reserve vassverk	7 500	6 250	22 500	0	36 250
Hagahaugen høgdebasseng oppgradering	12 500	0	0	0	12 500
Hovudplan avlaup	3 750	3 750	3 750	3 750	15 000
Hovudplan vatn	3 750	3 750	3 750	3 750	15 000
Vassanlegg Myrkdalen HP VA	0	12 500	15 000	25 000	52 500
<b>Sum Vatn, avlaup og renovasjon</b>	<b>27 500</b>	<b>51 250</b>	<b>72 500</b>	<b>70 000</b>	<b>221 250</b>
<b>Sum</b>	<b>30 500</b>	<b>54 250</b>	<b>75 500</b>	<b>73 000</b>	<b>233 250</b>

## Sjølvfinansierande

Beløp i 1000

Investeringsprosjekt	Økonomiplan				Sum 2021-24
	2021	2022	2023	2024	
<b>Brann og ulukkesvern</b>					
Bil førebyggjande brannvern og evt feiar	500	0	0	0	500
<b>Sum Brann og ulukkesvern</b>	<b>500</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>500</b>
<b>Sum</b>	<b>500</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>500</b>

## Investeringar, forlarande tekst per tenesteområde

### Administrasjon og leing

#### Teknisk inventar i kontorbygg, knutepunktet

Innredning av IT- og teknisk utstyr i kontorbygg Knutepunktet som skal stå klart ved utgangen av 2021. Dette gjeld skjermer i samtalerom, digitalt utstyr til bruk ved videokonferanse, installering av nettverk og liknande. Kostnaden er foreløpig usikker.

### Plan, næring og forvaltning

#### Flaumsikring Skielva

Granvin herad fekk rekkjefølgjekrav om flaumsikring av Skielva før utbygging av bustadfelt. Dette vart gjennomført i samarbeid med NVE. Nå er flaumløpet fylt opp med store steinar og neste flaum kan gje større skade på husa i feltet. Total kostnad for oppreinsking er stipulert til 1,2 mill kr. NVE er kopla inn og det er søkt om midlar frå NVE.

## Samferdsel

### Standardh.brue (inv.)

Voss herad har om lag 130 bruer. Det er viktig å skifta ut nokre bruer årleg. Heradet må kvart 5.år leiga inn fagleg kompetanse for å sjekka bruer. Om farlege bruer ikkje vert retta, må vegen stengjast.

### Trafikksikring Lekvemoen kryss

I tråd med rekkefølgjekrav til Voss gymnas, skal det byggjast nytt kryss Lekvemogata/Uttrågata. Avtale om spleiselag der Voss herad går inn med 1/3 av kostnaden, stipulert til 3,3 mill.totalt.

### Trafikksikringatiltak

Heradet har fått midlar til revisjon av gjeldande trafikksikringsplan. Det er viktig at det er midlar til å gjennomføre tiltak i planen.

### Utbyggingsavt. Knutepunktet

Ferdigstilling av uteområdet er eit rekkefølgjekrav for å få bruksløyve på nytt kontorbygg knutepunktet. Voss herad har ein kommunal veg mm gjennom området. I tråd med utbyggingsavtalen (HST 18.juni) har heradet avtalt å betala eit fast utbyggingbidrag til tiltakshaver som gjennomfører arbeidet. Ferdig 2022.

### Veginvestering/vegpakke

310 km med kommunale vegar krev årlege investeringar.

## Eigedom og bustad

### Aktivitetspark/festivalområde

Spleiselag med mange aktørar. Aktivitetsparken AS har samla inn 6 mill kr. Arbeid med landskapsforming av amfi, og areal til skateområdet mm. Det vert derfor ikkje naudsynt med kommunale midlar i 2021 og 2022. Ferdigstilling er kalkulert til ytterlegare 12 mill kr.

### Kjøp nye bilar

Kjøp av bilar i ulike tenesteområde:

1. Utskifting av eldre bilar i Bygg og eigedom, utgjør 500 000 kr årleg.
2. Bil brannvern. Inngått avtale om brannvernteneste til Ulvik og Eidfjord med verknad frå 01.01.2020 medfører at førebyggjande brannvern treng bil. Investeringa er sjølvfinansierende gjennom inntekter frå Ulvik og Eidfjord-avtalen. Det er ynskjeleg at det vert kjøpt ein elbil. Avtalen gjev opning for sal av feieteneste til dei 2 kommunane.

### Strandpromenade/stemne plass

Uferdig strandpromenade etablert etter utfylling i Vangsvatnet. Planlagt ljøs og møblering manglar. Konsekvens: redusert brukskvalitet delar av året.

### Utbyggingsavt. Park

Fortettingsprosjekt i sentrum. Arealet er regulert gjennom detaljreguleringsplan for Park hotell Vossevangen p-id 2013007. Det er inngått utbyggingsavtale med utbyggjar. Det er avtalt ei kostnadsfordeling mellom Voss kommune og utbyggjar. Utbyggjar gjev Voss herad eit kontantbidrag slik at definerte tiltak i området kan gjennomførast. Voss herad skal vera ansvarleg for utbygginga. Dette er eit viktig tiltak i samband med offentlig tilrettelegging for god bustadfortetting i sentrum. Prosjektet må gjennomførast innan tidsfrist, elles vil kommunen miste kontantbidraget. Frist 2025

## **Brann og ulukkesvern**

### **Brannstasjon Vossestrand**

I budsjett 2020 er det løyvt 4,375 mill inkl mva, og leverandør er vald.

### **Hovudbrannstasjon**

Det er gjennomført kostnadskalkyle for totalenterprise for ny hovudbrannstasjon i august 2020. Dette gjeld ny plassering av brannstasjon med tillegg for 2 års prisvekst. Tomtekostnad kjem utanom.

## **Finansielle postar/økonomi**

### **Kommunalt kjøkken**

Heradstyre har gjort vedtak om å byggja to kjøken. Ny fløy på Vetleflaten, med oppstart jan 2021, og eit kjøkken på Voss sjukeheim med oppstart jan 2022 - (ombygging av dagavdeling som må finna nye lokale.) Utgift til kjøken på Voss sjukeheim ligg i eiga investering. Kostnad ennå usikker.

## **Grunnskule**

### **Brannføreb. tiltak**

Oppretting av feil og manglar etter tilsyn på bygg mm.

### **Diverse takrehab. kommunale bygg**

Behov for rehabilitering av tak på kommunale bygningar, både barnehagar, skular, bustader og anna. Det er lekkasjar, laus takstein, utdatert papp etc. Det er trong for årlege løyvingar i perioden.

### **Inventar/utstyr skuler og barnehager**

Potten er ein samlepost for alle barnehagar og grunnskular til årleg fornying av større inventar/utstyr.

### **Miljøretta helsevern/større vedl. ute/inne**

Skular og barnehagar skal godkjennast i høve miljøretta helsevern. Eldre bygg har behov for utskifting og oppgradering etter desse rundane.

### **Rehab sanitær/toalett skular**

Mange av skulane våre har gamle og utslitte toalett. Arbeid med utskifting av desse har starta opp og vert skifta ut etter prioriteringsliste.

### **Tilpass. for elevar m/særlege behov**

Det er kvart år trong for investeringsmidlar til tilpassing av skular og barnehagar for å ta imot elevar/barn med særskilte behov. Slike tiltak er ofte adhoc-oppdrag som kjem på våren utan at ein får planlagt særleg nøye då det må vera ferdig til skule/barnehagestart.

### **Tiltak skulebygg**

1. Vangen skule vert rehabilitert innanfor ei økonomisk ramme på totalt 17,5 millionar kr. Ventilasjon, ombygging og optimalisering av underetasje skal prioriterast først. Utover dette skal pengane nyttast til nytt tak og oppgradering av klasserom og gangareal slik at skulen kan bli godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern (vedtak i heradsstyret 22.10.20, handsama i sak 97/20).

2. Det blir engasjert ein arkitekt som ser korleis Skulestad skule kan byggjast om slik at den tilfredsstillar krav for personale og elevar i framtida.

### **Ungdomsskulen idrettsfløy**

Frå vedtak i heradsstyret i sak 98/20: Det vert sett i gang utbygging av Voss ungdomskule i tråd med Alternativ A og innanfor ei maksimal budsjetttramme på 82,3 millionar eks. moms. Denne prisen inkluderer oppjustering av skuleplass, etablering av grunnplan (punkt 2) og tilførte spelemidlar på 5 millionar.

Det skal etablerast eit grunnplan på 800 m2 mot idrettstorg.

Voss idrettshall skal leggjast til rette for å kunna delast i to salar. Under føresetnad av at heradsstyre følgjast rådmannen sin tilråding under punkt 1, tilrår rådmannen at garderobeanlegg og deling av speleflate i idrettshallen kjem inn på investeringsplanen til heradet.

Nytt bygg for idretten kan førast opp i «Eksperthaugen», i tråd med skisseprosjekt datert 02.10.2019 og føringar i reguleringsplanar for området.

### **Barnehage**

#### **Ny barnehage i Granvin**

Vedtak om å byggja ny barnehage i Granvin. Heradsstyret har valt Bygdatunet som tomt. Reguleringsplan naudsynt. Planarbeid starta. Byggjearbeid forventa hausten 2021 med innflytting tidlegast årsskifte 2022/2023.

### **Omsorg**

#### **Bilar helse og omsorg**

Helse og omsorg har totalt nær 50 bilar og må skifta ut 4-5 av desse årleg.

#### **Kommunalt kjøkken**

Heradsstyre har gjort vedtak om å byggja to kjøken. Ny fløy på Vetleflaten, med oppstart jan 2021, og eit kjøken på Voss sjukeheim med oppstart jan 2022 - (ombygging av dagavdeling som må finna nye lokale.) Utgift til kjøken på Voss sjukeheim ligg i eiga investering. Kostnad ennå usikker.

#### **Utstyr og tekniske installasjonar**

Oppgradering og utskifting av utstyr og tekniske installasjonar innan pleie og omsorg. Velferdsteknologi brukt riktig er ressursparande og kan vere meir skånsomt for brukaren.

### **Sjølvkostinvesteringar**

#### **Eigedom og bustad**

##### **14. Fornyng av bil- og maskinpark, anlegg & vedlikehald**

Det er naudsynt med utskifting av maskinparken på driftsavdelinga. Dei siste åra har ein utsett investeringar lengst mogeleg. Dette har ført til investeringsetterslep, og ein treng eit løft på 3 mill. årleg i perioden.

#### **Vatn, avlaup og renovasjon**

##### **Avløpsanlegg Myrkdalen HP VA**

I tråd med Hovudplan VA Myrkdalen (vedtak 18.6.2020) - avløpsanlegg sjølvkostfinansiert. Ifølgje "NOTAT gebyrgrunnlag i samband med hovudplan VA Myrkdalen" er tala basert på kostnadsalternativ "b) utbyggingskost oppjustert med 50%", prisjustert for forventa prisvekst og lagt til mva

#### **Bømoen reserve vassverk**

Arbeid med prøvepumping og strømningskart er nær ferdig. Bygging av vassanlegg, høgdebasseng og leidningsnett vil skje i økonomiplanperioden. Dersom noko skjer med dagens vasskjelde i Prestegardsmoen, har ikkje Voss reservevatn pr dato. Viktig at Bømoen kjem i drift. Sjølvfinansiering.

#### **Hagahaugen høgdebasseng oppgradering**

Gamalt høgdebasseng i fjell vert renoverert og utvida i tråd med dagens krav til sikkerheit. Viktig for å oppretthalda god vasskvalitet. Sjølvfinansiering.

#### **Hovudplan avlaup**

Det er årleg sett av inntil 3 mill. til investering i nyanlegg og oppgradering/separering av leidningsnett. Tiltaket er sjølvfinansierande med brukarbetaling.

#### **Hovudplan vatn**

Det er årleg sett av inntil 3 mill. til investering i nyanlegg og oppgradering av gammalt leidningsnett. Tiltaket er sjølvfinansierande med brukarbetaling.

#### **Vassanlegg Myrkdalen HP VA**

I tråd med Hovudplan VA Myrkdalen (vedtak 18.6.2020) - vassanlegg sjølvkostfinansiert. Ifølgje "NOTAT gebyrgrunnlag i samband med hovudplan VA Myrkdalen" er tala basert på kostnadsalternativ "b) utbyggingskost oppjustert med 50%", prisjustert for forventa prisvekst og lagt til mva.

## **Sjølvfinansierande**

### **Brann og ulukkesvern**

#### **Bil førebyggjande brannvern og evt feiar**

Bil brannvern. Inngått avtale om brannvernteneste til Ulvik og Eidfjord med verknad frå 01.01.2020 medfører at førebyggjande brannvern treng bil. Investeringa er sjølvfinansierande gjennom inntekter frå Ulvik og Eidfjord-avtalen. Det er ynskjeleg at det vert kjøpt ein elbil. Avtalen gjev opning for sal av feieteneste til dei 2 kommunane.

## Oversikt Investering og finansiering

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2021	2022	2023	2024
Investeringar i varige driftsmidler	153 396	210 319	169 425	98 175
Tilskudd til andres Investeringar	0	0	0	0
Investeringar i aksjer og andeler i selskaper	3 400	3 400	3 400	3 400
<b>Sum finansieringsbehov</b>	<b>156 796</b>	<b>213 719</b>	<b>172 825</b>	<b>101 575</b>
Kompensasjon for merverdiavgift	-30 579	-41 964	-33 785	-19 535
Tilskudd fra andre	-17 500	-5 900	0	0
Bruk av lån	-100 180	-162 455	-135 640	-78 640
Videreutlån	25 000	25 000	25 000	25 000
Bruk av lån til videreutlån	-25 000	-25 000	-25 000	-25 000
Avdrag på lån til videreutlån	11 200	11 200	11 200	11 200
Mottatte avdrag på videreutlån	-11 200	-11 200	-11 200	-11 200
Overføring fra drift	-3 400	-3 400	-3 400	-3 400
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	-5 137	0	0	0
<b>Sum finansiering</b>	<b>-156 796</b>	<b>-213 719</b>	<b>-172 825</b>	<b>-101 575</b>
<b>Sum finansieringsbehov</b>	<b>156 796</b>	<b>213 719</b>	<b>172 825</b>	<b>101 575</b>
<b>Sum finansiering</b>	<b>-156 796</b>	<b>-213 719</b>	<b>-172 825</b>	<b>-101 575</b>
<b>Udekket finansiering</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Økonomisk utvikling i planperioden


Åra 2021-2024 vil vera svært krevjande økonomisk, og Voss herad må redusera utgifter mellom 30-50 mill.kr årleg for å få økonomien til eit ønska nivå. Det er difor lagt som føringar at nye aktivitetar må dekkast innafor eksisterande rammer og alle må jobba med å redusera utgifter. Eit av hovudmåla for økonomiplanperioden er difor å få ein berekraftig økonomi. Nokre nøkkeltal gjev indikasjonar på dette og vil vera dei finansielle måltala framover.

Måltal	Minimum	Mål	Skildring
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,75 %	3 %	Syner om drifta er finansiert av inntektene for perioden.
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	6,5 %	7 %	Syner kor store reserver kommunen har.
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	Ikkje relevant	65 %	Syner gjeldsgraden, der målsettinga er at denne er stabil over tid.

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter er eit viktig mål for kommunane, og seier noko om kor mykje me har igjen etter at me har finansiert drifta i kommunen. Dette talet bør vere minst 1,75%, men har vore negativ i Voss herad dei siste åra. Dette heng saman med fondsbruka, då auka bruk av fond for å dekkja utgifter i drift påverkar driftsresultatet negativt. Det må innførast kostnadsreducerande tiltak for klara 1,75 %. Dersom me legg til grunn driftsinntekter på 1,4 mrd.kr så må netto driftsinntekter vera på ca. 25 mill.kr for å oppnå eit driftsresultat på 1,75 %. Ved utgangen av 2019 og inngangen av 2020 er driftsutgiftene høgare enn driftsinntektene og det setjast i verk omfattande tiltak får å få berekraftig drift.


Voss herad har eit disposisjonsfond på ca. 67 mill. kr ved inngangen av 2020. Med totale budsjetterte driftsinntekter på 1,423 mrd. kr utgjør disposisjonsfondet 4,7 %. Teknisk berekningsutval tilrår at disposisjonsfondet bør vera minimum 5 % av driftsinntektene, noko som tilseier at bruken av disposisjonsfond må avgrensast og storleiken på fondet må aukast dei neste åra. Målet for planperioden er å oppretthalde og auke noko midlar kommunen har på fond som reserve til dårlege tider.

Lånegjelda vil auke med dei investeringane som er planlagt. Voss herad har ein låg gjeldsgrad i dag, men vil koma over måltalet om at netto gjeld (total gjeld - vidareutlån og ubrukte lånemidlar) i prosent av driftsinntekter (1,4 mrd.kr) skal vera maks 65 %. Netto lånegjeld vil vera over 65 % i 2022. Det må jobbast for å setje av midlar til framtidige investeringar slik at gjeldsbyrden ikkje vert for stor.




Netto driftsresultat og disposisjonsfond under anbefalt nivå vil seie at Voss herad ikkje har ein berekraftig økonomi.

### Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter



	KOSTRA 2016	KOSTRA 2017	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	Budsjett 2020	Økplan 2021	Økplan 2022	Økplan 2023	Økplan 2024
Voss herad	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,4 %	0,3 %	0,5 %	1,6 %	2,4 %

### Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter



	KOSTRA 2016	KOSTRA 2017	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	Budsjett 2020	Økplan 2021	Økplan 2022	Økplan 2023	Økplan 2024
Voss herad	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	4,1 %	5,2 %	6,1 %	8,2 %	10,9 %

### Teoretisk innsparingspotensial

Oversikta under syner teoretiske innsparingspotensiale ut i frå samanlikning med andre kommunar.

Tjeneste	Indikator	Voss herad	Granvin (-2019)	Voss herad	Fjell (-2019)	Stord	Kongsvinger	Aurskog-Høland (-2019)	Øvre Eiker	Kvam	Lavest i KOSTRA gruppen	Lavest i KOSTRA-gruppen - kroner	Innbyggere i målgruppen	Teoretisk handlingsrom i mill.	Teoretisk handlingsrom %
Grunnskole	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Grunnskole (B)	16 400	21 508	16 400	15 341	13 924	14 771	13 555	12 736	16 735	Mandal (-2019)	13 563	15 740	58,8	22,8
Pleie og omsorg	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Pleie og omsorg (B)	18 468	17 007	18 468	17 345	21 920	17 072	16 332	17 041	18 342	Lillesand	779	15 740	41,8	14,4
Barnevern	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Barnevern (B)	2 996	2 276	2 996	1 830	2 157	2 190	2 210	2 107	2 225	Risør	-1 958	15 740	16,3	34,6
Barnehage	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Barnehage (B)	9 023	10 702	9 023	9 172	8 733	9 281	8 776	8 752	9 085	Målselv	8 204	15 740	4,4	3,1
Kommunehelse	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B)	2 502	3 609	2 502	3 266	2 694	2 622	2 990	2 871	3 629	Averøy	2 087	15 740	0	0,0
Sosiale tenester	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Sosiale tenester (B)	3 602	1 159	3 602	3 717	3 201	3 256	2 585	2 395	4 396	Flora (-2019)	-1 560	15 740	27,3	48,2
Kultur og idrett	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kultur og idrett (B)	2 791	3 171	2 791	1 935	1 732	2 541	1 676	1 991	3 132	Balsfjord	771	15 740	17,6	39,9
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Plan, kulturminner, natur og nærmiljø (B)	883	706	883	486	520	734	278	822	1 667	Målselv	208	15 740	9,5	68,5
Adm, styring og fellesutgifter	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Adm, styring og fellesutgifter (B)	5 989	6 242	5 989	4 342	3 790	5 183	5 936	4 090	5 821	Nord-Fron	3 629	15 740	36,3	38,5
Brann og ulykkesvern	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Brann og ulykkesvern (B)	884	1 941	884	694	672	1 046	535	663	1 493	Østre Toten	530	15 740	5,5	39,5
Kommunale boliger	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunale boliger (B)	170	786	170	-13	-127	427	227	36	-46	Kragerø	-1 302	15 740	2,1	78,8
Samferdsel	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Samferdsel (B)	2 546	5 332	2 546	824	643	1 008	664	1 169	1 951	Klæbu (-2019)	399	15 740	30,0	74,7
Næringsforv. og konsesjonskraft	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Næringsforv. og konsesjonskraft (B)	-133	4 120	-133	-533	-121	-829	165	159	-3 614	Kvinnherad	-4 128	15 740	-4,6	0,0
Kirke	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kirke (B)	743	1 460	743	632	524	623	620	523	689	Namsos (-2019)	501	15 740	3,5	29,6

\*\*) Tallene er justert for ulikt utgiftsbehov

## Tenesteområda i kommunen

Under følgjer ei framstilling av budsjett og økonomiplan for dei ulike tenesteområda i Voss herad.



## Voss herad



### 1. Administrasjon og leing

#### Skildring av dagens verksemd

Tenesteområdet omfattar rådmann, administrative funksjonar og fellestenester for Voss herad. Klimaarbeid og naturforvaltning ligg også under dette tenesteområdet. Stabsavdelingane HR og Innovasjon, Strategi og styring og Innbyggjarservice har ansvar for dei fleste funksjonane her.

Tenesteområdet har ansvar for å leggja til rette for politiske og administrative avgjersler, analyse- og utgreiingsarbeid, organisasjonsutvikling, verksemdstyring og internkontroll, samfunnsutvikling, kommunikasjonstenester, samfunnstryggleik og driftsstøtte til verksemda. Målgrupper for tenestene er innbyggjarar, politikarar og andre kommunalområde (internt).

Tenesteområdet omfattar rådmann, administrative funksjonar og fellestenester for Voss herad. Stabsavdelingane HR og Innovasjon, Strategi og styring og Innbyggjarservice har ansvar for dei fleste funksjonane her.

Tenesteområdet har ansvar for å leggja til rette for politiske og administrative avgjersler, analyse- og utgreiingsarbeid, organisasjonsutvikling, verksemdstyring og internkontroll, samfunnsutvikling, kommunikasjonstenester, samfunnstryggleik og driftsstøtte til verksemda. Målgrupper for tenestene er innbyggjarar, politikarar og andre kommunalområde (internt).

#### Status og utfordringar

Vårt mål er å ha ein effektiv og dyktig administrasjon. Dette for å dekkja behovet for stabs- og støttetjenester til folkevalde, rådmann, organisasjonen og innbyggjarane. Dette krev ein annan og meir

## Økonomiplan for 2021-2024

spesialisert kompetanse enn tidlegare. Strengare krav til styringsinformasjon krev gode analysar og utgreingar. Kommunen si rolle som samfunnsutviklar krev også meir dialog og informasjon til ulike partar. I tillegg krev auka digitalisering, automatisering og effektivisering, kompetanse på eit anna nivå enn tidlegare. Voss herad sin administrasjon er midt i denne endringa der ein både rustar opp til nødvendig kompetanse, i tillegg til å planlegga for å redusera årsverk. Administrasjonen skal henta ut gevinstar av å jobba smartare, men å byggja kompetanse, kultur og endra måtar å jobba på tek noko tid.

### Hovudprioriteringar

I økonomiplanperioden vil det blir jobba aktivt for å:

- Betra økonomiforvaltinga og -styringa i organisasjonen
- Ta i bruk digitale løysingar og automatisering
- Forbetra og forenkla administrative prosessar
- Skapa kultur for innovasjon og kontinuerleg forbetring
- Legga til rette for god styring av verksemda gjennom prosessar, kompetanse og verktøy
- Nå måla i overordna planar, som samfunnsdel
- Utarbeida kommunedelplan for klima og klimatilpassing
- Utarbeida rutinar og reglement for dei administrative tenestene

Det er planlagt for å redusera årsverk i staben i perioden. Ved naturlege avgangar, vil fleire av desse ikkje bli erstatta. Det inneber at oppgåver må gjerast på ein meir effektiv måte, nokre oppgåver må sluttast med og oppgåver som gjev verdi for brukarane våre må prioriterast.

### Driftsbudsjett

#### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Regnskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	56 767	51 122	49 398	45 116	44 716	44 716
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	26 257	23 829	25 065	25 047	25 047	25 047
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	3 932	5 613	3 303	3 303	3 303	3 303
Overføringsutgifter	7 069	3 447	3 819	6 469	6 469	6 469
Finansutgifter	7 058	6 982	5 533	5 533	5 533	5 533
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>101 083</b>	<b>90 994</b>	<b>87 117</b>	<b>85 467</b>	<b>85 067</b>	<b>85 067</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salgsinntekter	-4 412	-2 565	-2 524	-2 524	-2 524	-2 524
Refusjoner	-9 687	-2 752	-3 772	-3 422	-3 422	-3 422
Overføringsinntekter	-21	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-8 728	-2 910	-1 860	-1 860	-1 860	-1 860
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-22 849</b>	<b>-8 227</b>	<b>-8 156</b>	<b>-7 806</b>	<b>-7 806</b>	<b>-7 806</b>
<b>Sum</b>	<b>78 234</b>	<b>82 767</b>	<b>78 961</b>	<b>77 661</b>	<b>77 261</b>	<b>77 261</b>

## Delmål

Overordna mål	Delmål	Indikator	Mål 2021	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Gj.sn. Kostra gr
Attraktive Voss	Me skal jobba langsiktig og målretta med innkjøp for å nå måla våre.						
	Styrka helse og levekår gjennom førebygging og folkehelsearbeid. 3.8						
	Voss herad skal ha ein berekraftig økonomi.	Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	0,8 %	1,5 %	1,8 %	1,8 %	1,9 %
Inkluderande Voss	Me skal auka medverknad ved å gjera det lett og naturleg for alle å koma med innspel og framlegg, systematisera desse og lytta til dei.						
Innovative Voss	Me skal ha tilsette og leiarar som saman finn smarte måtar å jobba på, finn løysingar på utfordringar og syner endringsvilje.						
	Me skal ha effektive arbeidsprosessar, slik at me kan gje meir og betre støtte til tenestemråda, politikarar og innbyggjarar.						
	Redusera klimautslepp gjennom klimabudsjett						
	Utvikla likeverdige, trygge og effektive helse- og velferdstenester 3.8						

### Me skal auka medverknad ved å gjera det lett og naturleg for alle å koma med innspel og framlegg, systematisera desse og lytta til dei.

Gjennom gode og innovative løysingar auka medverknaden frå innbyggjarane om utvikling av samfunnet.

### Me skal jobba langsiktig og målretta med innkjøp for å nå måla våre.

Følgja innkjøpsstrategien med følgjande delmål: 1. Innkjøpa skal dekkja behova våre, i dag og i framtida. 2. Me skal ha profesjonell oppfylging av avtalane. 3. Innkjøp skal gjennomførast raskare, enklare og digitalt. 4. Innkjøp skal bidra til marknadsutvikling. 5. Innkjøpa våre skal vera berekraftige.

### Redusera klimautslepp gjennom klimabudsjett

Voss herad vil i løpet av hausten 2020 utarbeida klimabudsjett. Dette vil vera eitt av tiltaka for å redusera negative klimaendringar.

### Voss herad skal ha ein berekraftig økonomi.

Utgifter må reduserast slik at netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter vert minimum 1,75 % og avsetjingar til disposisjonsfond må aukast.

## Driftsbudsjett med endringer

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2021	2022	2023	2024
<b>Vedtatt budsjett</b>		<b>82 767</b>	<b>82 767</b>	<b>82 767</b>	<b>82 767</b>
Sum Tekniske justeringer		1 419	1 419	1 419	1 419
Sum Budsjettendring i år		1 415	1 415	1 415	1 415
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>		<b>2 834</b>	<b>2 834</b>	<b>2 834</b>	<b>2 834</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>85 600</b>	<b>85 600</b>	<b>85 600</b>	<b>85 600</b>
<b>Politisk vedtak</b>					
HST 17.12.20: Auke konkrete klimatiltak	Stab	250	250	250	250
HST 17.12.20: Auke lærlingpott	Stab	150	150	150	150
<b>Sum Politisk vedtak</b>		<b>400</b>	<b>400</b>	<b>400</b>	<b>400</b>
<b>Innsparingstiltak</b>					
Reduserte prosjektutgifter, ny kommune	Administrasjon / politiske organ	-800	-800	-800	-800
<b>Sum Innsparingstiltak</b>		<b>-800</b>	<b>-800</b>	<b>-800</b>	<b>-800</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Budsjettendringar frå 2020	Helse og omsorg	-665	0	0	0
Budsjettendringar frå 2020	Stab	365	0	0	0
Budsjettendringar frå 2020	Teknisk	206	0	0	0
Budsjettendringar frå 2020	Kultur og fritid	194	0	0	0
Budsjettendringar frå 2020	Administrasjon / politiske organ	-100	0	0	0
Redusera administrasjon	Stab	-3 300	-4 600	-5 000	-5 000
Andre tiltak	Teknisk	-2 939	-2 939	-2 939	-2 939
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>-6 239</b>	<b>-7 539</b>	<b>-7 939</b>	<b>-7 939</b>
<b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>		<b>-6 639</b>	<b>-7 939</b>	<b>-8 339</b>	<b>-8 339</b>
<b>Ramme 2021-2024</b>		<b>78 961</b>	<b>77 661</b>	<b>77 261</b>	<b>77 261</b>

## Politisk vedtak

## HST 17.12.20: Auke konkrete klimatiltak

Voss ta omsyn til dei store utfordringane me står framfor. Den største er klimakrisa, og me vil vurdere klimatiltaka i budsjettet.

- Legge til rette for lading på jobb ved kommunale bygg i heile heradet. Her kan ein har betalingsordning, slik at det i tillegg til tilsett og kan brukast av andre. Målet er å få på plass eit endå betre ladenett.
- I samband med innkjøp av nye køyretøy skal El-bilar vera fyrsteval dersom dei tilfredsstillar dei tekniske krava.
- Vurdere medlemskap i Bergen og Omland friluftsråd - Det vert sett av pengar til etterutdanning og kursing for å auka heradet sin kompetanse i klimaarbeid og energiøkonomisering.
- I alle store byggjeprojekt skal klimaavtrykket dokumenterast.

## HST 17.12.20: Auke lærlingpott

Auke i lærlingmidlar for å auka bruken av lærlingar i kommunen.

**Nye tiltak****Redusera administrasjon**

Redusera administrasjon, Strategi og styring

**Investeringsbudsjett**

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum 2021-24
	2021	2022	2023	2024	
<b>Investeringsprosjekt</b>					
<b>Administrasjon og leing</b>					
Felles IT anlegg	1 875	1 875	1 875	1 875	7 500
Teknisk inventar i kontorbygg, knutepunktet	1 450	0	0	0	1 450
<b>Sum Administrasjon og leing</b>	<b>3 325</b>	<b>1 875</b>	<b>1 875</b>	<b>1 875</b>	<b>8 950</b>

**Teknisk inventar i kontorbygg, knutepunktet**

Innreiing av IT- og teknisk utstyr i kontorbygg Knutepunktet som skal stå klart ved utgangen av 2021. Dette gjeld skjermar i samtalerom, digitalt utstyr til bruk ved videokonferanse, installering av nettverk og liknande. Kostnaden er foreløpig usikker.

## 2. Plan, næring og forvaltning

### Skildring av dagens verksemd

Tenesteområdet har ansvar for at kommunen vert utvikla i tråd med gjeldande planar og vedtak, innan offentlege og private arealplanar, byggesak, oppmåling og næring. Eininga skal bidra til å skapa gode fysiske bumiljø, leggja til rette for næringsutvikling og ivareta kommunen sin eigenart. Vidare har eininga ansvar for å sikra bruk og vern av kommunen sine areal- og naturressursar, samt sikra samfunnet si trong for stadbunden informasjon. Tilskot til næring, konsesjonskraft og disponering kraftfond ligg også her.

### Status og utfordringar

For å vera med redusera utgiftsnivået i kommunen vil me jobba med å:

- Prioritera kva oppgåver me skal gjennomføra. Når oppgåvene er definert, må me finna dei mest effektive måtane å løysa oppgåvene på.
- Sikra gode team av tilsette som kan utfylla kvarandre på ein god og effektiv måte.
- Ha fokus på godt samarbeid, høg produktivitet og god fagleg kompetanse.

Lønsumgifter er største utgiftsposten for plan, næring og oppmåling, i tillegg til store kostnader knytt til programlisensar, især kartlisensar.

Våre viktigaste oppgåver er å forvalta lover, i hovudsak plan- og bygningslova, jordlova, skoglova, konsesjonslova og matrikkellova. Me skal og vera gode tilretteleggjarar for god samfunnsutvikling.

For å oppfylla dette må heradet:

- Kunna møta ein profesjonell marknad ute med høg kompetanse og profesjonelt nivå.
- Vera langt framme i bruk av teknisk utstyr og nye hjelpemiddel.
- Vera utadretta og ha fokus på å løysa oppgåvene for kundane.

Avdelinga har i dag eit godt team som kan utføra dei ulike oppgåvene. Samanslåinga av Granvin og Voss har ikkje påført avdelinga vesentlege ekstra oppgåver. Det har difor vore mogeleg å vurdere å redusere ressursane som no høyrer til avdelinga. Det er viktig å oppretthalda og styrkja eksisterande kompetanse.

Det skjer stadig ei teknisk utvikling av oppmålingsutstyr som gjer både feltarbeid og kontorarbeid knytt til landmåling meir effektivt enn før. Dette har ein registrert over fleire år, og ser at det kan vera mogeleg å redusere noko i ressursane innanfor fagfeltet.

Innan feltet landbruk er ei hovudutfordring at ein ikkje har gode eigedomskart over eigedomane i heradet. Dette kjem fram særleg i høve konsesjonshandsaming og ved eigenerklæringar i samband med konsesjonsfritak.

### Hovudprioriteringar

I økonomiplanperioden vil tenesta jobba aktivt for å:

## Økonomiplan for 2021-2024

- Vidareutvikla Vossevangen til det viktigaste regionsenteret for indre deler av Vestland med levande lokalsenter kringom i distrikta
- Bidra til at heradet når måla i kommuneplanen sin areal- og samfunnsdel
- Møta utfordringa med manglande eigedomstilhøve i utmark både innan landbruksforvaltning og oppmåling
- Møta innbyggjarane sine behov for meir digitale tenester og eit herad som ser deira behov

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Økonomiplan			
			2021	2022	2023	2024
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	17 628	19 256	16 400	16 414	16 414	16 414
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	3 680	3 188	3 451	3 438	3 438	3 438
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	3 362	151	1 891	-309	-309	-309
Overføringsutgifter	13 873	12 158	11 408	11 328	11 328	11 328
Finansutgifter	9 587	6 434	6 128	4 628	4 628	4 628
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>48 129</b>	<b>41 186</b>	<b>39 278</b>	<b>35 498</b>	<b>35 498</b>	<b>35 498</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salsinntekter	-7 120	-8 504	-6 919	-6 919	-6 919	-6 919
Refusjonar	-5 169	-408	-2 288	-8	-8	-8
Overføringsinntekter	-6 803	-6 000	-6 000	-6 000	-6 000	-6 000
Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-12 114	-5 801	-6 401	-4 901	-4 901	-4 901
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-31 207</b>	<b>-20 712</b>	<b>-21 607</b>	<b>-17 827</b>	<b>-17 827</b>	<b>-17 827</b>
<b>Sum</b>	<b>16 923</b>	<b>20 474</b>	<b>17 671</b>	<b>17 671</b>	<b>17 671</b>	<b>17 671</b>

## Delmål

Overordna mål	Delmål	Indikator	Mål 2021	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Gj.sn. Kostra gr
Attraktive Voss							
Attraktive Voss	Leggja til rette for god infrastruktur med god kapasitet som vegar, jernbane, kai, breiband	Byggesaker handsama innafor tidsfrist fastsett i Plan- og bygningslova	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	
	Sterkt regionsenter - levande bygder						

### Sterkt regionsenter - levande bygder

Voss ynskjer å leggja til rette for tilflytting til heradet gjennom å satsa på bustadbygging i sentrum og ute i grendene i forholdet 70% i sentrum og 30% i bygdene. I arbeidet med sentrumsutvikling og senterstruktur betyr handel mykje. Gjennom å lokalisera bustader og butikkar i sentrum, vil ein få fleire folk i sentrum også utanom opningstid og freista gjera sentrum meir attraktivt. Dess fleire butikkar ein finn i sentrum dess meir vil folk nytta Vangen som senter.

**Driftsbudsjett med endringer**

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2021	2022	2023	2024
<b>Vedtatt budsjett</b>		<b>20 474</b>	<b>20 474</b>	<b>20 474</b>	<b>20 474</b>
Sum Tekniske justeringar		-1 457	-1 457	-1 457	-1 457
Sum Budsjettendring i år		-500	-500	-500	-500
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>		<b>-1 957</b>	<b>-1 957</b>	<b>-1 957</b>	<b>-1 957</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>18 517</b>	<b>18 517</b>	<b>18 517</b>	<b>18 517</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Auka veterinæravtale 2 delar	Teknisk	140	140	140	140
Redusera 0,8 årsverk innan plan	Teknisk	-680	-680	-680	-680
Andre tiltak	Teknisk	-306	-306	-306	-306
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>-846</b>	<b>-846</b>	<b>-846</b>	<b>-846</b>
<b>Nye tiltak og realendringar budsjett</b>		<b>-846</b>	<b>-846</b>	<b>-846</b>	<b>-846</b>
<b>Ramme 2021-2024</b>		<b>17 671</b>	<b>17 671</b>	<b>17 671</b>	<b>17 671</b>

**Nye tiltak****Auka veterinæravtale 2 delar**

Veterinæravtale med nabokommunar - strukturen er slik at Voss herad må bidra med 2 andelar, på same måte som før kommunesamanslåinga.

**Redusera 0,8 årsverk innan plan**

Effektivisering ved å redusera 0,8 årsverk innan planforvaltning medfører reduserte lønsutgifter. Det vil vera mindre kapasitet til å gjennomføra eigenproduserte planar, men kvaliteten vil truleg vera uendra.

**Investeringsbudsjett**

Investeringsprosjekt	Økonomiplan				Sum 2021-24
	2021	2022	2023	2024	
Plan, næring og forvaltning					
Flaumsikring Skielva	0	1 200	0	0	1 200
<b>Sum Plan, næring og forvaltning</b>	<b>0</b>	<b>1 200</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1 200</b>

**Flaumsikring Skielva**

Granvin herad fekk rekkjefølgjekrav om flaumsikring av Skielva før utbygging av bustadfelt. Dette vart gjennomført i samarbeid med NVE. Nå er flaumløpet fyllt opp med store steinar og neste flaum kan gje større skade på husa i feltet. Total kostnad for oppreinsking er stipulert til 1,2 mill kr. NVE er koplå inn og det er søkt om midlar frå NVE.

### 3. Samferdsel

#### Skildring av dagens verksemd

Tenesteområdet omfattar drift, vedlikehald og nyinvestering i kommunale vegar, inklusiv kommunale gang- og sykkelvegar samt Bømoen flyplass.

Voss herad har 311 km kommunal veg (Voss 242 km, Granvin 47 km, del av Ullensvang 12). Noko under halvparten har fast dekke, resten er gruslagt. Tidlegare Voss kommune har 6 km gang- og sykkelvegar, omlag 100 bruer og 6 tunellar. Granvin har 36 kommunale bruer. Avdelinga har og ansvar for flaumsikringstiltak.

Eininga har ansvar for verkstad som driftar og vedlikehald kommunale bilar samt maskinpark for heile Voss herad.

#### Status og utfordringar

Det er utført mykje godt arbeid i form av oppgradering og vedlikehald av kommunale vegar både i Granvin herad og Voss kommune dei siste åra. Likevel er det viktig å oppretthalda denne satsinga i Voss herad, då det framleis er etterslep på vedlikehald av det kommunale vegnettet.

Oppgåver vert utført i tråd med prioriteringslista for kommunale vegar. Til grunn for dette arbeidet ligg faglege vurderingar av trong for oppgraderingar og vedlikehald sett i samheng med trafikkettleik. Brøyting/strøing og vedlikehald etter vinterslitasje/skadar utgjer relativt stor del av budsjettet, men varierar frå år til år. Dette vert regulert gjennom året med å prioritera opp og ned ulike drifts- og investeringstiltak, med mål om at driftsbudsjettet ikkje vert overskride. Føresetnaden er at det er investeringsmidlar til disposisjon innanfor tenesteområdet.

Ytre faktorar kan påverka framdrift og midlar til disposisjon for kommunale vegar. Uføresette hendingar som flaum og ras medfører akutte tiltak, og er ofte svært kostbare. Av og til vert tiltak initiert av andre aktørar som til dømes vatn/avløp, energiverk, fiber, fjernvarme eller annan type utbygging. Dette kan vera tiltak som ikkje er fagleg prioriterte innanfor tenesteområdet veg isolert sett, men som er fornuftig å koordinera og gjennomføra samstundes med vegutbetring.

Eit av måla under attraktive Voss i den førebelse kommuneplanen er at det vert "stimulert til at fleire av innbyggjarane sykklar, går eller reiser kollektivt til og frå jobb". Det er utarbeidd "Plan for hovudnett for sykkel i Voss sentrum". Sentrumsplanen som truleg vert vedteken i 2020, ser også sykkel som eit viktig transportmiddel i sentrale strok.

#### Hovudprioriteringar

I økonomiplanperioden vil administrasjonen jobba aktivt for:

- Effektiv drift av vegnettet tilpassa gitte økonomiske rammer
- Auka tilrettelegging for mjuke trafikantar
- Følgja opp og revidera prioriteringslista for utbetring av kommunale vegar
- Vurdera å redusera tal km kommunal veg, då Voss herad har svært høgt tal km kommunal veg i høve til innbyggjartalet
- Få til samarbeid med offentlege og private aktørar for å oppgradera det kommunale vegnettet i spleiselag, då det er stort etterslep på vegvedlikehald
- Følgja opp ansvar og plikter i utbyggingsavtalar, samarbeidsprosjekt og eigne prosjekt

## Særskilt for 2021

Det er viktig å løyva midlar til årleg vedlikehald av kommunale bruer med minimum 1,5 mill.kr. Fagleg vurdering er at det bør løyvast årvisse midlar då manglande oppgradering på sikt kan føra til stengde vegar.

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	4 590	5 618	5 652	5 672	5 672	5 672
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	29 888	22 725	23 307	23 487	23 287	23 087
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	5	560	560	560	560	560
Overføringsutgifter	7 833	3 453	4 253	3 453	3 453	3 453
Finansutgifter	6 932	3 739	7 595	7 595	7 595	7 595
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>49 249</b>	<b>36 096</b>	<b>41 367</b>	<b>40 767</b>	<b>40 567</b>	<b>40 367</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salsinntekter	-1 008	-739	-445	-845	-845	-845
Refusjonar	-8 181	-3 643	-4 443	-3 643	-3 643	-3 643
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-9 188</b>	<b>-4 382</b>	<b>-4 888</b>	<b>-4 488</b>	<b>-4 488</b>	<b>-4 488</b>
<b>Sum</b>	<b>40 061</b>	<b>31 714</b>	<b>36 479</b>	<b>36 279</b>	<b>36 079</b>	<b>35 879</b>

## Delmål

Overordna mål	Delmål	Indikator	Mål 2021	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Gj.sn. Kostra gr
innovative Voss	Tilpassa aktivitet og utgiftsnivå for drift av kommunalt vegnett til gitte rammer	Tal kilometer kommunal veg nedklassifisert i løpet av året	2,00	4,00	6,00	8,00	

## Utvikling av næringsliv

Alle kommunale vegar må opp i min 10 tonn akseltrykk (50 tonn totalvekt). Fleire av våre kommunale vegar oppfyller ikkje dette kravet og vert opplevd som flaskehalsar når til dømes tømmer skal ut.

## Driftsbudsjett med endringar

## Økonomiplan for 2021-2024

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2021	2022	2023	2024
<b>Vedtatt budsjett</b>		<b>31 714</b>	<b>31 714</b>	<b>31 714</b>	<b>31 714</b>
<b>Sum Tekniske justeringar</b>		<b>1 710</b>	<b>1 710</b>	<b>1 710</b>	<b>1 710</b>
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>		<b>1 710</b>	<b>1 710</b>	<b>1 710</b>	<b>1 710</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>33 423</b>	<b>33 423</b>	<b>33 423</b>	<b>33 423</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Omklassifisere vegar, plassar, bruer	Teknisk	-300	-500	-700	-900
Optimalisera bruk av maskinpark og teknisk mannskap	Teknisk	-500	-500	-500	-500
Andre tiltak	Teknisk	3 855	3 855	3 855	3 855
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>3 055</b>	<b>2 855</b>	<b>2 655</b>	<b>2 455</b>
<b>Nye tiltak og realendringar budsjett</b>		<b>3 055</b>	<b>2 855</b>	<b>2 655</b>	<b>2 455</b>
<b>Ramme 2021-2024</b>		<b>36 479</b>	<b>36 279</b>	<b>36 079</b>	<b>35 879</b>

### Nye tiltak

#### Omklassifisere vegar, plassar, bruer

Proessen er starta i 2020, med innsparingar frå 2021. Avtale med Voss parkering om vedlikehald vart sist forhandla for 12 år sidan. Dessutan har arealet auka i perioden og avtalen er moden for revisjon.

#### Optimalisera bruk av maskinpark og teknisk mannskap

Bygg og eigeomsavdelinga og vegdrift kan nytta eigen maskinpark betre gjennom sambruk av maskinparken. Dette vil føra til redusert bruk av eksterne entreprenørar og redusert behov for lagerhald av maskiner.

### Investeringsbudsjett

	Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum 2021-24
		2021	2022	2023	2024	
<b>Investeringsprosjekt Samferdsel</b>						
Standardh.brue (inv.)		1 875	1 875	1 875	1 875	7 500
Trafikksikring Lekvemoen kryss		2 625	0	0	0	2 625
Trafikksikringiltak		625	625	625	625	2 500
Utbyggingsavt. Knutepunktet		0	4 444	0	0	4 444
Veginvestering/vegpakke		6 250	6 250	6 250	6 250	25 000
<b>Sum Samferdsel</b>		<b>11 375</b>	<b>13 194</b>	<b>8 750</b>	<b>8 750</b>	<b>42 069</b>

#### Standardh.brue (inv.)

Voss herad har om lag 130 bruer. Det er viktig å skifta ut nokre bruer årleg. Heradet må kvart 5.år leiga inn fagleg kompetanse for å sjekka bruer. Om farlege bruer ikkje vert retta, må vegen stengjast.

#### Trafikksikring Lekvemoen kryss

I tråd med rekkefølgekrav til Voss gymnas, skal det byggjast nytt kryss Lekvemogata/Uttrågata. Avtale om spleiselag der Voss herad går inn med 1/3 av kostnaden, stipulert til 3,3 mill.totalt.

#### Trafikksikringiltak

Heradet har fått midlar til revisjon av gjeldande trafikksikringsplan. Det er viktig at det er midlar til å gjennomføre tiltak i planen.

### Utbyggingsavt. Knutepunktet

Ferdigstilling av uteområdet er eit rekkefølgekrav for å få bruksløyve på nytt kontorbygg knutepunktet. Voss herad har ein kommunal veg mm gjennom området. I tråd med utbyggingsavtalen (HST 18.juni) har heradet avtalt å betala eit fast utbyggingbidrag til tiltakshaver som gjennomfører arbeidet. Ferdig 2022.

### Veginvestering/vegpakke

310 km med kommunale vegar krev årlege investeringar.

## 4. Eigedom og bustad

### Skildring av dagens verksemd

Tenesteområdet omfattar drift, vedlikehald og nyinvestering i kommunale bustader, eigedomsforvaltning og drift av kommunale grønt- og friområde. Formålsbygg er sortert under tenesteområda i tabellen nedanfor, og er omtala der:

Tenesteområde	Funksjon
1 Administrasjon og leing	130 administrasjonslokale
2 Grunnskule	222 Skulelokale og -skyss
3 Barnehage	221 Barnehagelokale og skyss
7 Omsorg	234 Aktivisering av eldre og funksjonshemma 261 Institusjonslokale
9 Kultur og fritid (inkl. Kyrkja)	381 Kommunale idrettsanlegg/bygg 386 Kommunale kulturbygg

Tenesteområdet har ansvar for generell forvaltning av kommunale eigedomar og bygg, uavhengig av om dei er i drift eller ikkje. Heradet har også tilbod om bustad til innbyggjarar som ikkje klarer å skaffa eigen bustad sjølv, personar med låg buevne og innbyggjarar som har behov for tilpassa bustad. Den kommunale bustadmassen er jamt fordelt på fleire eigarar; Voss herad, Voss Bustadstifting, Voss eigedom AS og Granvin Bustadstifting.

Tenesteområdet har også ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale parkar, friområde, leikeplassar/nærmiljøanlegg, idrettsanlegg, badeplassar, utandørsanlegg ved skular / barnehagar / omsorgsbygg/ administrasjonsbygg, samt vintervedlikehald og drift av skuleplassar, gangvegar og andre mindre samferdsleanlegg. I Voss herad har park og idrett samarbeid med kyrkja om drift og vedlikehald av gravplassar og anlegg kring kyrkjene.

### Status og utfordringar

Bygg og eigedom har eit stort ansvarsområde og mange kundar, både eksterne og interne frå eigen organisasjon. Også innanfor bygg og eigedom er det vanskeleg å få budsjetta til å strekkja til i høve forsvarleg vedlikehald som tek vare på eigedomane.

Eit nytt program Famac, skal bidra til betre planlagt vedlikehald over tid.

Større utbygging av kommunale bustader dei siste åra, gjer at ein får fleire nye, tilrettelagte bustader som krev mindre vedlikehald enn eldre mindre tilpassa bustadmasse. Truleg bør ein selje eldre mindre tilpassa bustader og heller bygge fleire nye tilrettelagte husvære.

## Hovudprioriteringar

I økonomiplanperioden vil rådmannen jobba aktivt for å:

- Utvida ny prosjektavdeling med ein person til for å løysa større investeringsoppgåver.
- Følgja opp målsetjingar i [Bustadsosial handlingsplan 2018-2022](#), vedteken i Voss kommunestyre 18.10.2018 (sak 38/18).
- Utøva god eigedomsforvaltning ved å optimalisera og tilpassa tal og type bygg til behov, slik at unytta bygg vert omdisponert eller avhenda.
- Følgja opp ansvar og plikter i utbyggingsavtalar, samarbeidsprosjekt og eigne prosjekt.
- Betra kommunikasjon internt i bygg og eigedomsavdelinga (BOE) og mellom BOE og brukarar, slik at vedlikehaldet kan gjennomførast meir planmessig og effektivt.
- Omorganisering av reinhaldstenesta for å få betre samordning og profesjonalisering av faget.
- Heva standard på offentlege fellesareal i sentrum, jf. arbeid med ny Sentrumsplan.

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	28 341	31 657	33 009	33 044	33 044	33 044
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	11 141	16 221	15 778	15 499	14 949	14 949
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	454	245	281	281	281	281
Overføringsutgifter	1 804	989	1 573	-11	-11	-11
Finansutgifter	5 119	4 502	6 568	6 568	6 568	6 568
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>46 858</b>	<b>53 613</b>	<b>57 210</b>	<b>55 382</b>	<b>54 832</b>	<b>54 832</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salsinntekter	-27 077	-30 524	-31 724	-30 524	-30 524	-30 524
Refusjonar	-3 391	-1 532	-2 116	-1 318	-1 318	-1 318
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-30 498</b>	<b>-32 056</b>	<b>-33 840</b>	<b>-31 842</b>	<b>-31 842</b>	<b>-31 842</b>
<b>Sum</b>	<b>16 360</b>	<b>21 557</b>	<b>23 370</b>	<b>23 540</b>	<b>22 990</b>	<b>22 990</b>

## Delmål

Overordna mål	Delmål	Indikator	Mål 2021	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Gj.sn. Kostra gr
Innovative Voss	Effektiv drift av kommunal bustadmasse.						

### Effektiv drift av kommunal bustadmasse.

Utleige i snitt 11 av 12 månader i året for alle husvære, låge driftsutgifter eit vedlikehald tilpassa totaløkonomien - husleigene skal dekkja vedlikehaldet over tid.

## Driftsbudsjett med endringer

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2021	2022	2023	2024
<b>Vedtatt budsjett</b>		<b>21 557</b>	<b>21 557</b>	<b>21 557</b>	<b>21 557</b>
Sum Tekniske justeringar		486	486	486	486
Sum Budsjettendring i år		200	200	200	200
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>		<b>686</b>	<b>686</b>	<b>686</b>	<b>686</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>22 243</b>	<b>22 243</b>	<b>22 243</b>	<b>22 243</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Avhenda bygg ute av drift	Teknisk	-100	-100	-650	-650
Budsjettendringar frå 2020	Teknisk	-1 000	0	0	0
Effektivisering bygg og eigedom	Teknisk	-570	-570	-570	-570
Optimalisera bruk av maskinpark og teknisk mannskap	Teknisk	-100	-100	-100	-100
Andre tiltak	Teknisk	1 897	2 067	2 067	2 067
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>127</b>	<b>1 297</b>	<b>747</b>	<b>747</b>
<b>Nye tiltak og realendringar budsjett</b>		<b>127</b>	<b>1 297</b>	<b>747</b>	<b>747</b>
<b>Rest til fordeling (+) / Rest udekket (-)</b>		<b>1 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Ramme 2021-2024</b>		<b>23 370</b>	<b>23 540</b>	<b>22 990</b>	<b>22 990</b>

## Nye tiltak

### Avhenda bygg ute av drift

Når drift i eit bygg vert avslutta, må det lagast ein plan for kva som skal skje vidare med bygget. Er det ikkje vidare plan for drift/bruk, skal det vera politisk bestemt kva som skal skje med det fråflytte bygget.

Økonomiske konsekvensar vil vera reduksjon i vedlikehaldskostnader, straum og bemanning, som vil gje meir ressursar til drift av aktive, kommunale bygg. Det vil verta redusert tilbod til grendafolk der me sel bygg, men det kan vera positivt for grenda ved vidareutvikling av bygg som ikkje lenger er i drift gjennom å skapa levande lokalsamfunn.

### Effektivisering bygg og eigedom

Redusert bemanning/lønsutgifter innan bygg og eigedom ved reduksjon av inntil 1,3 årsverk. Ved gjennomgang og bruk av styringssystem og betre planlegging, kan me effektivisera, og sikra at me leverer dei tenester som krevst. Reduksjon i bruk av innleige av konsulentar til SHA kontroll/eigenkontroll.

### Optimalisera bruk av maskinpark og teknisk mannskap

Bygg og eigedomsavdelinga og vegdrift kan nytta eigen maskinpark betre gjennom sambruk av maskinparken. Dette vil føra til redusert bruk av eksterne entreprenørar og redusert behov for lagerhald av maskiner.

## Investeringsbudsjett

Investeringsprosjekt	Økonomiplan				Sum 2021-24
	2021	2022	2023	2024	
<b>Eigedom og bustad</b>					
14. Fornyng av bil- og maskinpark, anlegg & vedlikehald	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000
Aktivitetspark/festivalområde	0	0	3 750	3 750	7 500
Kjøp nye bilar	500	500	500	500	2 000
Strandpromenade/stemneplass	0	2 500	2 500	2 500	7 500
Utbyggingsavt. Park	0	1 750	0	0	1 750
<b>Sum Eigedom og bustad</b>	<b>3 500</b>	<b>7 750</b>	<b>9 750</b>	<b>9 750</b>	<b>30 750</b>

#### **14. Fornyning av bil- og maskinpark, anlegg & vedlikehald**

Det er naudsynt med utskifting av maskinparken på driftsavdelinga. Dei siste åra har ein utsett investeringar lengst mogeleg. Dette har ført til investeringsetterslep, og ein treng eit løft på 3 mill. årleg i perioden.

#### **Aktivitetspark/festivalområde**

Spleiselag med mange aktørar. Aktivitetsparken AS har samla inn 6 mill kr. Arbeid med landskapsforming av amfi, og areal til skateområdet mm. Det vert derfor ikkje naudsynt med kommunale midlar i 2021 og 2022. Ferdigstilling er kalkulert til ytterlegare 12 mill kr.

#### **Kjøp nye bilar**

Kjøp av bilar i ulike tenesteområde:

1. Utskifting av eldre bilar i Bygg og eigedom, utgjør 500 000 kr årleg.
2. Bil brannvern. Inngått avtale om brannvernteneste til Ulvik og Eidfjord med verknad frå 01.01.2020 medfører at førebyggjande brannvern treng bil. Investeringa er sjølvfinansierande gjennom inntekter frå Ulvik og Eidfjord-avtalen. Det er ynskjeleg at det vert kjøpt ein elbil. Avtalen gjev opning for sal av feieteneste til dei 2 kommunane.

#### **Strandpromenade/stemneplass**

Uferdig strandpromenade etablert etter utfylling i Vangsvatnet. Planlagt ljøs og møblering manglar. Konsekvens: redusert brukskvalitet delar av året.

#### **Utbyggingsavt. Park**

Fortettingsprosjekt i sentrum. Arealet er regulert gjennom detaljreguleringsplan for Park hotell Vossevangen p-id 2013007. Det er inngått utbyggingsavtale med utbyggjar. Det er avtalt ei kostnadsfordeling mellom Voss kommune og utbyggjar. Utbyggjar gjev Voss herad eit kontantbidrag slik at definerte tiltak i området kan gjennomførast. Voss herad skal vera ansvarleg for utbygginga. Dette er eit viktig tiltak i samband med offentlig tilrettelegging for god bustadfortetting i sentrum. Prosjektet må gjennomførast innan tidsfrist, elles vil kommunen miste kontantbidraget. Frist 2025

## 5. Brann og ulukkesvern

### Skildring av dagens verksemd

Tenesteområdet inneheld arbeid og tiltak for å førebyggja brannar og andre ulukker. Hovudaktiviteten er feiing av piper og tilsyn som vert dekkja av feiegebyret. Feiing i Voss herad er eit eige sjølvkostområde der gebyr dekkjer kostnadene. I tillegg kjem tilsyn av særskilte brannobjekt. Dei tilsette arbeider også med kurs og opplæring for å tryggja innbyggjarane.

Tenesteområdet omfattar også drift av brannvesenet i kommunen. Herunder kjem interkommunal oljevernberedskap og annan beredskap mot brann- og eksplosjonsarta ulukker. Hovudbrannstasjonen på Voss har 4-delt vaktordning med 6 personar i kvart vaktlag. I tillegg er det 3 bistasjonar stasjonert på Evanger, Vossestrand og i Granvin med frivillig mannskap knytt opp mot stasjonane.

Voss brannvern har inngått avtale med Eidfjord kommune og Ulvik herad om å selja brannsjeftejenester til desse kommunane. Voss herad er frå 2020 del av Vest Brann og redning.

### Status og utfordringar

Tilsyn frå Arbeidstilsynet i 2017 viste at Voss herad ikkje har tilfredsstillande tilhøve for brannmannskap og feiarar verken på hovudbrannstasjonen på Vangen eller bistasjonane på Vossestrand og i Granvin. Eksisterande hovudbrannstasjon er verken funksjonell eller har plass nok til naudsynt personale etter kommunesamanslåinga. Vidare har brannmannskap krav på trygge tilhøve å utøva brannberedskapen i. Arbeidstilsynet peikte på så store avvik ved dagens situasjon at dei meinte tilhøva for brannmannskap og feiarar var helsefarlege. For å retta på dette, vart det teke i bruk mellombels modulbygg på Vangen i 2019 og det er utarbeidd eit forprosjekt for ny hovudbrannstasjon. I økonomiplanperioden er det lagt inn midlar til oppstart og bygging av ny stasjon frå 2022. I Granvin er det gjort naudsynte tiltak og ny brannstasjon på Vinje er under bygging.

Tal utrykkingar for brannvernet aukar. Det er ei utfordring for brannvernet at dei må rykkja ut til mange typar oppdrag som dei ikkje nødvendigvis er kvalifisert for, eller har utstyr til å gjennomføra. Tal brannar har gått ned over tid, medan trafikkulukker i same tidsrom har auka.

### Hovudprioriteringar

I økonomiplanperioden vil rådmannen jobba aktivt for å:

Gjennomføra Ny brannordning Voss herad, vedteken av fellesnemnda 25.01.2019 (sak 1/19), stadfesta av Voss heradstyre.

- Etablere lokale for brannmannskap og feiarar som stettar krava i arbeidsmiljølova på hovudbrannstasjonen og alle bistasjonar.
- Få på plass naudsynt utstyr på alle stasjonane.

For å redusere utgifter er det lagt fram eit mogeleg tiltak om å redusere tal bistasjonar, og då fyrst og fremst Evanger som ligg 15-20 min unna Voss hovudbrannstasjon. Tal utrykkingar har gått noko ned på denne stasjonen og det er vanskar med å rekruttera mannskap.

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
			2019	2020	2021	2022
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	14 472	14 435	13 769	13 399	13 399	13 399
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	3 817	3 102	3 848	3 607	3 607	3 607
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	914	1 108	924	924	924	924
Overføringsutgifter	530	146	442	166	166	166
Finansutgifter	676	525	933	933	933	933
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>20 409</b>	<b>19 315</b>	<b>19 915</b>	<b>19 028</b>	<b>19 028</b>	<b>19 028</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salsinntekter	-5 226	-5 075	-5 940	-5 194	-5 194	-5 194
Refusjonar	-1 319	-731	-442	-701	-701	-701
Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-455	-91	-88	-88	-88	-88
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-7 000</b>	<b>-5 897</b>	<b>-6 470</b>	<b>-5 983</b>	<b>-5 983</b>	<b>-5 983</b>
<b>Sum</b>	<b>13 409</b>	<b>13 418</b>	<b>13 445</b>	<b>13 045</b>	<b>13 045</b>	<b>13 045</b>

### Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2021	2022	2023	2024
<b>Vedtatt budsjett</b>		<b>13 418</b>	<b>13 418</b>	<b>13 418</b>	<b>13 418</b>
<b>Sum Tekniske justeringar</b>		<b>-80</b>	<b>-80</b>	<b>-80</b>	<b>-80</b>
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>		<b>-80</b>	<b>-80</b>	<b>-80</b>	<b>-80</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>13 337</b>	<b>13 337</b>	<b>13 337</b>	<b>13 337</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Harmonisering til brannordning	Teknisk	-300	-300	-300	-300
Redusera tal bistasjonar	Teknisk	0	-400	-400	-400
Andre tiltak	Teknisk	408	408	408	408
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>108</b>	<b>-292</b>	<b>-292</b>	<b>-292</b>
<b>Nye tiltak og realendringar budsjett</b>		<b>108</b>	<b>-292</b>	<b>-292</b>	<b>-292</b>
<b>Ramme 2021-2024</b>		<b>13 445</b>	<b>13 045</b>	<b>13 045</b>	<b>13 045</b>

## Nye tiltak

### Harmonisering til brannordning

Harmonisering av brannvernet til nivå fastsett i brannordning for Voss herad, som var vedteken 25.01.2019 i Fellesnemnda sak 1/19. Reduksjon i tal frivillig brannmannskap til nivå fastsett i brannordninga ved naturleg avgang.

### Redusera tal bistasjonar

Voss brannvern har etter kommunesamanslåinga 1 hovudbrannstasjon på Voss og 3 bistasjonar på Vossestrand, Evanger og Granvin. Evanger bistasjon har lite utrykkingar og det er vanskeleg å skaffa mannskap som bur på Evanger. Økonomiske konsekvensar er reduserte kostnader med mannskap. Det er mogeleg å nytta ny brannbil på hovudstasjonen i staden for å kjøpa ny der. Det vil verta inntil 20 min lenger utrykkingstid til hendingar i vest på E16 mot Vaksdal (eiga konsekvensvurdering). Evanger kraftstasjon sikrar låge driftsutgifter til lokala og vil mista nærkontakt med brannvern.

## Investeringsbudsjett

Investeringsprosjekt	Økonomiplan				Sum 2021-24
	2021	2022	2023	2024	
<i>Beløp i 1000</i>					
<b>Brann og ulukkesvern</b>					
Brannstasjon Vossestrand	3 750	0	0	0	3 750
Hovudbrannstasjon	0	20 000	55 000	0	75 000
Kjøp nye bilar	500	0	0	0	500
<b>Sum Brann og ulukkesvern</b>	<b>4 250</b>	<b>20 000</b>	<b>55 000</b>	<b>0</b>	<b>79 250</b>

### Brannstasjon Vossestrand

I budsjett 2020 er det løyvt 4,375 mill.kr inkl mva, og leverandør er vald.

### Hovudbrannstasjon

Det er gjennomført kostnads kalkyle for totalenterprise for ny hovudbrannstasjon i august 2020. Dette gjeld ny plassering av brannstasjon med tillegg for 2 års prisvekst. Tomtekostnad kjem utanom.

### Kjøp nye bilar

Kjøp av bilar i ulike tenesteområde:

1. Utskifting av eldre bilar i Bygg og eigeidom, utgjør 500 000 kr årleg.
2. Bil brannvern. Inngått avtale om brannvernteneste til Ulvik og Eidfjord med verknad frå 01.01.2020 medfører at førebyggjande brannvern treng bil. Investeringa er sjølvfinansierande gjennom inntekter frå Ulvik og Eidfjord-avtalen. Det er ynskjeleg at det vert kjøpt ein elbil. Avtalen gjev opning for sal av feieteneste til dei 2 kommunane.

## 6. Vatn, avlaup og renovasjon

### Skildring av dagens verksemd

Tenesteområdet omfattar drift, vedlikehald og investering i kommunale vatn- og avløpsanlegg (VA-anlegg). Renovasjon er delegert til det interkommunale selskapet Indre Hordaland Miljøverk (IHM IKS).

Hovudoppgåvene er å produsera tilstrekkeleg vatn med god kvalitet til abonnentane og syta for å ta vare på avløpsvatnet frå kommunal kloakk, industri og spreidd busetnad på ein måte som hindrar at det oppstår miljøulemper i vassdrag og sjø. Tøming og handsaming av slam frå septiktankar og tømestasjon for bubilar sorterar også innafor dette tenesteområdet.

Tidlegare Voss kommune har 8 vassbehandlingsanlegg, 160 km vassleidningar, 33 pumpestasjonar og 16 høgdebasseng. Tilsvarende utgjør avløpsanlegga 11 reinseanlegg, 118 km spillvassleidningar og 28 pumpestasjonar. Tidlegare Granvin har 2 vassbehandlingsanlegg men ikkje reinseanlegg, berre slamavskiljarar som vert tømt regelmessig. I tillegg kjem Oksenhalvøya med 1 mindre vassbehandlingsanlegg med 10 abonnentar og ein stor slamavskiljar.

Vatn og avløpshandtering i Voss herad er eigne sjølvkostområde. Det vert utarbeida kalkylar for kvart enkelt sjølvkostområde, med indirekte kostnader frå andre tenesteområde som del av grunnlaget.

Kommunen har eigne gebyrforskrifter vedtekne i 2020 både for vatn, avløp og slamtøming.

Ny vann og avløpsplan for Myrkdalen vart vedteken i vår som slår fast at Voss herad skal byggja ut kommunalt VA-anlegg som løyser ut heile dalen. Her vil heradet investera store summar dei neste 5-10 åra.

### Status og utfordringar

Vatn og avløp står framfor store utfordringar. Kommunen arbeider med å få bygd eit reservevassverk i Bømoen. I dag er all vassforsyning i sentrumsområdet forsynt frå grunnvassbrønner i Prestegardsmoen. Dette er ei sårbar løysing, og det er venta at heradet har eit reserveanlegg på plass i Bømoen i løpet av økonomiplanperioden. Driftsutgifter vert dekkja av gebyr og er derfor ikkje synleg i nettoramma.

Det er planlagt ein gjennomgang og revisjon av hovudplan vatn. Heradet vil spesielt ha fokus på å auka utskifting av leidningsnett for å hindra ikkje-planlagde brot. Gjennom auka separering av overflatevatn og kloakk kan me redusere mengdene kloakk gjennom pumper, leidningsnett og reinseanlegget på Gjernes samt redusera kostnadene med å reinsa tilnærma "reint" vatn.

Heradet har vore med i eit utgreiingsarbeid i Myrkdalen for å avklara korleis og kven som skal stå ansvarleg for utbygging av vatn- og avløpsløyserane her. Totalt er det planlagt 3400 bueiningar i Myrkdalen, noko som betyr vassverk og kloakkreinseanlegg på storleik med Vossevangen sine anlegg. Dette arbeidet har resultert i ein ny hovudplan for vatn og avløp for Myrkdalen som slår fast at Voss herad skal stå som utbyggjar av reinseanlegg og vassforsyningsanlegg samt hovudleidningsnett i dalen. I dag er dette løyst hovudsakleg gjennom private anlegg som i følge planen skal sanerast når kommunalt anlegg er bygd ut.

### Hovudprioriteringar

I økonomiplanperioden vil rådmannen jobba aktivt med:

- Planlegging, vurdering og val av løysingar for nytt reservevassverk på Bømoen.
- Gjennomføra utbygging av vatn- og avløpsanlegg i Myrkdalen i samsvar med ny vedteken hovudplan.
- Etablere langsiktig strategi for utskifting og rehabilitering av eksisterande vatn- og avløpsnett.
- Oppfølging av hovudplan avløp.
- Gjennomgang og revisjon av hovudplan vatn.

## Driftsbudsjett

## Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Økonomiplan			
			2021	2022	2023	2024
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	13 917	14 655	14 632	14 617	14 617	14 617
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	22 847	18 054	23 276	23 276	23 276	23 276
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	3 495	4 418	4 890	4 890	4 890	4 890
Finansutgifter	9 436	8 895	8 891	8 891	8 891	8 891
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>49 771</b>	<b>46 021</b>	<b>51 689</b>	<b>51 674</b>	<b>51 674</b>	<b>51 674</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salsinntekter	-51 109	-47 859	-50 976	-50 976	-50 976	-50 976
Refusjonar	-167	0	0	15	15	15
Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-4 287	-1 975	-6 049	-6 049	-6 049	-6 049
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-55 563</b>	<b>-49 834</b>	<b>-57 025</b>	<b>-57 010</b>	<b>-57 010</b>	<b>-57 010</b>
<b>Sum</b>	<b>-5 792</b>	<b>-3 813</b>	<b>-5 336</b>	<b>-5 336</b>	<b>-5 336</b>	<b>-5 336</b>

## Driftsbudsjett med endringer

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2021	2022	2023	2024
<b>Vedtatt budsjett</b>		<b>-3 813</b>	<b>-3 813</b>	<b>-3 813</b>	<b>-3 813</b>
<b>Sum Tekniske justeringar</b>		<b>-1 519</b>	<b>-1 519</b>	<b>-1 519</b>	<b>-1 519</b>
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>		<b>-1 519</b>	<b>-1 519</b>	<b>-1 519</b>	<b>-1 519</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>-5 332</b>	<b>-5 332</b>	<b>-5 332</b>	<b>-5 332</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Andre tiltak	Teknisk	-4	-4	-4	-4
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>-4</b>	<b>-4</b>	<b>-4</b>	<b>-4</b>
<b>Nye tiltak og realendringar budsjett</b>		<b>-4</b>	<b>-4</b>	<b>-4</b>	<b>-4</b>
<b>Ramme 2021-2024</b>		<b>-5 336</b>	<b>-5 336</b>	<b>-5 336</b>	<b>-5 336</b>

## Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

Investeringsprosjekt Vatn, avlaup og renovasjon	Økonomiplan				Sum 2021-24
	2021	2022	2023	2024	
Avløpsanlegg Myrkdalen HP VA	0	25 000	27 500	37 500	90 000
Bømoen reserve vassverk	7 500	6 250	22 500	0	36 250
Hagahaugen høgdebasseng oppgradering	12 500	0	0	0	12 500
Hovudplan avlaup	3 750	3 750	3 750	3 750	15 000
Hovudplan vatn	3 750	3 750	3 750	3 750	15 000
Vassanlegg Myrkdalen HP VA	0	12 500	15 000	25 000	52 500
<b>Sum Vatn, avlaup og renovasjon</b>	<b>27 500</b>	<b>51 250</b>	<b>72 500</b>	<b>70 000</b>	<b>221 250</b>

## Avløpsanlegg Myrkdalen HP VA

I tråd med Hovudplan VA Myrkdalen (vedtak 18.6.2020) - avløpsanlegg sjølvkostfinansiert. Ifølgje "NOTAT gebyrgrunnlag i samband med hovudplan VA Myrkdalen" er tala basert på kostnadsalternativ "b) utbyggingskost oppjustert med 50%", prisjustert for forventa prisvekst og lagt til mva

### **Bømoen reserve vassverk**

Arbeid med prøvepumping og strømningskart er nær ferdig. Bygging av vassanlegg, høgdebasseng og leidningsnett vil skje i økonomiplanperioden. Dersom noko skjer med dagens vasskjelde i Prestegardsmoen, har ikkje Voss reservevatn pr dato. Viktig at Bømoen kjem i drift. Sjølvfinansiering.

### **Hagahaugen høgdebasseng oppgradering**

Gamalt høgdebasseng i fjell vert renovert og utvida i tråd med dagens krav til sikkerheit. Viktig for å oppretthalda god vasskvalitet. Sjølvfinansiering.

### **Hovudplan avlaup**

Det er årleg sett av inntil 3 mill. til investering i nyanlegg og oppgradering/separering av leidningsnett. Tiltaket er sjølvfinansierande med brukarbetaling.

### **Hovudplan vatn**

Det er årleg sett av inntil 3 mill. til investering i nyanlegg og oppgradering av gammalt leidningsnett. Tiltaket er sjølvfinansierande med brukarbetaling.

### **Vassanlegg Myrkdalen HP VA**


I tråd med Hovudplan VA Myrkdalen (vedtak 18.6.2020) - vassanlegg sjølvkostfinansiert. Ifølgje "NOTAT gebyrgrunnlag i samband med hovudplan VA Myrkdalen" er tala basert på kostnadsalternativ "b) utbyggingskost oppjustert med 50%", prisjustert for forventta prisvekst og lagt til mva.

## 7. Politisk styring

### Skildring av dagens verksemd

Politisk styring omfattar politisk organisasjon og systema som vert nytta i den politiske styringa av Voss herad. Den politiske organiseringa er vist i figuren under.

Tenesteområdet har ansvar for å leggja til rette for og avvikla politiske møter, arbeidsvilkår for folkevalde, utlegging av politiske saker og kontakt mellom dei folkevalde og administrasjonen. Ansvar for førebuing til og avviking av stortingsval og kommunestyre- og fylkestingsval ligg også her.



### Driftsbudsjett

#### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	5 083	3 785	4 108	4 108	4 108	4 108
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	1 953	1 342	1 725	1 725	1 725	1 725
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	1 827	1 619	1 624	1 624	1 624	1 624
Overføringsutgifter	518	949	974	974	974	974
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>9 380</b>	<b>7 695</b>	<b>8 430</b>	<b>8 430</b>	<b>8 430</b>	<b>8 430</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salsinntekter	-284	0	-20	-20	-20	-20
Refusjonar	-290	-90	-185	-185	-185	-185
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-851</b>	<b>-90</b>	<b>-205</b>	<b>-205</b>	<b>-205</b>	<b>-205</b>
<b>Sum</b>	<b>8 529</b>	<b>7 605</b>	<b>8 225</b>	<b>8 225</b>	<b>8 225</b>	<b>8 225</b>

### Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2021	2022	2023	2024
<b>Vedtatt budsjett</b>	<b>7 605</b>	<b>7 605</b>	<b>7 605</b>	<b>7 605</b>
Sum Tekniske justeringar	619	619	619	619
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>	<b>619</b>	<b>619</b>	<b>619</b>	<b>619</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>	<b>8 225</b>	<b>8 225</b>	<b>8 225</b>	<b>8 225</b>
<b>Ramme 2021-2024</b>	<b>8 225</b>	<b>8 225</b>	<b>8 225</b>	<b>8 225</b>

## 8. Finansielle poster/økonomi

### Skildring av dagens verksemd

Tenesteområdet er ei samling av diverse poster som består av Kostra funksjonane for rekneskapstekniske poster for pensjon (Premieavvik, amortisering premieavvik, premiefond mv), kraftinntekter og -utgifter, og motpost for avskrivningar. Det er verdt å merka seg at kommunalt rekneskap er svært forskjellig frå privat sektor. Mellom anna har ikkje avskrivningane netto resultateffekt, men låneavdraga har det.

### Status og utfordringar

Kvart tenesteområde må føra pensjon på sine område basert på lønsutgiftene dei har, men det vil i tillegg oppstå eit rekneskapsmessig avvik som vert ført sentralt. Dette premieavviket framkjem som forskjellen mellom det kommunen skal betala av premier, og det som skal bokførast etter eigne reglar i rekneskapsåret. Storleiken på avviket varierar ofte frå år til år, og avheng av kor mykje premiefond som vert nytta. Tidlegare års premieavvik skal amortiserast over eitt år. Det vil seie at det avviket som oppstod førre året skal belastast inneverande rekneskapsår. Rådmannen legg til grunn ei stabil bruk av premiefond i planperioden på 18 mill.kr.

Prognosen på pensjonsavvik ligg på 2020-nivå. Kommunen sine leverandører på dette området kjem med budsjett for 2021 seinare på året, og pensjonsavviket vil derfor justerast i detaljbudsjettet på hausten.

Kjøp og sal av konsesjonskraft er også ein av dei større postane på dette tenesteområdet. Konsesjonskraft vert seld kvart år, og inntektene kommunen får her varierar ettersom kraftprisen varierer med marknaden. I 2020 var omtrent 60 Gwh seld, for 35,24 øre /kwh. Kraftprisane har hatt ein betydeleg nedgang i 2020, og budsjettet med ein salspris på 25 øre/kwh for 2021. Det utgjer ein reduksjon i salsinntekter på ca 7 mill.kr.

Avskrivningar er justert til 2021-nivå. I følgje kommunelova med tilhøyrande forskrifter skal avskrivningar førast i rekneskapen som uttrykk for kapitalslit og elde av investeringar. Ulik avskrivningstid og tilførsel av nye investeringar, medfører at det er variasjon i avskrivingskostnad mellom rekneskapsåra. For økonomiplan 2021-2024 er det teke høgde for avskrivningar frå tidlegare Voss og Granvin, og berekna framtidig kostnad til rett teneste innafør kvart enkelt tenesteområde i Voss herad.

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Økonomiplan			
			2021	2022	2023	2024
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	-30 866	-26 767	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	583	263	338	338	338	338
Overføringsutgifter	5 582	8 395	9 100	9 100	9 100	9 100
Finansutgifter	85 162	101 719	89 789	92 628	109 298	123 509
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>60 736</b>	<b>83 610</b>	<b>69 227</b>	<b>72 066</b>	<b>88 736</b>	<b>102 947</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salsinntekter	-19 141	-22 789	-15 450	-15 450	-15 450	-15 450
Overføringsinntekter	-1 048 940	-1 100 146	-1 085 738	-1 086 177	-1 097 007	-1 108 518
Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-118 321	-81 692	-85 220	-84 720	-86 360	-86 360
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-1 182 273</b>	<b>-1 204 626</b>	<b>-1 186 408</b>	<b>-1 186 347</b>	<b>-1 198 817</b>	<b>-1 210 328</b>
<b>Sum</b>	<b>-1 121 537</b>	<b>-1 121 016</b>	<b>-1 117 181</b>	<b>-1 114 281</b>	<b>-1 110 081</b>	<b>-1 107 381</b>

### Driftsbudsjett med endringer

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2021	2022	2023	2024
<b>Vedtatt budsjett</b>		<b>-88 083</b>	<b>-88 083</b>	<b>-88 083</b>	<b>-88 083</b>
<b>Sum Tekniske justeringar</b>		<b>6 786</b>	<b>6 786</b>	<b>6 786</b>	<b>6 786</b>
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>		<b>6 786</b>	<b>6 786</b>	<b>6 786</b>	<b>6 786</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>-81 297</b>	<b>-81 297</b>	<b>-81 297</b>	<b>-81 297</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Andre tiltak	Finans	-18 374	-18 374	-18 374	-18 374
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>-18 374</b>	<b>-18 374</b>	<b>-18 374</b>	<b>-18 374</b>
<b>Nye tiltak og realendringar budsjett</b>		<b>-18 374</b>	<b>-18 374</b>	<b>-18 374</b>	<b>-18 374</b>
<b>Ramme 2021-2024</b>		<b>-99 670</b>	<b>-99 670</b>	<b>-99 670</b>	<b>-99 670</b>

### Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

Investeringsprosjekt Finansielle postar/økonomi	Økonomiplan				Sum 2021-24
	2021	2022	2023	2024	
Eigenkapitalinnskott KLP	3 400	3 400	3 400	3 400	13 600
<b>Sum Finansielle postar/økonomi</b>	<b>3 400</b>	<b>3 400</b>	<b>3 400</b>	<b>3 400</b>	<b>13 600</b>

## 9. Grunnskule

### Skildring av dagens verksemd

Voss herad vil gi undervisingstilbod ved 11 grunnskular, der 8 er reine barneskular, to kombinerte barne og ungdomsskular (Vossestrand og Granvin), og éin rein ungdomsskule. Skuleåret 2020/2021 var elevtalet 1858. Av desse går 1302 på barneskulen og 556 på ungdomsskulen.

Tenestetilbodet omfattar også SFO tilbod ved 10 grunnskular. Me har utvida SFO på skular der meir enn ti elevar ynskjer dette tilbodet. Andre elevar får tilbod om utvida SFO på dei skulane som har eit slikt tilbod. Inneverande skuleår er det utvida SFO på Vangen og Gullfjordungen skular. Utvida SFO er eit tilbod i haust- og vinterferie, samt tre vekar i sommarferien.

### Status og utfordringar

Skulesektoren er ein sektor med utfordringar på fleire område og på fleire nivå.

Mange elevar har behov for spesialpedagogisk hjelp, og behovet aukar når elevane kjem på dei høgste trinna. I tillegg får dei som treng spesialpedagogisk hjelp mykje hjelp, og mange får hjelp utanfor klasserommet. Me bør bruke meir ressursar på elevane på dei lågare trinna og hjelp gjeven i klassen framover. Tidleg innsats og førebygging vil bidra til at behovet for hjelp på eit seinare tidspunkt minkar. Dette krev omdisponering av ressursar til bemanning, kompetanseheving og tilrettelegging av bygg slik at desse vert funksjonelle til den elevgruppa me har til ei kvar tid. Grunnskulen skal redusera kostnader med tilsaman 6,3 mill. Dette krev at me må ha eit nedtrekk på fleire nivå og fleire områder. Dette medfører at skulane sine prioriteringar og måten ein organiserer tenesta si må endrast for å kunne oppretthalde ein god kvalitet på tenestetilbodet. Innanfor budsjettet til skulane må det jobbast med å redusera utgifter, slik at me kan skapa rom til å bruka meir ressursar på tidleg innsats og førebygging.

Dei nye fagplanane vart innført hausten 2020. I dei nye læreplanane, ligg det eit auka fokus på digitalisering, koding, programmering og digitale verktøy. Skal me møta dei nye krava i ny læreplan, fordrar det ei større digital satsing. Som ein konsekvens av fagfornyinga har difor Voss herad prioritert digitalisering i inneverande skuleår. Me har innført læringsbrett for 2. til 4. trinn, me har ein dekningsgrad på 1:1 dekning på ungdomstrinn, medan me har 1:1 dekning på fleire av skulane. Digitalisering medfører auka kostnader til smarte tavler, læringsressursar og lisensar. Fagfornyinga krev også at læreverk og læremidlar må fornyast.

Bygningsmassen til skulane ber preg av slitasje og dårleg vedlikehald. Fleire av skulane er ikkje godkjend innan miljøretta helsevern. Fleire av skulane er no bestemt rehabilitert. Dette gjeld Skulestad skule, Vangen skule og Voss ungdomsskule som alle treng vesentleg utbetring. Ved utbetring av skular er det viktig å tenka heilskaplege og langsiktig i samsvar med prognosar på elevtal. Det er også viktig å leggja til rette for spesialundervisning og born med nedsett funksjonsevne.

Fleire av dei andre skulane har også store behov for rehabilitering. Det bør prioriterast eit generelt vedlikehaldsløft for alle skulane.

God trivsel er ein føresetnad for læring. Me må stadig jobba for eit betre skulemiljø. Fleire skular har hatt ei negativ utvikling på dette området. Me treng difor å auka merksemda på dette. Fem av skulane i heradet skal delta på den statleg initiert satsinga "Innkluenderande barnehage- og skulemiljø", pulje 5. Vårt mål er at dette arbeidet skal ha positiv innverknad på heile vossaskulen.

Tenesteområdet Grunnskule har ikkje klart å halda budsjettet siste åra. Avdelinga ser ut til å gå mot balanse i 2020 etter eit stort fokus på økonomi gjennom året.

## Hovudprioriteringar

I planperioden vil følgende tiltak prioriterast:

- Skapa økonomisk rom til å gjennomføra tidleg innsats for dei minste elevane
- Sikra god digital satsing og nye læreverk slik at me er rusta til Fagfornyinga
- Gjennomføra naudsynte utbetringar av Vangen, Skulestad og Voss ungdomsskule, samt nødvendig vedlikehald på skulane
- Realisera effektiviseringskravet på kr. 3 mill.

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Regnskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	226 949	230 537	226 776	227 730	229 030	228 530
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	35 208	29 968	31 860	31 660	31 660	31 660
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	16 614	6 772	6 886	6 886	6 886	6 886
Overføringsutgifter	6 044	3 844	3 844	644	-2 856	-3 856
Finansutgifter	13 778	8 247	13 071	13 071	13 071	13 071
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>298 593</b>	<b>279 369</b>	<b>282 437</b>	<b>279 991</b>	<b>277 791</b>	<b>276 291</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salgsinntekter	-8 463	-9 154	-9 443	-9 443	-9 443	-9 443
Refusjoner	-37 047	-22 531	-26 292	-26 206	-26 206	-26 206
Overføringsinntekter	-134	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 538	0	0	0	0	0
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-47 183</b>	<b>-31 685</b>	<b>-35 735</b>	<b>-35 649</b>	<b>-35 649</b>	<b>-35 649</b>
<b>Sum</b>	<b>251 411</b>	<b>247 685</b>	<b>246 702</b>	<b>244 342</b>	<b>242 142</b>	<b>240 642</b>

### Driftsbudsjett med endringar

## Økonomiplan for 2021-2024

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2021	2022	2023	2024
<b>Vedtatt budsjett</b>		<b>247 685</b>	<b>247 685</b>	<b>247 685</b>	<b>247 685</b>
Sum Tekniske justeringer		2 834	2 834	2 834	2 834
Sum Budsjettendring i år		-200	-200	-200	-200
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>		<b>2 634</b>	<b>2 634</b>	<b>2 634</b>	<b>2 634</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>250 319</b>	<b>250 319</b>	<b>250 319</b>	<b>250 319</b>
<b>Innsparingstiltak</b>					
Effektiviseringskrav	Oppvekst	-1 800	-1 800	0	0
<b>Sum Innsparingstiltak</b>		<b>-1 800</b>	<b>-1 800</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Auke i utleigeinntekter av skulebygg	Oppvekst	-50	-50	-50	-50
Endring i innkjøpsordning	Oppvekst	-100	-100	-100	-100
Reduksjon i sjukefråvær	Oppvekst	-150	-300	-300	-300
Reduserte transportutgifter symjeundervisning	Oppvekst	-200	-400	-400	-400
Spesialundervisning	Oppvekst	-1 700	-2 500	-3 000	-3 500
Andre tiltak	Teknisk	384	-826	-4 326	-5 326
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>-1 816</b>	<b>-4 176</b>	<b>-8 176</b>	<b>-9 676</b>
<b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>		<b>-3 616</b>	<b>-5 976</b>	<b>-8 176</b>	<b>-9 676</b>
<b>Ramme 2021-2024</b>		<b>246 702</b>	<b>244 342</b>	<b>242 142</b>	<b>240 642</b>

### Innsparingstiltak

#### Grunnskule

Effektiviseringskravet vil fordelast ut på skulane gjennom ny modell for tildeling av ressursar. Rådmannen vil utarbeide ein ny modell der ressursar vert tildelt basert på tal elever. Dei små skulane må kompenseras, då det er dyrare å drive små enn dyre skular. I tillegg til å få tilskot for kvar elev, vil skulane få tilskot basert på behov for spesialundervisning. Den nye tildelingsmodellen skal ta inn i seg at skulane må ha bemanning i tråd med lærarnorm og styrking av dei lågaste trinna. Ny tildelingsmodell vil ta inn over seg dei innsparingane me elles har lagt opp til innan grunnskule. Den einskilde skule må då ha ein prosess med tillitsvalde og tilsette, der ein finn fram til lokale tiltak som gjer til at skulen går i balanse.

#### Auke i utleigeinntekter av skulebygg

Me vil sjå på utleigeordningane i skulen. Det er positivt at skulane kan nyttast av andre enn berre tilsette og elevar. Skulane står i hovudsak tomme på ettermiddag og kveld. Då er det bra at lag og organisasjonar kan ta dei i bruk.

Det er også mogleg at ein kan ha ein differensiering i leigekostnadene ut ifrå leigetakarar betalingsevne. Det er ikkje alle skular som vert brukt like mykje. I kva grad nokon kan få høgare inntekter på dette vil difor variere.

#### Endring i innkjøpsordning

Me vil sjå på innkjøpsordninga for både barnehage og skule. For begge avdelingane trur me det vil vere mogleg å gjere innsparingar ved å ha betre innkjøpsordningar.

#### Reduksjon i sjukefråvær

Sjukefråværet i kommunen er høgt, og me har eit mål om å redusera fråvær i 2021. Dette er eit usikkert innsparingstiltak sett i lys av koronasituasjonen. Det er sett i gang eit godt arbeid med leiarutvikling frå rådmannsnivå, og me har tru på at god leiing i heile heradet vil føre til reduksjon i sjukefråværet.

#### Reduserte transportutgifter symjeundervisning

Mange skular er avhengig av å nytta buss til dømes når dei skal ha symjeundervisning i Vossabadet.

Ved å omstrukturere svømmeundervisninga til lengre økter i bassenget, er det mogleg å gjere innsparingar knytt til transport. Dette vil ha ein positiv effekt på miljøet, men det kan også vere positivt for kvaliteten på svømmeopplæringa. Målet er at elevane skal få nok tid i bassenget til at dei når læringsmåla, men dei vil kanskje få færre turar i Vossabadet i løpet av eit skuleår.

### Samlokalisering av oppveksttenester i vest

For å redusera utgifter må det vurderast innsparingspotensiale innan effektivitet, endringar og struktur. Voss herad har mange formålsbygg og tilbyr både barnehagar og grunnskule i einingar som er relativt små. Dette kan gjerast i eit samla oppvekstsenter. Dette vil gje borna eit betre fagleg tilbod, og ei meir effektiv og robust drift. I dette framlegget av økonomiplan er det lagt fram som eit mogleg tiltak som det må jobbast vidare med.

### Spesialundervisning

I 2021 legg grunnskule opp til innsparingar innan spesialundervisning på totalt 1,7 millionar. Dette skal gjerast gjennom endring av korleis me både organiserer spesialundervisninga, og ved gjennomgang av sakkunnige frå PPT, samt vedtak frå rektorane. Det er eit nasjonalt problem at ein ikkje oppnår ønska resultat med spesialundervisninga. Stortingsmelding 6 – «Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO» peiker på at fleire elevar bør få betre tilrettelegging av undervisning i klasserommet, ikkje takast ut på eit grupperom. Nokre elevar treng tid åleine med ein pedagog, men på Voss har me eit inntrykk av at det er fleire som anten kunne vore i lag med andre i ei gruppe, eller at dei kunne vore i klasserommet i staden for å vere ute i gruppe.

Me ser også at me i større grad kan gje ressursar knytt til einskildelevar i eit kortare tidsrom. Ein elev kan ha større utbytte av å få eit intensivt lesekurs for så å komme attende til ordinær tilpassa undervisning i klasserommet, i staden for at eleven skal ha to timar med lesetrening kvar veke heile året.

Rådmannen er i gang med dette arbeidet. Det vil lagast ein strategi for korleis me kan gje god tilpassa opplæring til alle elevar i heradet, som samtidig krev mindre ressursar.

### Investeringsbudsjett

Investeringsprosjekt	Økonomiplan				Sum 2021-24
	2021	2022	2023	2024	
<i>Beløp i 1000</i>					
<b>Grunnskule</b>					
Brannføre. tiltak	1 250	1 250	1 250	1 250	5 000
Diverse takrehab. kommunale bygg	2 500	3 750	3 750	0	10 000
Inventar/utstyr skuler og barnehager	1 896	0	0	0	1 896
Miljøretta helsevern/større vedl. ute/inne	1 250	2 500	2 500	2 500	8 750
Rehab sanitær/toalett skular	2 500	2 500	2 500	0	7 500
Tilpass. for elevar m/særlege behov	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000
Tiltak skulebygg	22 500	0	0	0	22 500
Ungdomsskulen idrettsfløy	0	37 500	43 750	0	81 250
<b>Sum Grunnskule</b>	<b>34 396</b>	<b>50 000</b>	<b>56 250</b>	<b>6 250</b>	<b>146 896</b>

#### Brannføre. tiltak

Oppretting av feil og manglar etter tilsyn på bygg mm.

#### Diverse takrehab. kommunale bygg

Behov for rehabilitering av tak på kommunale bygningar, både barnehagar, skular, bustader og anna. Det er lekkasjar, laus takstein, utdatert papp etc. Det er trong for årlege løyvingar i perioden.

#### Inventar/utstyr skuler og barnehager

Potten er ein samlepost for alle barnehagar og grunnskular til årleg fornying av større inventar/utstyr.

#### **Miljøretta helsevern/større vedl. ute/inne**

Skular og barnehagar skal godkjennast i høve miljøretta helsevern. Eldre bygg har behov for utskifting og oppgradering etter desse rundane.

#### **Rehab sanitær/toalett skular**

Mange av skulane våre har gamle og utslitte toalett. Arbeid med utskifting av desse har starta opp og vert skifta ut etter prioriteringsliste.

#### **Tilpass. for elevar m/særlege behov**

Det er kvart år trong for investeringsmidlar til tilpassing av skular og barnehagar for å ta imot elevar/barn med særskilte behov. Slike tiltak er ofte adhoc-opppdrag som kjem på våren utan at ein får planlagt særleg nøye då det må vera ferdig til skule/barnehagestart.

#### **Tiltak skulebygg**

1. Vangen skule vert rehabilitert innanfor ei økonomisk ramme på totalt 17,5 millionar kr. Ventilasjon, ombygging og optimalisering av underetasje skal prioriterast først. Utover dette skal pengane nyttast til nytt tak og oppgradering av klasserom og gangareal slik at skulen kan bli godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern (vedtak i heradsstyret 22.10.20, handsama i sak 97/20).

2. Det blir engasjert ein arkitekt som ser korleis Skulestad skule kan byggjast om slik at den tilfredsstiller krav for personale og elevar i framtida.

#### **Ungdomsskulen idrettsfløy**

Frå vedtak i heradsstyret i sak 98/20: Det vert sett i gang utbygging av Voss ungdomskule i tråd med Alternativ A og innanfor ei maksimal budsjetttramme på 82,3 millionar eks. moms. Denne prisen inkluderer oppjustering av skuleplass, etablering av grunnplan (punkt 2) og tilførte spelemidlar på 5 millionar.

Det skal etablerast eit grunnplan på 800 m<sup>2</sup> mot idrettstorg.

Voss idrettshall skal leggjast til rette for å kunna delast i to salar. Under føresetnad av at heradsstyre følgjast rådmannen sin tilråding under punkt 1, tilrår rådmannen at garderobeanlegg og deling av speleflate i idrettshallen kjem inn på investeringsplanen til heradet.

Nytt bygg for idretten kan førast opp i «Eksperthaugen», i tråd med skisseprosjekt datert 02.10.2019 og føringar i reguleringsplanar for området.

## **10. Barnehage**

### **Skildring av dagens verksemd**

Tenesteområdet omfattar i dag 10 kommunale og 7 private barnehagar, styrkt barnehagetilbod og Vonheim open barnehage. Det er 814 barn i barnehagane i Voss herad, 475 går i kommunale og 339 i private barnehagar. Hausten 2020 vart Vetlebarnehagen lagt ned og Bolstad barnehage opna. Då får kommunen 10 kommunale og 7 private barnehagar ved inngangen av 2021.

## Status og utfordringar

Hovudutfordringa innan tenesteområdet er å ha nok barnehageplassar slik at alle som ynskjer det får plass, uavhengig av alder og når ein måtte ynskje barnehageplass. Skal Voss herad verta ein attraktiv plass å busetja seg, må kommunen ha tilstrekkeleg kapasitet til veksten.

Alle med rett på plass etter lovkrav, får i dag tilbod om plass. Barn som søker etter fristen eller ynskjer plass utanom hovudopptaket, er det per i dag ikkje plass til. Det har i mange år vore eit press på barnehageplassar i sentrumsområdet, og det er difor viktig skapa rom for å auka tal barnehageplassar i sentrum.

Kommunen har ein del barnehagar som treng nye lokale eller rehabilitering/oppgradering. Det er behov for ein ny barnehage på Bulken. Gjernes, Bjørgamarka og Voss barnehage har behov for rehabilitering/oppgradering, og bør då vurderera moglegheita for å auka tal barnehageplassar i desse barnehagane.

Det er tre barnehagar som har utegrupper, tre kommunale og éin privat. Dette barnehagetilbodet er populært, og i planperioden bør det vurderast om det skal etablerast éin ny utebarnehage der tilbodet i dei tre barnehagane vert samla.

Voss herad jobbar for å få på plass ein digital kommunikasjonsplattform mellom den einskilde kommunale barnehage og foreldre/føresette og vil vera operativ i løpet av 2021.

Barnehagane har innført "startsamtale" med alle foreldre i samband med oppstart i barnehagen. Dette gir barnehagen god kunnskap om barnet. I perioden bør me skapa meir handlingsrom til å jobba med tidleg innsats og førebygging.

Barnehagane på Voss har ein ressursbruk under kostnadsgjennomsnittet for kostragruppe 11. For å redusera utgifter bør det vurderast endringar i barnehagestrukturen. Dette vil i fyrste omgang gje innsparingar knytt til bygg og administrative ressursar. Det vil vera mogleg oppnå nokre innsparingar på drifta, og færre barnehagar kan også vera bra for den faglege kvaliteten i barnehagane.

I statsbudsjettet 2021 er det eit framlegg om å justere ned pensjonsutgiftssatsen, frå 13% til 11% for private kjedebarnhagar. Om ein nyttar delkostnadsnøkkel for 2021 til KS, så vil dette framlegget redusere rammetilskotet med om lag kr. 644 000. Denne reduksjonen skal hentast inn ved lågare driftstilskot til dei aktuelle private barnehagane.

## Hovudprioriteringar

I økonomiplandelen vil me jobba aktivt for å:

- Vidareutvikla ein barnehage til barnet sitt beste
- Arbeide med tidleg innsats og førebygging
- Etablere fleire barnehageplassar i sentrum
- Rehabiliterer og få barnehagebygg tilpassa barnehagedrift

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

## Økonomiplan for 2021-2024

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
			2019	2020	2021	2022
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	91 210	91 380	94 268	94 438	92 588	91 588
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	8 300	7 749	7 777	7 777	7 777	7 777
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal egenproduksjon	59 151	58 399	60 047	62 247	62 247	62 247
Overføringsutgifter	1 375	864	-840	-1 640	-2 840	-2 840
Finansutgifter	3 451	1 570	3 397	3 397	3 397	3 397
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>163 487</b>	<b>159 963</b>	<b>164 649</b>	<b>166 219</b>	<b>163 169</b>	<b>162 169</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salsinntekter	-14 382	-15 236	-15 765	-15 765	-15 765	-15 765
Refusjonar	-12 843	-5 455	-4 256	-4 256	-4 256	-4 256
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-29 831</b>	<b>-20 691</b>	<b>-20 021</b>	<b>-20 021</b>	<b>-20 021</b>	<b>-20 021</b>
<b>Sum</b>	<b>133 656</b>	<b>139 272</b>	<b>144 628</b>	<b>146 198</b>	<b>143 148</b>	<b>142 148</b>

## Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan				
	2021	2022	2023	2024	
<b>Vedtatt budsjett</b>	<b>139 272</b>	<b>139 272</b>	<b>139 272</b>	<b>139 272</b>	
<b>Sum Tekniske justeringar</b>	<b>3 500</b>	<b>3 500</b>	<b>3 500</b>	<b>3 500</b>	
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>	<b>3 500</b>	<b>3 500</b>	<b>3 500</b>	<b>3 500</b>	
<b>Konsekvensjustert ramme</b>	<b>142 771</b>	<b>142 771</b>	<b>142 771</b>	<b>142 771</b>	
<b>Innsparingstiltak</b>					
Effektiviseringskrav	Oppvekst	-500	-200	0	0
<b>Sum Innsparingstiltak</b>		<b>-500</b>	<b>-200</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Barnehagestruktur	Oppvekst	0	-700	-2 650	-3 650
Bemanningsnorma - private barnehagar	Oppvekst	1 600	3 800	3 800	3 800
Endring i innkjøpsordning	Oppvekst	-100	-100	-100	-100
Feriestenging	Oppvekst	-100	-200	-200	-200
Reduksjon i sjukefråvær	Oppvekst	-100	-200	-300	-300
Andre tiltak	Teknisk	1 056	1 826	1 826	1 826
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>2 356</b>	<b>4 426</b>	<b>2 376</b>	<b>1 376</b>
<b>Nye tiltak og realendringar budsjett</b>		<b>1 856</b>	<b>4 226</b>	<b>2 376</b>	<b>1 376</b>
<b>Rest til fordeling (+) / Rest udekket (-)</b>		<b>0</b>	<b>-800</b>	<b>-2 000</b>	<b>-2 000</b>
<b>Ramme 2021-2024</b>		<b>144 628</b>	<b>146 198</b>	<b>143 148</b>	<b>142 148</b>

## Innsparingstiltak

### Barnehage

Barnehagane i Voss driv i dag kostnadseffektivt. Det er difor krevjande å finne korleis me effektivisere ytterlegare 500 000 i tillegg til dei innsparingstiltaka me har skissert. Den einskilde barnehage må ha

prosessar med tillitsvalde og heile tilsettgruppa for å sjå kva innsparringar dei kan få til i økonomiplanperioden. Det vil også gjerast ei utgreiing av barnehagestrukturen i heradet med vurdering av ei best mogleg drift, og om det er råd å redusera tal barnehagar. Ei sak om barnehagestruktur vil bli lagt fram politisk i løpet av vinteren.

### **Barnehagestruktur**

Omorganisering og samlokalisering av villmarksgrupper i barnehagar. Voss barnehage, Bulken og Bjørgamarka barnehage har villmarksgrupper. Dette er eit populært tilbod, men som krev ein del midlar til transport og utstyr. Ein moglegheit kan vere å etablere ein eigen villmarksbarnehage. Dette kan frigje plassar i sentrum. Etablering av villmarksgruppe vil ha ein kostnad som me ikkje har sett på i denne omgang. Det me peikar på i denne omgang er innsparringar barnehagane vil ha ved ei slik samlokalisering.

For å redusera utgifter må det vurderast innsparringspotensiale innan effektivitet, endring i tenestenivå og struktur. Voss herad har mange formålsbygg og tilbyr både barnehagar og grunnskule i einingar som er relativt små. Heradsstyret vedtok i budsjett 2020 å utgreia ei permanent barnehageløysing vest for sentrum. Arbeidet vert seinare utvida til å omhandla barnehagestrukturen i heile heradet.

### **Bemanningsnorma - private barnehagar**

Stortinget har vedteke eit minimumskrav til grunnbemanning (bemanningsnorm) for ordinære barnehagar. Norma stiller krav om at barnehagane har ei bemanning med minimum ein vaksen per tre barn under tre år og ein vaksen per seks barn over tre år. For å finansiera auka utgifter med nye krav har kommunen tidlegare fått tilskot for alle barnehagar, medan det berre er tilskot til private barnehagar i 2020. Frå 2021 skal bemanningsnorma innarbeidast i budsjetta. Dette inneber at kommunen må dekkja meirutgiftene i samsvar med beløp i dette tiltaket.

### **Endring i innkjøpsordning**

Me vil sjå på innkjøpsordninga for både barnehage og skule. For begge avdelingane trur me det vil vere mogleg å gjere innsparringar ved å ha betre innkjøpsordningar.

### **Feriestenging**

Feriestenging utover dei to vekene som ligg i nye vedtekter. Her er det mogleg å sjå på ulike løysingar, anten at barnehagen er heilt stengt i tre veker kvar sumar, eller at barnehagen er stengt fleire dagar i samband med jul og påske. Meir stenging fører til at det i større grad er mogleg å styra ferien til dei tilsette, og kan føre til mindre vikarbruk. Eit redusert barnehagetilbod kan gje negative konsekvensar i eit foreldreperspektiv. Eit alternativ kan også vera at ein barnehage i heradet har oppe i løpet av dei tre vekene der alle dei andre barnehagane er stengt.

### **Reduksjon i sjukefråvær**

Sjukefråværet i kommunen er høgt, og me har eit mål om å redusera fråvær i 2021. Dette er eit usikkert innsparringstiltak sett i lys av koronasituasjonen. Det er sett i gang eit godt arbeid med leiarutvikling frå rådmannsnivå, og me har tru på at god leiing i heile heradet vil føre til reduksjon i sjukefråværet.

### **Samlokalisering av oppveksttenester i vest**

For å redusera utgifter må det vurderast innsparringspotensiale innan effektivitet, endringar og struktur. Voss herad har mange formålsbygg og tilbyr både barnehagar og grunnskule i einingar som er relativt små. Dette kan gjerast i eit samla oppvekstsenter. Dette vil gje borna eit betre fagleg tilbod, og ei meir effektiv og robust drift. I dette framlegget av økonomiplan er det lagt fram som eit mogleg tiltak som det må jobbast vidare med.

### **Investeringsbudsjett**

## Økonomiplan for 2021-2024

<i>Beløp i 1000</i>	<b>Økonomiplan</b>				<b>Sum</b>
<b>Investeringsprosjekt</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2021-24</b>
<b>Barnehage</b>					
Ny barnehage i Granvin	10 000	30 000	7 500	0	47 500
<b>Sum Barnehage</b>	<b>10 000</b>	<b>30 000</b>	<b>7 500</b>	<b>0</b>	<b>47 500</b>

### **Ny barnehage i Granvin**

Vedtak om å byggja ny barnehage i Granvin. Heradstyret har valt Bygdatunet som tomt. Reguleringsplan naudsynt. Planarbeid starta. Byggjstart forventa hausten 2021 med innflytting tidlegast årsskifte 2022/2023.

## 11. Barne- og familietenestene

### Skildring av dagens verksemd

Tenesteområdet omfattar barnevern, pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), helsestasjon og butilbod for einslege mindreårige flyktingar (EM-tiltak). Sistnemnde er etter avtale med IMDi eller Bufetat. I tillegg tilbyr tenesta støttefunksjonar til grunnskule, barnehage og integrering. I tillegg har me fått tilsett tre psykologar som for tida er organisert i barne- og familietenestene

Støttefunksjonane er:

- Kommunale logopedar, ein foreldretreningsterapeutar (PMTO) og Meistringsteam, organisert under PPT.
- Familiesenter med to terapeutar og ein miljøarbeidar, organisert under barnevernet.
- Kommunepsykologar organisert under leiar for barne- og familietenestene.

Barne- og familietenestene og barnevern har ansvar for å gje hjelpetenester til born og unge i alderen 0 – 25 år. I tillegg skal dei yta hjelp til føresette til born og unge.

I årsskiftet 2021/2022 er det planlagt samlokalisering av Barne- og familietenestene i "Knutepunktet".

### Status og utfordringar

Barne- og familietenestene har dei siste åra hatt meirforbruk i høve økonomiske rammer. Dette skuldast høge utgifter innan barneverntenesta. Barneverntenesta har hatt utskifting både i leing og i personalet og høgt fråvær. Også i 2020 ligg barneverntenesta an til å ha utgifter over budsjett, men det vert jobba godt både med økonomi, fag og personell. I åra som kjem trur me det vil vera mogleg å gjera innsparingar, utan at det går ut over kvaliteten.

Barne- og familietenestene har eit overordna ansvar for tidleg innsats og førebygging. Innsparingar innan tenesta bør i fyrste rekke må gå til å styrka dette arbeidet. Tidleg innsats og førebygging er i liten grad lovpålagd. Gevinstane av tidleg innsats kjem når me har jobba med dette i so lang tid, at me ikkje treng å bruka mykje ressursar på reparasjonsarbeid. Reparasjonsarbeid gjer seg uttrykk i spesialundervisning i skulen, omfattande tiltak frå barneverntenesta, utgifter til arbeid med rus og psykiatri eller sosialhjelp. Større grad av familierettleing og kursing er mellom tiltaka me trur vil ha positiv verknad på kommuneøkonomien på sikt.

I tillegg skal kommunen ha kommunepsykolog og barnevernsvakt. Dette er planlagt å ha på plass i løpet av 2020.

Voss herad har eit butilbod for einslege mindreårige (EM-tiltak) som ikkje er lovpålagd, og er ei barnevernteneste. EM-tiltaket skal etter planen byggast ned grunna låg busetjing av einsleg mindreårige. I dette arbeidet må ein ha fokus på den einskilde ungdom sitt behov for oppfølging. Heradsstyret har vedteke at Voss er budd på å ta imot fleire einsleg mindreårige frå Moria.

## Hovudprioriteringar

I økonomiplandelen vil me arbeida aktivt for:

- Tidleg inn med hjelp til born/unge og føresette
- Lågterskeltilbod i barnevernet og barnevernsvakt
- Digitalisering og effektivisering
- Auka tverrfagleg samarbeid og forbetra arbeidsprosessar

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	54 427	53 249	54 938	54 608	54 608	54 608
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	12 002	9 159	8 165	8 165	8 165	8 165
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	7 274	6 159	5 734	5 234	4 734	4 734
Overføringsutgifter	8 144	5 033	4 266	4 266	4 266	4 266
Finansutgifter	98	117	117	117	117	117
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>81 945</b>	<b>73 716</b>	<b>73 219</b>	<b>72 389</b>	<b>71 889</b>	<b>71 889</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salsinntekter	-281	-389	-104	-104	-104	-104
Refusjonar	-20 967	-16 210	-17 830	-17 830	-17 830	-17 830
Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-2 627	0	-1 209	-1 209	-1 209	-1 209
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-23 875</b>	<b>-16 599</b>	<b>-19 142</b>	<b>-19 142</b>	<b>-19 142</b>	<b>-19 142</b>
<b>Sum</b>	<b>58 070</b>	<b>57 118</b>	<b>54 077</b>	<b>53 247</b>	<b>52 747</b>	<b>52 747</b>

## Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2021	2022	2023	2024
<b>Vedtatt budsjett</b>		<b>57 118</b>	<b>57 118</b>	<b>57 118</b>	<b>57 118</b>
<b>Sum Tekniske justeringar</b>		<b>-871</b>	<b>-871</b>	<b>-871</b>	<b>-871</b>
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>		<b>-871</b>	<b>-871</b>	<b>-871</b>	<b>-871</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>56 247</b>	<b>56 247</b>	<b>56 247</b>	<b>56 247</b>
<b>Innsparingstiltak</b>					
Effektiviseringskrav	Oppvekst	-500	-500	0	0
<b>Sum Innsparingstiltak</b>		<b>-500</b>	<b>-500</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Barnevernsvakt	Oppvekst	700	700	700	700
Andre tiltak	Administrasjon / politiske organ	-170	0	0	0
Reduksjon i bemanning - EM-tiltaket	Oppvekst	-2 000	-2 500	-3 000	-3 000
Reduksjon i sjukefråvær	Oppvekst	-200	-200	-200	-200
Redusert bruk av eksterne tenester barnevern	Oppvekst	0	-500	-1 000	-1 000
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>-1 670</b>	<b>-2 500</b>	<b>-3 500</b>	<b>-3 500</b>
<b>Nye tiltak og realendringar budsjett</b>		<b>-2 170</b>	<b>-3 000</b>	<b>-3 500</b>	<b>-3 500</b>
<b>Ramme 2021-2024</b>		<b>54 077</b>	<b>53 247</b>	<b>52 747</b>	<b>52 747</b>

## **Innsparingstiltak**

### **Barneverntenesta**

Barneverntenesta skal gå gjennom samtlige fosterheimsplasseringar, med tanke på å redusere utgifter knytt til desse. Voss herad har hatt tradisjon i å frikjøpe den eine av fosterforeldra, noko som gjer at kvar plassering vert kostbar. Dette vil me i framtida søke å unngå. Vidare vil me også gå gjennom, samtlige utgiftsdekningar i samband med fosterheimar.

Me har tilsett to miljøterapeutar i tenesta som skal arbeide inn i heimane. Eit hovudføremål med dette er å arbeide førebyggjande og dermed unngå flytting av barn ut frå foreldreheimen. Noko som vil gje innsparingar.

Vidare vil tenesta arbeide med å redusere bruk av private aktørar til hjelpetiltak.

Ny barnevernsreform 2022 der fleire av oppgåvene som no er statlege, vert overført til kommunen. Det er løfter om at kommunen skal bli overført midlar i samband med dette, men ikkje klart kva storleik det er snakk om.

### **Reduksjon i bemanning - EM-tiltaket**

Per i dag treng ungdommane på butilbodet for einslege mindreårige mykje oppfølging. Tenesta kan bemannast noko ned i åra som kjem då det vert færre bebuarar. Dersom det ikkje kjem nye einslege mindreårige i perioden, vil tenesta leggjast ned.

### **Reduksjon i sjukefråvær**

Sjukefråværet i kommunen er høgt, og me har eit mål om å redusera fråvær i 2021. Dette er eit usikkert innsparingstiltak sett i lys av koronasituasjonen. Det er sett i gang eit godt arbeid med leiarutvikling frå rådmannsnivå, og me har tru på at god leiing i heile heradet vil føre til reduksjon i sjukefråværet.

### **Redusert bruk av eksterne tenester barnevern**

Barneverntenesta kjøper fleire tenester av private tilbydarar. Ved å tilsetja eigne miljørettliarar kan me gjere innsparingar utan at kvaliteten vert dårlegare. Desse vil me også kunna bruka som eit lågterskeltilbod som gjer at me på eit tidlegare stadium kan koma inn og gje støtte i heimar der dei har det vanskeleg. Tiltaket vil då også kunne ha positiv effekt på grad av frikjøp i samband med plassering i fosterheimar.

## 12. Integrering og vaksenopplæring

### Skildring av dagens verksemd

Tenesteområdet omfattar integreringsteneste, vaksenopplæring og spesialpedagogikk.

Tenesteområdet har ansvar for busetting og oppfølging av flykningar etter avtale med iMDI (Integrerings- og mangfaldsdirektoratet). Butilbod for einslege mindreårige er omtala under Barne- og familietenestene.

Tenesteområdet har og ansvar for tilbod om introduksjonsprogram for busette flykningar, grunnskuleopplæring for vaksne med slik rett, og spesialpedagogiske tiltak til vaksne.

### Status og utfordringar

Utfordringar for tenesta er å få flykningar med lite formalkvinn til inn i arbeidslivet. Kommunen har busett fleire flykningar som har hatt lange opphald i flyktingleir, og som krev tettare oppfølging for å integrerast i det norske samfunnet. Ein stor del av dei busette er analfabetar.

Voss herad har ei godt utbygd integreringsteneste og vaksenopplæring. Kostnadane til tenestene ligg noko høgre enn landssnittet.

Introduksjonsprogrammet er under revisjon, og det er uvisst korleis økonomien vert sett opp mot statlege krav til programmet i framtida. I tillegg har kommunen mange deltakarar med rettar til utvida opplæringsprogram. Det er ei aukande gruppe som ikkje vert ferdig kvalifisert i løpet av introduksjonsprogrammet, og dermed har trong for kommunal støtte.

Inntektene varierer frå år til år sidan busetjinga varierer. Det er krevjande for tenesta å vera like dynamiske som rammene.

Vaksenopplæringa har, trass lågare innvandringstal, stadig eit stabilt elevtal. Dei har mellom anna fleire som treng norskopplæring som resultat av familiegjening eller arbeidsinnvandring. I tillegg har dei ei stor gruppe vaksne som har rett til grunnskuleopplæring. Dette er ei utfordring økonomisk, av di dette er ei rettighet som ikkje utløyser statlege tilskot, og må finansierast lokalt.

### Hovudprioriteringar

- Busetjing i tråd med heradsstyrevedtak
- Rådgjeving og koordinering av tenester til målgruppa
- Kvalifisering av flykningar gjennom introduksjonsprogram
- Syte for at vaksne utan fullført grunnskule får tilbod om dette
- Samarbeide tett med andre instansar som gjev tenester til målgruppa
- Syte for at flykningar som vert busett i kommunen kan ta del i lokalsamfunnet gjennom skule, arbeidsliv og frivilljug aktivitet

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Økonomiplan			
			2021	2022	2023	2024
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	22 669	15 717	16 703	16 703	16 703	16 703
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 945	1 975	1 975	1 975	1 975	1 975
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	61	210	210	210	210	210
Overføringsutgifter	101	130	130	130	130	130
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>24 776</b>	<b>18 032</b>	<b>19 018</b>	<b>19 018</b>	<b>19 018</b>	<b>19 018</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salsinntekter	-596	-390	-390	-390	-390	-390
Refusjonar	-3 697	-5 365	-5 365	-5 365	-5 365	-5 365
Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-801	-800	-2 500	-2 500	-2 500	-2 500
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-5 094</b>	<b>-6 555</b>	<b>-8 255</b>	<b>-8 255</b>	<b>-8 255</b>	<b>-8 255</b>
<b>Sum</b>	<b>19 683</b>	<b>11 476</b>	<b>10 763</b>	<b>10 763</b>	<b>10 763</b>	<b>10 763</b>

### Driftsbudsjett med endringer

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2021	2022	2023	2024
<b>Vedtatt budsjett</b>		<b>11 476</b>	<b>11 476</b>	<b>11 476</b>	<b>11 476</b>
<b>Sum Tekniske justeringar</b>		<b>-463</b>	<b>-463</b>	<b>-463</b>	<b>-463</b>
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>		<b>-463</b>	<b>-463</b>	<b>-463</b>	<b>-463</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>11 013</b>	<b>11 013</b>	<b>11 013</b>	<b>11 013</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Reduksjon i tilbudet til vaksenopplæringa	Oppvekst	-250	-250	-250	-250
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>-250</b>	<b>-250</b>	<b>-250</b>	<b>-250</b>
<b>Nye tiltak og realendringar budsjett</b>		<b>-250</b>	<b>-250</b>	<b>-250</b>	<b>-250</b>
<b>Ramme 2021-2024</b>		<b>10 763</b>	<b>10 763</b>	<b>10 763</b>	<b>10 763</b>

### Nye tiltak

#### Reduksjon i tilbudet til vaksenopplæringa

Reduksjon i tilbudet til vaksenopplæringa ved naturleg avgang.

## 13. Helse

### Skildring av dagens verksemd

Helsetenestene omfattar førebygging og behandling. Førebyggjande tenester er rehabilitering og habilitering, ergo- og fysioterapitenester, støttekontaktenesta, i tillegg til legetenesta.

Tenestene skal driva med framtidsretta helsetenester som er samanhengande, er tilgjengelege, og med tidleg innsats som verkar førebyggjande. Dei skal føra til at innbyggjarane meistarar sine utfordringar og lidingar som ikkje kan behandlast. I samband med opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering i kommunane, lyt me ruste oss for å overta fleire oppgåver frå spesialisthelsetenesta og med dette styrka rehabiliteringstilbodet. Voss herad har vedteke ein politisk strategi som er styrande for tenestetilbodet. Alle tilbod skal vera tufta på tenkinga om at innbyggjarane skal klara seg sjølve lengst mogleg i eigen heim, med rett nivå på eventuelle helsetenester heradet yter.

### Status og utfordringar

Effektiv rehabilitering er viktig for å gje tenestemottakarane moglegheita til å bu i eigen heim og leve sjølvstendige liv så lenge som mogleg, slik mange sjølv ynskjer. Effektiv rehabilitering krev tverrfaglege, koordinerte tenester og god dialog mellom tenesteytarane. Me vil jobba vidare med å utvikla dette og bygge vidare på den gode kompetansen som ein har på rehabiliteringsavdelinga på Hagahaugen. Kvardagstrening og meistring er like viktig som trening med terapeutar, og me skal i samråd med tenestemottakar vurdere behov og funksjon, og sette mål for rehabiliteringa.

Fysioterapi og ergoterapi er sentralt i det førebyggjande arbeidet i heradet. Dekninga av fysioterapi til vaksne er noko styrka for neste år. Me har samlokalisert ergoterapitenestene på Hagahaugen. Dette gjer at desse to tenestene i større grad kan dra veksling på kvarandre, samt at ein får ein meir korrekt prioritering av brukarar då ein får eit meir heilskapleg overblikk. Dette vil gje betre effekt på tilboda i heile heradet. Voss Herad ligg under landsgjennomsnittet privatpraktiserande fysioterapeutar, og har utfordringar med ventelister og pasientar som ikkje kjem til. Dei kommunale fysioterapeutane har utfordringar med å ta unna dei akutt oppståtte behova i blant anna i institusjonane, for eksempel i korttidsavdeling. Dette vil me ha fokus på vidare. Eit anna tiltak me jobbar kontinuerleg med er å auke fokuset på meir hjelp til sjølvhjelp, meistring og trening, og mindre behandlingssfokus. Alle som kan nytta seg av kvardagsrehabilitering skal få tilbod om dette.

Me ser ei endring i sjukdomsbiletet med at det er stadig fleire yngre som har store hjelpebehov. Fleire av desse vil ha behov for tenester heile livet. Omlegginga i sjukehusa si driftsform fører til at store og avanserte oppgåver vert overført til kommunane. Dette vil me sjå enno meir av i framtida. For å rusta oss til å møte denne utfordringa må me jobba for å rekruttere gode fagfolk innan alle yrkesgrupper. Det er venta på nasjonalt hald at kommunane vil ha behov for 40% auke i årsverk fram mot 2040. Komande år vil me sjå på moglegheita for å tilsetja ein fagperson som kan styrka kunnskapsnivået slik at me kan stimulera til at fleire tek høgare utdanning innan helsetenesta.

Me må ha fokus på tiltak innan friskliv, meistring, førebygging og rehabilitering. Grunna pandemien me er råka av er det ikkje fullverdig drift innan rehabiliteringsarbeidet. Me lyt fortsetja å nytta plassar på sjukeheimen til rehabilitering. Kor lenge dette vil vare er me svært usikre på.

Det vert stilt strengare krav til innhaldet i dei kommunale legetenestene, spesielt innan akuttmedisin og legevakt, samtidig som det er utfordring med rekruttering. Dette har ført til at kostnadsnivået har auka betydeleg siste åra og det er svært utfordrande å dekke utgiftene innafor budsjettamma. Me lyt sjå på andre driftsformer innan desse områda om me skal klare å halda oss innanfor tildelte rammes. Det er spesielt driftsform av legevakt som vert vurdert.

Smittevernarbeidet har som mål å sikre innbyggjarane vern mot smittesjukdommar ved å førebyggje dei og motverke smitte. Med smittesjukdommar meiner me her alvorlege smittsame sjukdommar som er definerte som allmennfarlege sjukdommar. Dette arbeidet er vorte aktualisert etter at verda er råka av ein pandemi.

Voss herad vil ha behov for å styrke fastlegetenesta ytterlegare. Anbefalt listelengde hjå fastlegar/kommunalt tilsette kommunelegar er maksimalt 1000 pasientar. Me har framleis nokre fastlegar som har lister med fleire pasientar enn denne anbefalinga. For å kunna gje fastlegar/kommunelegar ei forsvarleg listelengde vil me styrka legetenesta med eitt årsverk i 2022.

## Hovudprioriteringar

- Me skal driva med framtidretta helsetenester
- Alle som kan nytta kvardagsrehabilitering skal få tilbodet
- Utvikle effektiv rehabilitering
- Fokus på tiltak innan friskliv, meistring, førebygging og rehabilitering
- Jobba for å styrka legetenesta ytterlegare
- Me må gjera alt me kan for å koma gjennom pandemien på ein forsvarleg og god måte.

## Særskild for 2021

Koronapandemien har gitt tenestene i heradet ekstra utfordringar både økonomisk og personalmessig. Det var vore naudsynt å både planlegga og etablere ekstraordinære tiltak som koronasengpost på Hagahaugen, luftvegspoliklinikk og testsenter. Det er brukt store ressursar på telefoneneste og testing, både på testsenteret og ute i avdelingane. I tillegg er smittesporing ei krevjande oppgåve. Det vil verta ytterlegare krevjande, spesielt med personell, om brukarar i institusjonar vert smitta og me må opna for koronabehandling av pasientar på Hagahaugen. Pandemien påverkar den totale kapasiteten i tenesteområdet, og krev ein annan måte å arbeide på. Det er knytt stor usikkerheit til kor mykje pandemien vil påverka tenestene i 2021. Det er planlagt for ekstra ressursar til koronatesting i 2021.

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	28 915	32 956	37 355	37 818	38 318	38 318
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	5 442	3 594	3 974	3 939	3 939	3 939
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	22 417	21 338	20 251	20 691	20 691	20 691
Overføringsutgifter	1 062	360	608	174	174	174
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>59 045</b>	<b>58 248</b>	<b>62 187</b>	<b>62 621</b>	<b>63 121</b>	<b>63 121</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salsinntekter	-3 086	-2 280	-2 292	-2 292	-2 292	-2 292
Refusjonar	-21 225	-16 190	-18 984	-19 178	-19 178	-19 178
Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-177	-410	-410	-410	-410	-410
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-24 488</b>	<b>-18 880</b>	<b>-21 686</b>	<b>-21 880</b>	<b>-21 880</b>	<b>-21 880</b>
<b>Sum</b>	<b>34 557</b>	<b>39 368</b>	<b>40 501</b>	<b>40 741</b>	<b>41 241</b>	<b>41 241</b>

## Delmål

Overordna mål	Delmål	Mål 2021	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Gj.sn. Kostra gr
Attraktive Voss	Styrka helse og levekår gjennom førebygging og folkehelsearbeid. 3.8					
Inkluderande Voss	Alle opplever tryggleik, meistrar kvardagen og har fleire aktive leveår med god helse og trivsel. 3.8					
Innovative Voss	Utvikla likeverdige, trygge og effektive helse- og velferdstenester 3.8					

## Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan				
	2021	2022	2023	2024	
<b>Vedtatt budsjett</b>	<b>39 368</b>	<b>39 368</b>	<b>39 368</b>	<b>39 368</b>	
Sum Tekniske justeringar	1 643	1 643	1 643	1 643	
Sum Budsjettendring i år	-224	-224	-224	-224	
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>	<b>1 419</b>	<b>1 419</b>	<b>1 419</b>	<b>1 419</b>	
<b>Konsekvensjustert ramme</b>	<b>40 786</b>	<b>40 786</b>	<b>40 786</b>	<b>40 786</b>	
<b>Innsparingstiltak</b>					
Effektiviseringskrav helse og omsorg	Helse og omsorg	-500	-500	0	0
<b>Sum Innsparingstiltak</b>		<b>-500</b>	<b>-500</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Nye tiltak</b>					
1 nytt årsverk fysioterapeut for å kompensere for at 1 årsverk går over til Oppvekst for å drive med barnefysioterapi.	Helse og omsorg	455	455	455	455
Budsjettendringar frå 2020	Helse og omsorg	-223	0	0	0
Budsjettendringar frå 2020	Kultur og fritid	-1	0	0	0
Andre tiltak	Administrasjon / politiske organ	-240	0	0	0
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>-9</b>	<b>455</b>	<b>455</b>	<b>455</b>
<b>Nye tiltak og realendringar budsjett</b>		<b>-509</b>	<b>-45</b>	<b>455</b>	<b>455</b>
<b>Rest til fordeling (+) / Rest udekket (-)</b>		<b>224</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Ramme 2021-2024</b>		<b>40 501</b>	<b>40 741</b>	<b>41 241</b>	<b>41 241</b>

## 14. Omsorg

### Skildring av dagens verksemd

Omsorgstenestene i Voss herad omfattar heimetenesta, dagaktiviseringstilbod, sjukeheimane og øyeblikkeleg hjelp-døgnopphald, samt tenester til menneske med nedsett funksjonsevne. I tillegg har heradet tilbod om utgreiing av mogleg demens, korttidsavdelingar, omsorgsbustader for menneske med nedsett funksjonsevne og omsorgsbustader for andre med behov for oppfylgning. Institusjonslokale ligg også under dette tenesteområdet.

### Status og utfordringar

Me skal i samsvar med politisk vedteken strategi dreia tenestene til meir bruk av heimetenester og mindre bruk av langtidsopphald i institusjon. Me har innført «Granvinsmodellen» i Voss herad. I denne modellen står brukar i sentrum der tenestene vert planlagd med fokus på ynskjer og behov, og kva brukar kan gjera sjølv. Analyse av nøkkeltal for helse og omsorg syner at Voss har prioritert institusjonsdrift, og har høg dekning av institusjonsplassar samanlikna med kommunegruppe 11. Denne trenden er me i ferd med å endra til meir heimebaserte tenester. Me skal innretta oss slik at me har god kapasitet for heildøgnsplassar i institusjon, når det er behov for dette.

Voss herad skal ha god nok kapasitet i sjukeheim, både korttid og langtidsopphald. Meir bruk av korttidsopphald kan styrka brukarane slik at dei kan bu lengre i eigen heim, fungera som avlastning for pårørande, rehabilitering grunna funksjonsfall og behov for medisinsk oppfylgning. Langtidsopphald vert tilbydd når det vert behov for det, og i tråd med forskrifta for tildeling.

Heradet er inne i ei stor omstilling kor me endrar tildelingspraksis frå bestillar-utførar modell til vedtak tildelt i dei ulike områda. Erfaringane frå Granvin herad ligg til grunn for denne endringa.

Dagtilbodet og dagplasstilbodet er ein viktig del av det kommunale omsorgstilbodet. Her er dagaktivitetstilbod til menneske med nedsett funksjonsevne, personar med psykisk lidning, eldre og for menneske med demens. Dagtilbodet og dagplass skal stimulera til ein meningsfull kvardag med aktivitet, opplevd meistring, tryggleik og sosialt samvær. Nasjonale og internasjonale undersøkingar visar at spesielt tilrettelagte dagtilbod og dagplass både er eit godt tilbod til den einskilde, og det kan vera ein kostnadseffektiv måte å leggja til rette tenesta på. Me har mykje ubrukt areal på Hagahaugen, og me ser at deler av arealet kan nyttast til å gje plass til fleire med behov for dagtilbod. Dei som i dag er på dagtilbod på sjukeheimen skal no få sin dagplass i lokala me nyttar til dette føremålet på Hagahaugen.

Rett bruk av velferdsteknologi kan føre til at den einskilde brukar i større grad kan oppleve eigenmestring, tryggleik og auka livskvalitet. Alle ynskjer å klare seg mest mogleg sjølv, og kunne bu i eigen heim. Dette er tidkrevjande arbeid og tiltaka rettar seg mot både brukarar av tenestene, og tilsette som yter tenester. Dette er ei omlegging som påverkar arbeidsprosessane i omsorgssektoren. Voss herad har teke i bruk det meste av teknologi samanliknbare kommunar nyttar. Framover vil me jobba for at fleire innbyggjarar får tatt i bruk dei teknologiske hjelpemidla.

Voss herad skal vera ein god stad å ha arbeidet sitt. Leiarane skal ha god kompetanse til å styra sine avdelingar. Det gjeld både fagleg høg kunnskap, leiarkunnskap og økonomisk kunnskap. Budsjetta må vera realistiske. Leiarane skal fokusera på medverknad og informasjon, både med brukarar, pårørande og tilsette. Me skal ha fokus på å rekruttera alle typar yrkesgrupper me har behov for framover. Dette kan me best gjera gjennom å byggja sterke fagmiljø innan alle yrkesgrupper.

Helse og omsorg skal vidareutvikla samarbeidet med tillitsvalde og vernetenesta. Dette samarbeidet opplever me i dag som ein ressurs inn mot leiarar på alle nivå. I dette samarbeidet får me gode faglege innspel som er avgjerande for korleis prosjektarbeidet i endringar vert. Me vil saman utarbeida retningsliner for korleis me jobbar med alle endringar.

## Økonomiplan for 2021-2024

Kvalitetshuset er eit kvalitetssystem Voss herad har vore med å utvikla, og er ei stor satsing. Me vil komande år ta i bruk verktøyet i alle avdelingar. Målet med å ta dette i bruk er å sikra dei tilsette systematisk kompetanseheving, leiarane får god hjelp i si oppfylging av dei tilsette for å sikra kvalitet i tenesta. Me har stor tru på at dette vil gje våre brukarar betre kvalitet i tenestene dei mottok.

### Særskild for 2021

Til våren vert dei nye omsorgsbustadane på Udlabutomta ferdigstilt. Det er 20 nye flotte bustader. Det er mange som ynskjer å få nytta seg av desse. Me vil til ei kvar tid tildela bustad etter den einkilde sine behov. I avdeling for menneske med nedsett funksjonsevne er det gjort ein stor gjennomgang av brukarane sine behov for bustader sett i forhold til alder og behov på kort og lang sikt. Det er planlagt for å flytta tenestene frå butillbod i Ringheimsvegen og Bjørgamarka til Udlabu. Brukarane får bustader med livsløpstandard. Me kan gje fleire rett tilbod til rett tid, og det vil gje eit større fagmiljø som kan bidra til meir kunnskapsbaserte tenester.

### Hovudprioriteringar

- Voss herad dreier tenestene frå institusjonsbaserte til meir bruk av heimeteneste.
- Endra tildelingspraksis frå bestillar-utførar modell til vedtak tildelt i dei ulike tenesteområda.
- Me opplever vekst i etterspurnad etter tenester. Me må ha fokus på å bli meir effektive når me hjelper brukarar i periodar, for så å avslutta vedtaka der det er mogleg.
- Tilby dagtilbod og dagplass som skal stimulera til ein meningsfull kvardag med fokus på aktivitet, opplevd meistring, tryggleik og sosialt samvær.
- Innbyggjarane skal få etablerte og velfungerande velferdsteknologitenester uavhengig av alder, funksjonsnedsetting og bumiljø.
- Me jobbar systematisk for å betra kvalitet i alle tilboda ved å gradvis innføra Kvalitetshuset i heile heradet.
- Me skal involvera andre avdelingar i våre langtidsplanar.
- Me skal i alle saker jobba tett med vernetenesta og tillitsvalde.

### Driftsbudsjett

#### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Økonomiplan			
			2021	2022	2023	2024
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	373 538	376 758	357 453	357 871	361 371	361 371
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	43 825	39 742	38 717	38 334	38 334	38 334
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	15 246	10 426	25 095	25 095	25 095	25 095
Overføringsutgifter	8 167	5 495	7 684	6 048	3 548	3 548
Finansutgifter	12 616	7 466	7 857	7 857	7 857	7 857
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>453 392</b>	<b>439 886</b>	<b>436 806</b>	<b>435 205</b>	<b>436 205</b>	<b>436 205</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salsinntekter	-39 824	-37 714	-32 852	-32 222	-32 222	-32 222
Refusjonar	-51 120	-40 707	-48 081	-46 350	-46 350	-46 350
Overføringsinntekter	-141	-5	-5	-5	-5	-5
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-92 244</b>	<b>-78 426</b>	<b>-80 938</b>	<b>-78 577</b>	<b>-78 577</b>	<b>-78 577</b>
<b>Sum</b>	<b>361 147</b>	<b>361 460</b>	<b>355 869</b>	<b>356 629</b>	<b>357 629</b>	<b>357 629</b>

# Økonomiplan for 2021-2024

## Delmål

Overordna mål	Delmål	Indikator	Mål 2021	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Gj.sn. Kostra gr
Attraktive Voss	Styrka helse og levekår gjennom førebygging og folkehelsearbeid. 3.8	Tal heimebuande brukarar som får tildelt og gjennomfører tenesta kvardagsrehabilitering					
Inkluderande Voss	Alle opplever tryggleik, meistrar kvardagen og har fleire aktive leveår med god helse og trivsel. 3.8						
Innovative Voss	Utvikla likeverdige, trygge og effektive helse- og velferdstenester 3.8						

## Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan				
	2021	2022	2023	2024	
<b>Vedtatt budsjett</b>	<b>361 460</b>	<b>361 460</b>	<b>361 460</b>	<b>361 460</b>	
Sum Tekniske justeringar	1 145	1 145	1 145	1 145	
Sum Budsjettendring i år	223	223	223	223	
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>	<b>1 368</b>	<b>1 368</b>	<b>1 368</b>	<b>1 368</b>	
<b>Konsekvensjustert ramme</b>	<b>362 828</b>	<b>362 828</b>	<b>362 828</b>	<b>362 828</b>	
<b>Innsparingstiltak</b>					
Effektiviseringskrav helse og omsorg	Helse og omsorg	-3 500	-6 500	-6 000	-6 000
<b>Sum Innsparingstiltak</b>		<b>-3 500</b>	<b>-6 500</b>	<b>-6 000</b>	<b>-6 000</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Auke pleie og omsorgsbehov	Helse og omsorg	600	600	600	600
BPA-brukarar	Helse og omsorg	9 250	9 250	9 250	9 250
Budsjettendringar frå 2020	Helse og omsorg	223	0	0	0
Drift av kommunalt kjøkken Vetleflaten frå tidleg 2022, Voss sjukeheim frå hausten 2022. (Meirutgifter.)	Helse og omsorg	2 500	6 000	9 000	9 000
Effektivisera bemanning område Nord (Vossestrand)	Helse og omsorg	-600	-600	-600	-600
Effektivisera bemanning område Sør (Granvin)	Helse og omsorg	-3 800	-3 800	-3 800	-3 800
Effektivisera bemanning område Vest (Voss sjukeheim)	Helse og omsorg	-2 100	-3 100	-3 100	-3 100
Effektivisera rus- og psykiatritenesta	Helse og omsorg	-700	-700	-700	-700
Effektivisera vaktmeistertenesta	Helse og omsorg	-600	-600	-600	-600
Omlagging og etablering av butilbod til menneske med nedsett funksjonsevne	Helse og omsorg	-2 500	-2 500	-2 500	-2 500
Redusera institusjonsplassar	Helse og omsorg	-2 500	-5 000	-5 000	-5 000
Redusera stabsressursar helse og omsorg	Helse og omsorg	-800	-800	-800	-800
Ressurskrevjande brukarar, institusjon	Helse og omsorg	1 660	1 660	1 660	1 660
Andre tiltak	Teknisk	-3 869	391	391	391
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>-3 236</b>	<b>801</b>	<b>3 801</b>	<b>3 801</b>
<b>Nye tiltak og realendringar budsjett</b>		<b>-6 736</b>	<b>-5 699</b>	<b>-2 199</b>	<b>-2 199</b>
<b>Rest til fordeling (+) / Rest udekket (-)</b>		<b>-223</b>	<b>-500</b>	<b>-3 000</b>	<b>-3 000</b>
<b>Ramme 2021-2024</b>		<b>355 869</b>	<b>356 629</b>	<b>357 629</b>	<b>357 629</b>

## **Innsparingstiltak**

### **Effektivisera vaktmeistertenesta**

Bruka vaktmeisterpersonell meir effektivt på tvers av Helse og omsorg og Teknisk, vil gje reduserte lønsutgifter.

### **Redusera stabsressursar helse og omsorg**

Vikariat kan avsluttast. Dette er likevel vurdert å ha negativ innverknad på kvalitetsarbeid på tvers av område.

### **Effektivisera bemanning område Nord (Vossestrand)**

Bemanning i område Nord (Vossestrand) ligg noko høgare enn andre område med institusjonar, og kan reduserast med noko negativ innverknad på kvalitet i tenestene.

### **Effektivisera bemanning område Sør (Granvin)**

Bemanning i område Sør (Granvin) ligg noko høgare enn andre område med institusjonar, og kan reduserast noko utan at dette er vurdert å ha innverknad på kvalitet i tenestene.

### **Effektivisera bemanning område Vest (Voss sjukeheim)**

Bemanning ved avdeling på Voss sjukeheim ligg noko høgare enn andre institusjonar, og kan reduserast noko utan at dette er vurdert å ha innverknad på kvalitet i tenestene.

### **Effektivisera rus- og psykiatritenesta**

Analyser syner at tenesta kan verta effektivisert ved å redusera doble vedtak, betre arbeidsprosessar og samlokalisering.

### **Effektivisera vaktmeistertenesta**

Bruka vaktmeisterpersonell meir effektivt på tvers av Helse og omsorg og Teknisk, vil gje reduserte lønsutgifter.

## **Nye tiltak**

### **BPA-brukarar**

Voss herad har hatt ein auka etterspurnad etter brukarstyrt personleg assistent (BPA). Tiltaket er lagt inn med kostnadsauke som kommunen allereie har fått.

### **Drift av kommunalt kjøkken Vetleflaten frå tidleg 2022, Voss sjukeheim frå hausten 2022. (Meirutgifter.)**

Drift av kommunalt kjøkken ved Vetleflaten og Voss sjukeheim. Årlege driftsutgifter vil auke med mellom 5,5 og 8 mill. kr avhengig av løysingsval for produksjonsmetode og servering.

### **Omlegging og etablering av butilbod til menneske med nedsett funksjonsevne**

Ved at fleire bebuarar bur i omsorgsbustader nær bemanningsbase, kan gje meir effektiv bruk av ressursane. Det kan også gi auka tryggleik for personar med omsorgsbehov.

### **Redusera institusjonsplassar**

Voss herad har god dekning av plassar i institusjon med heildøgns bemanning. I samsvar med vedteken strategi skal ressursinnsats vris frå pleie i institusjon til pleie i heimen. Dette betyr at tenestetilbod må leggest om og plassar i institusjon reduserast. Denne endringa må gjerast over tid og ut i frå pleiebehov. Rådmannen vurderer at kommunen kan redusera langtids plassar i nokon grad. Behov vert fortløpande vurdert.

**Ressurskrevjande brukarar, institusjon**

2,87 årsverk

**Investeringsbudsjett**

Investeringsprosjekt	Økonomiplan				Sum 2021-24
	2021	2022	2023	2024	
<i>Beløp i 1000</i>					
<b>Omsorg</b>					
Biler helse og omsorg	800	800	800	800	3 200
Kommunalt kjøkken	32 500	10 000	0	0	42 500
Utstyr og tekniske installasjonar	750	750	750	750	3 000
Voss Sjukeheim - kommunalt kjøkken	0	10 000	0	0	10 000
<b>Sum Omsorg</b>	<b>34 050</b>	<b>21 550</b>	<b>1 550</b>	<b>1 550</b>	<b>58 700</b>

**Bilar helse og omsorg**

Helse og omsorg har totalt nær 50 bilar og må skifta ut 4-5 av desse årleg.

**Kommunalt kjøkken**

Heradstyre har gjort vedtak om å byggja to kjøken. Ny fløy på Vetleflaten, med oppstart jan 2021, og et kjøken på Voss sjukeheim med oppstart jan 2022 - (ombygging av dagavdeling som må finna nye lokale.) Utgift til kjøken på Voss sjukeheim ligg i eiga investering. Kostnad ennå usikker.

**Utstyr og tekniske installasjonar**

Oppgradering og utskifting av utstyr og tekniske installasjonar innan pleie og omsorg. Velferdsteknologi brukt riktig er ressursparande og kan vere meir skånsomt for brukaren.

## 15. Sosialtenester

### Skildring av dagens verksemd

Sosialtenestene i Voss herad omfattar psykisk helse og rusarbeid, NAV og integreringstenester. Me vil fortsetja å utvikla samarbeidet mellom dei ulike avdelingane i heradet. Avdelingane skal sikra samanhengande tenester.

### Status og utfordringar

#### Tenester innan psykisk helse og rusarbeid og Nav

Bustadsosial handlingsplan skal implementerast i alle einingar og vera med syta for at Voss herad har ein heilskapleg bustadpolitikk med mål om at alle skal ha ein teneleg bustad. Det vert jobba for å styrka samarbeidet mellom Nav og barnevernstenesta om gruppa unge mellom 18-25 år som har budd i fosterheim eller barneheim.

NAV si hovudoppgåve er å få flest mogleg personar ut i arbeid. I mål- og disponeringsbrevet frå direktoratet heiter det at prioriterte grupper er ungdom under 30 år, innvandrarak som kjem frå ikkje-EØS land og personar med nedsett arbeidsevne.

Tiltak for dei prioriterte gruppene:

Kommunen har starta ein samarbeidsprosjekt med Kirkens Bymisjon om følgande:

1. Arbeidstilbod til rusavhengige. Eit samarbeid med NAV, kommunen, frivillige lag/organisasjonar, og private.
2. Skattkammeret. Fattigdomsprosjekt, utstyrssentral, materiell og samkøyring av andre frivillige og ideelle organisasjonar som jobbar med fattigdomstiltak.
3. Ungdomsteam.

Erfaringar etter eit halvt års drift viser at desse tiltaka når ut til mange i målgruppa. Psykisk helse og rusarbeid jobbar tett saman med Kirkens bymisjon for å kunne gje støtte til dei som slit med å nytte seg kommunale tilbod. Det har gitt stor effekt for fleire brukarar til å meistra sin kvardag.

Helse og omsorg satsar på psykisk helse og rusarbeid. Ein ynskjer å satsa på førebyggjande arbeid og gje eit betre tenestetilbod til dei med milde og moderate psykiske lidningar. Dette gjer ein ved å dreia teneste til meir målretta arbeid for målgruppa. Samstundes skal ein sørgja for at alle som har behov for hjelp skal kunne få det. Avdelinga har det siste året satsa stort på erfaringskompetanse i avdelinga. Dette bidreg til at me gjev brukarar håp om meistra sitt liv. Data frå brukarplan undersøking dei siste åra syner at mange personar med rusliding og psykiske lidningar har utfordringar når det kjem til levekår. Dette gjeld blant anna det å ha meiningsfull aktivitet i kvardagen, god fysisk og psykisk helse, trygg bustad, oppleving av å fungera sosialt og tilstrekkeleg nettverk. Personar med både rusliding og psykisk liding er spesielt utsett. Forsking viser at faktorar som arbeid og bustad er viktige for betring av liding og livskvalitet. Med bakgrunn i dette ser ein at det vil vera 3 store satsingsprosjekt dei neste 4 åra; bustadsosialt arbeid, barn og unge i utanforskap og tilbake til samfunnet.

Det er også starta eit samarbeid med Bjørkeli DPS om individuell jobbstøtte (IPS). Målet er å få personar med psykisk liding ut i arbeid. Her er det ordinært arbeidsliv som vert nytta, ikkje tradisjonelle tiltaksplassar.

NAV og integreringstenesta arbeider i eit tett samarbeid for å få flyktningar raskare i arbeid. Her er starta eit IMDI-initiert samarbeid "Voss for alle" der i tillegg til dei nemnde òg vaksenopplæringa er med.

## Økonomiplan for 2021-2024

Voss herad skal laga tilbod til dei som er lengst unna arbeidslivet, spesielt innvandarkvinner. Det er søkt prosjektmidlar til dette.

Det er også starta eit eige prosjekt som skal implementerast som arbeidsmetode, retta inn mot store barnefamiljar med sosialhjelp som hovudinntekt. Det er søkt prosjektmidlar til dette.

### Hovudprioriteringar

- Bustadsosial handlingsplan skal implementerast i alle einingar og vera med syta for at Voss herad har ein heilskapleg bustadpolitikk med mål om at alle skal klare å bu.
- NAV si hovudoppgåve er å få flest mogleg personar ut i arbeid.
- Tidleg innsats er viktig for å førebyggja alvorleg psykisk lidning og rusliding. Psykisk helse og rusarbeid vil satse på lågterskeltilbod for å nå fleire.
- Skapa eit tettare samarbeid med integreringstenesta for å få busette flyktingar raskare i arbeid.

### Driftsbudsjett

#### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	17 364	16 934	16 420	15 871	15 871	15 871
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	4 938	3 568	3 586	3 577	3 577	3 577
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	2 473	3 012	3 012	3 012	3 012	3 012
Overføringsutgifter	23 286	20 153	20 353	20 361	20 361	20 361
Finansutgifter	7 345	3 056	2 474	2 474	2 474	2 474
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>55 405</b>	<b>46 723</b>	<b>45 846</b>	<b>45 296</b>	<b>45 296</b>	<b>45 296</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salsinntekter	-178	-600	-477	-477	-477	-477
Refusjonar	-13 128	-1 859	-2 159	-2 159	-2 159	-2 159
Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-4 365	-3 050	-2 468	-2 468	-2 468	-2 468
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-17 672</b>	<b>-5 509</b>	<b>-5 104</b>	<b>-5 104</b>	<b>-5 104</b>	<b>-5 104</b>
<b>Sum</b>	<b>37 733</b>	<b>41 214</b>	<b>40 742</b>	<b>40 192</b>	<b>40 192</b>	<b>40 192</b>

### Delmål

Overordna mål	Delmål	Indikator	Mål 2021	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Gj.sn. Kostra gr
Attraktive Voss	Styrka helse og levekår gjennom førebygging og folkehelsearbeid. 3.8						
Inkluderande Voss	Alle opplever tryggleik, meistarar kvardagen og har fleire aktive leveår med god helse og trivsel. 3.8	Tal brukarar som deltek i gruppetilbod innan rus og psykiatri					
Innovative Voss	Utvikla likeverdige, trygge og effektive helse- og velferdstenester 3.8						

**Driftsbudsjett med endringar**

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2021	2022	2023	2024
<b>Vedtatt budsjett</b>		41 214	41 214	41 214	41 214
Sum Tekniske justeringar		350	350	350	350
Sum Budsjettendring i år		8	8	8	8
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>		358	358	358	358
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		41 572	41 572	41 572	41 572
<b>Nye tiltak</b>					
Budsjettendringar frå 2020	Kultur og fritid	8	0	0	0
Reduksjon i bemanning - integreringstenesta	Oppvekst	-550	-1 100	-1 100	-1 100
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>-542</b>	<b>-1 100</b>	<b>-1 100</b>	<b>-1 100</b>
<b>Nye tiltak og realendringar budsjett</b>		<b>-542</b>	<b>-1 100</b>	<b>-1 100</b>	<b>-1 100</b>
<b>Rest til fordeling (+) / Rest udekket (-)</b>		<b>-288</b>	<b>-280</b>	<b>-280</b>	<b>-280</b>
<b>Ramme 2021-2024</b>		<b>40 742</b>	<b>40 192</b>	<b>40 192</b>	<b>40 192</b>

**Nye tiltak****Reduksjon i bemanning - integreringstenesta**

Effektivisering og reduksjon av bemanning på integreringstenesta. På sikt må det vurderast om det kan reduserast enno meir innan tenesta.

## 16. Kultur og fritid (inkl.kyrkja)

### Skildring av dagens verksemd

Tenesteområdet kultur og fritid inneheld Voss kulturhus, Voss kino, Voss bibliotek og Kulturbanken i Granvin, kulturskule, ungdomshuset på Voss, fritidsklubb i Granvin og "Gryto", utekontakten, edruskapsvern og museum. Det vert også arbeidd med allmennkultur, idrettssaker, kulturminnevern, administrering av tilskot til frivillige lag og foreningar, kyrkje og tru og livssynssamfunn.

### Status og utfordringar

Status i høve overordna målsettingar:

FN sine miljø, sosiale og økonomiske berekraftsmål vil framover styra kommunal verksemd, også på kulturområdet. I eit samfunn som endrar seg raskare og som blir meir individualisert, er det viktig med fellesarenaer der menneske kan møtast og dela opplevingar på tvers av kjønn, alder og sosial bakgrunn. Det å ta del i kulturaktivitetar er verdifullt for den einkilde, men det inneber også at ein blir vandt med å møte eit mangfald av meininger og ytringsformer. Slik kan kulturlivet fremje tillit, toleranse og forståing for andre, og skapa refleksjon og innsikt om verdiar, identitet og berekraftig samfunn.

Det store samfunnsmaskineriet trekkjer befolkninga inn mot dei store sentra. Til tross for dette opplev Voss herad ei lita vekst i innbyggjartalet. Gode kulturopplevingar er grunnleggjande for ei god samfunnsutvikling, og kultur og fritidstilbod er eit viktig bidrag inn mot visjonen om eit sterkt regionsenter og levande bygdar.

Dei økonomiske rammene til kommunen veks ikkje i takt med oppgåvene. Dette fører til eit naudsynt krav om effektivisering av drifta. Samarbeidet med frivillig sektor vil difor bli viktigare. Frivillig sektor er samtidig i endring. Færre medlemmer ynskjer å forplikta seg til driftsrelaterte lagsarbeidet, medan det er lettare å rekruttera til kortvarige, einskildarrangement og oppdrag. Med utgangspunkt i endringane i begge sektorane, må me etablere ein god, likeverdig og kreativ samarbeidsform med frivillig sektor. Gjennom satsing på kreativ og nyskapande kunst og kultur, og god samhandling og tilrettelegging for frivillig sektor, vil me vera med å leggja grunnlag for eit inkluderande, innovativt og attraktivt samfunn.

Voss er mangfaldig og det er viktig å leggja til rette for at innbyggjarane har like moglegheiter til å delta i samfunnet, og slik leve aktive og meningsfulle liv. Ved å leggja til rette for brei deltaking i kultur- idretts og friluftsliv, vil ein motvirke konsekvensane av ulikskapen i befolkninga og byggja god folkehelse.

Regionen Voss og Hardanger er ein sterk reiselivsdestinasjon, og Voss treng produkt som kan gje gode opplevingar for dei reisande. Dette gjeld både innanfor tradisjonell kunst og kultur, kulturminne og natur- og friluftsliv. Eit aktivt kulturliv er med på å leggja grunnlag for økonomiske utvikling for Voss herad og for regionen.

### Hovudutfordringar

- For å nå måla og satsingane til Voss herad, må me samarbeida tett både internt i heradet og mellom offentleg, privat og frivillig sektor. Det vil vera viktig å etablere faste samarbeidsstrukturar, og jobba med forståing av kvarandre sine roller, ansvar og føresetnader.
- Kultur og fritidssektoren er lite lovregulert og i ein situasjon med tronge økonomiske rammer vil denne sektoren kunne bli utsett for nedskjeringar frå alle forvaltingsnivå.
- Det har vore krevjande å få på plass ei berekraftig og stabil drift av Voss kulturhus.
- Det har vore utfordrande for fleire av tenestene å nå dei økonomiske måla. Det gjeld både kino og kulturhus generelt, men også i idrettsanlegga og Vossabadet.
- Det er ei utfordring både for biblioteket og ungdomshuset å nå dei eldre ungdommane med engasjerande tilbod.

## Hovudprioriteringar

For å nå visjonen om eit «Sterkt regionsenter og levande bygder» treng Voss ei aktiv kulturforvaltning som bidreg til å skapa eit yrande kulturliv. I perioden skal det gjerast følgjande prioriteringar:

- Voss kulturhus skal vera eit kulturelt sentrum for alle.
- Dei ulike tilboda i Voss kulturhus må vidareutviklast, og leggjast til rette for ei positiv økonomisk utvikling.
- Eit stabilt og godt samarbeid med det frivillige kultur- og lagslivet i kommunen skal sikrast og vidareutviklast. I samarbeid med frivilligheita kan me skapa større handlingsrom for aktivitetar, opplevingar og deltaking. Det vil vera ei prioritert oppgåve å bygga samarbeidsformer til beste for kultur og idrettslivet.
- Det er ei offentleg oppgåve å sikra brei deltaking i kunst, kultur og idrettsliv. Det vil vera ei prioritert oppgåve å bygga tverrfaglege arenaer for deltaking på tvers av geografi, alder og sosial bakgrunn.
- Arbeid for born og unge er eit prioritert arbeidsområde. Det er viktig å arbeida på tvers av dei kommunale tenestene for å sikra denne gruppa ei meningsfull fritid. Voss herad må ha eit breitt fritidstilbod for å møta ulike behov. Kulturskulen og biblioteket er berebjelkar, og saman med idretten og fritidsklubbane byggjer dei viktige rammer rundt born og unge sine aktivitetar i fritida.

## Særskilt om årsbudsjett 2021

12. mars 2020 stengde Noreg som fylgje av koronapandemien. Då landet forsiktig opna igjen utover våren, etablerte helsemyndighetene strenge smitteverntiltak for å hindre ny smitte. To viktige tiltak har særleg gått ut over kultursektoren; 1-meter regelen, og avgrensinga på 200 deltakar ein har høve til å samla under i eit arrangement. Desse to føringane har teke botnen ut av kulturarrangement og gjer det svært vanskeleg å gjennomføra dei på ein økonomisk forsvarleg måte. Dei har vidare antyda at tiltaka vil bestå fram til 60 % av befolkninga er immune, og at dette kan ta tid. Voss herad har difor lagt til grunn inntektssvikt på kultursektoren også i 2021, og har gjennomført naudsynt nedskalering på kommunalområde for å tilpassa drifta etter denne situasjonen. Det er særleg ved kulturhus og kino det ligg an til inntektssvikt, men prognosen for gebyrinntekter knytt til skjenkeløyver er også justert ned. På bakgrunn av erfaringar sommar og haust 2020, er både inntekter og utgifter justert ned 30 % på kulturhuset.

Det var stor forskjell på elevbetalinga i kulturskulen i Granvin og på Voss. I 2020 blei det ikkje lagt prisvekst på elevbetalinga. Dette er blir vidareført i 2021 og prisane blir også i år halde uendra.

Tilskot til andre trussamfunn utanom kyrkja er overført til staten frå 2021.

Budsjettet til Kultur og fritid er samla sett halde moderat nede for å ta høgde for den usikre situasjon i 2021 knytt til koronapandemien.

**Driftsbudsjett**  
**Fordeling på hovudart**

Beløp i 1000

	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Økonomiplan			
			2021	2022	2023	2024
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	26 777	25 679	23 875	23 909	23 909	23 909
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	12 918	10 157	7 648	8 572	8 572	8 572
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal egenproduksjon	1 633	932	1 123	1 150	1 150	1 150
Overføringsutgifter	22 294	20 960	20 146	19 879	19 879	19 879
Finansutgifter	11 968	6 533	11 285	11 285	11 285	11 285
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>75 590</b>	<b>64 262</b>	<b>64 077</b>	<b>64 795</b>	<b>64 795</b>	<b>64 795</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salsinntekter	-12 667	-13 659	-9 631	-10 912	-10 912	-10 912
Refusjonar	-6 671	-899	-1 760	-1 197	-1 197	-1 197
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-21 936</b>	<b>-14 558</b>	<b>-11 391</b>	<b>-12 109</b>	<b>-12 109</b>	<b>-12 109</b>
<b>Sum</b>	<b>53 654</b>	<b>49 704</b>	<b>52 686</b>	<b>52 686</b>	<b>52 686</b>	<b>52 686</b>

**Delmål**

Overordna mål	Delmål	Indikator	Mål 2021	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Gj.sn. Kostra gr
Attraktive Voss	Med modig og kreativ samskaping skal kultur- og festivalbygda Voss vidareutviklast gjennom eit yrande og berekraftig kulturliv.	Norsk kulturindeks	30	30	30	30	
	Voss skal ha eit kulturliv som bidreg til å styrka identiteten, gje gode opplevingar og skapar bulyst.	Netto driftsutgifter til allmenn kultur (f370+f373+f375+f377+f385+f386) (1000 kr)					6 466 130
Inkluderande Voss	Voss herad skal ha eit inkluderande kulturliv for alle, der frivillig innsats vert stimulert og støtta.	Andel elever (brukere) i grunnskolealder i kommunens musikk- og kulturskole, av antall barn i al (B)	17,0 %	20,0 %	20,0 %	20,0 %	13,3 %
		Tal friplassar i kulturskolen	15	20	20	20	
	Voss skal ha eit rikt kultur- idretts og friluftsliv som fremjar folkehelse og meningsfulle liv for alle.	Ungdata - ungdomskuleelevar sin fornøydhet med livet, i %.					
Innovative Voss	Kulturlivet skal fremje toleranse og forståing for andre, og skape refleksjon og innsikt om verdiar, identitet, bærekraft og samfunn.	Besøk i folkebibliotek, totalt antall besøk	70 000	70 000	70 000	70 000	21 451 259
	Nyskapande kunst og kultur av høg kvalitet skal vere grunnlag for merkevare og omdømmebygging.						
	Voss skal nytta den sterke kulturarven som grunnlag for gode opplevingar og kulturbasert næringsutvikling	Samla verdiskaping i reiselivet i Voss kommune, i 1000 kr.	200 000	220 000	240 000	250 000	

**Kulturlivet skal fremje toleranse og forståing for andre, og skape refleksjon og innsikt om verdier, identitet, bærekraft og samfunn.**

• Den utfordrande kunst og kultur skal oppmuntrast. • Biblioteket si samfunnsrolle skal styrkast. • Etablera samarbeidsarenaer med vaksenoppplæringa • Arrangera debattar om politikk, kultur, religion • Leggja til rette for kunnskapsformidling (eks. Klimaveka) • Samarbeid med senioruniversitetet, høgskular, universitet, folkehøgskule etc.

**Med modig og kreativ samskaping skal kultur- og festivalbygda Voss vidareutviklast gjennom eit yrande og berekraftig kulturliv.**

• Gje økonomisk støtte til breiddekultur og breiddeidrett. • Dialogbasert samarbeid med aktørane på feltet. • Aktivt samarbeid med kulturrådet og idrettsrådet. • Modig og kreativ samskaping med kulturlivet og frivillig sektor. • Gjennom å gjera Kulturhuset til eit nav i kulturlivet på Voss kan me leggje til rette for kreative møteplassar.

**Nyskapande kunst og kultur av høg kvalitet skal vere grunnlag for merkevare og omdømmebygging.**

• Festivalane skal ha ein særskild plass i dette arbeidet. • Tilby møteplassar for framvising av kunst- og kulturuttrykk • Kunst i offentlege rom skal vera ein naturleg del av kommunal planlegging

**Voss herad skal ha eit inkluderande kulturliv for alle, der frivillig innsats vert stimulert og støtta.**

Forpliktande samarbeid på tvers av kommunale tenester og med frivillig sektor. Bygger samarbeid med frivillig sektor med utgangspunkt i Frivillighetsmeldingen. (Meld. St. 10 (2018–2019) Arbeid mot barnefattigdom.

**Voss skal ha eit kulturliv som bidreg til å styrka identiteten, gje gode opplevingar og skapar bulyst.**

• Kulturproduksjonen løfter fram heilskapen i det moderne og det tradisjonelle, som kjenneteiknar Voss. • Styrka tilbodet i kulturskulen for å auka elevtalet • Biblioteket skal i tillegg til å formidla litteratur, vera ein aktiv samfunnsaktør • Tilby eit attraktivt og økonomisk berekraftig kinotilbod • Starta arbeidet med å renovere Gamlekinoen til ein moderne kulturarena

**Voss skal ha eit rikt kultur- idretts og friluftsliv som fremjar folkehelse og meningsfulle liv for alle.**

• Forpliktande samarbeid på tvers av kommunale tenester. • Bygga opp system for å fanga opp dei som fell utafør, særleg gjeld dette for kulturskule og ungdomsarbeidet. • Leigeprisar i kulturhuset og idrettshall som gjer at lokala vert tilgjengelege for frivillig kultur- og idrettsliv. • Bruka Ungdata og Ungdata junior aktivt for å sjå endringar i folkehelse blant ungdom

**Voss skal nytta den sterke kulturarven som grunnlag for gode opplevingar og kulturbasert næringsutvikling**

• Leggja til rette for at kulturminne i offentleg og privat eige blir sikra. • Utarbeida ny kulturminneplan for Voss herad. • Stimulera til ny bruk av kulturminne. • Samarbeida med kompetansemiljø på kulturminnefeltet.

## Driftsbudsjett med endringer

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2021	2022	2023	2024
<b>Vedtatt budsjett</b>		<b>49 704</b>	<b>49 704</b>	<b>49 704</b>	<b>49 704</b>
Sum Tekniske justeringar		-962	-962	-962	-962
Sum Budsjettendring i år		-8	-8	-8	-8
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>		<b>-970</b>	<b>-970</b>	<b>-970</b>	<b>-970</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>48 734</b>	<b>48 734</b>	<b>48 734</b>	<b>48 734</b>
<b>Innsparingstiltak</b>					
Kultur og fritid effektiviseringstiltak	Kultur og fritid	-642	-690	-690	-690
Kyrkje: reduksjon i fast tilskot	Kultur og fritid	-110	-77	-77	-77
Andre tiltak	Kultur og fritid	-18	-13	-13	-13
Reduksjon av tilskot til Vossabadet	Kultur og fritid	-30	-20	-20	-20
<b>Sum Innsparingstiltak</b>		<b>-800</b>	<b>-800</b>	<b>-800</b>	<b>-800</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Budsjettendringar frå 2020	Kultur og fritid	-8	0	0	0
Andre tiltak	Teknisk	4 752	4 752	4 752	4 752
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>4 744</b>	<b>4 752</b>	<b>4 752</b>	<b>4 752</b>
<b>Nye tiltak og realendringar budsjett</b>		<b>3 944</b>	<b>3 952</b>	<b>3 952</b>	<b>3 952</b>
<b>Rest til fordeling (+) / Rest udekket (-)</b>		<b>8</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Ramme 2021-2024</b>		<b>52 686</b>	<b>52 686</b>	<b>52 686</b>	<b>52 686</b>

## Innsparingstiltak

## Kultur og fritid effektiviseringstiltak

Det er lagt inn nokre større tiltak: reduksjon av vakant stilling, auka inntening på kulturhuset og reduksjon av grunnleiga til idrettsanlegg. Restbeløpet er likt fordelt utover dei andre tenestene i forhold til budsjettstorleik. Det vil seie at at både Idrettshall, Vossabadet og Kyrkja får noko reduserte rammer i dette budsjettet.

## Kyrkje: reduksjon i fast tilskot

Effektiviseringskrav i samsvar med resten av kommunen.

## Reduksjon av tilskot til Vossabadet

Effektiviseringskrav i samsvar med resten av kommunen.

## Kommunale føretak

Voss heradsstyre vedtok 18.06.20 å slå saman dei to kommunale føretaka Vossabadet KF og Voss idrettshall KF. Iverksetjing vert frå tidlegast 01.06.2020. Det vert difor laga separate budsjett for kvar av føretaka for 2021, og framskrive beløp for 2022, 2023 og 2024. Eit samla budsjett og økonomiplan vert oppdatert vår 2021.

### Vossabadet KF

(tal i 1 000 kr)	2020	2021	2022	2023	2024
Lønsutgifter	6 464	6 325	6 325	6 325	6 325
Driftsutgifter	4 125	3 566	3 566	3 566	3 566
Sum utgifter	10 589	9 891	9 891	9 891	9 891
Driftsinntekter	7 359	6 691	6 691	6 691	6 691
Refusjonar	130	130	130	130	130
Tilskot frå Voss herad	3 100	3 070	3 070	3 070	3 070
Sum inntekter	10 589	9 891	9 891	9 891	9 891
Netto budsjett		-	-	-	-

Tala som ligg til grunn for økonomiplan er erfaringsbaserte tal med ei venta utvikling i åra framover.

### Voss Idrettshall KF

Tala som ligg til grunn for økonomiplan er erfaringsbaserte tal med ei venta utvikling i høve utleige på dagens nivå. Utleiga har vist seg og være stabil over fleire år og er soleis rimeleg trygge prognosar.

(tal i 1000 kr)	2020	2021	2022	2023	2024
Godtgjersle	63	31	31	31	31
Driftsutgifter	3 697	3 725	3 725	3 725	3 725
Sum utgifter	3 760	3 756	3 756	3 756	3 756
Driftsinntekter	1 941	1 957	1 957	1 957	1 957
Tilskot frå Voss herad	1 809	1 791	1 791	1 791	1 791
Renteinntekter	10	8	8	8	8
Sum inntekter	3 760	3 756	3 756	3 756	3 756
Netto budsjett	0	0	0	0	0

### Investering

	2021	2022	2023	2024
Investering	50.000 kr	75.000 kr	50.000 kr	50.000 kr
Lånefinansiering	0	0	0	0
Dekning frå drift/ eigenkapital	50.000kr	75.000 kr	50.000 kr	50.000 kr

## Oversikt tilskot frå Voss herad

Dette er ei oversikt over tilskot som ligg i budsjettet.

Tenesteområde	Mottakar av tilskot	Type tilskot	Skildring	Framlegg tilskot 2021	Søknad om auke 2021
Administrasjon og leiing (klima)	Innbyggjarar	Søkbart tilskot	Tilskot til kjøp av el-sykkel, 3 000 kr per sykkel.	50 000	
Administrasjon og leiing (klima)	Fleire	Løyving gjennom vedtak i Utval for klima og miljø	Klima- og miljøtiltak		
Administrasjon og leiing	Fjordvegen rute 13	Fast tilskot	Tilskot/ medlemskap	35 000	
Administrasjon og leiing (klima)	Nærøyfjorden verdsarvpark	Fast tilskot	Tilskot/ medlemskap	100 000	
Omsorg	Mental helse	Fast tilskot	Mellom anna til arrangement for Psykisk helse-dagen	20 000	
Plan, næring og forvaltning	Destinasjon Voss	Fast tilskot	Driftstilskot Destinasjon Voss/Turistinformasjon	1 210 000	
Plan, næring og forvaltning	Destinasjon Voss	Fast tilskot	Utvida opningstid Destinasjon Voss/Turistinformasjon	250 000	
Plan, næring og forvaltning	Næringshagen	Fast tilskot	Etablerarlos	300 000	
Plan, næring og forvaltning	Destinasjon Voss	Fast tilskot	Marknadsføringsmidlar Destinasjon Voss/Turistinformasjon	650 000	
Plan, næring og forvaltning	Voss sentrum	Fast tilskot	Tilskot Voss sentrum	250 000	
Plan, næring og forvaltning	Diverse		Forvaltning Kraftfondet	200 000	
Plan, næring og forvaltning	Diverse		Skogkultur	100 000	
<b>Kultur og fritid</b>					
Kultur og fritid	Vestnorsk kulturakademi	Fast tilskot	Tilskot Vestnorsk kulturakademi	200 000	100 000
Kultur og fritid	Bygdeboknemnda	Fast tilskot	Tilskot Bygdeboknemnda	100 000	Ber om auka underskotsgarant frå 1 til 2 mill.kr
Kultur og fritid	Hardanger og Voss museum, Dagestadmuseet	Fast tilskot	Tilskot Museum	206 000	
Kultur og fritid	Voss kunstlag	Fast tilskot	Tilskot kultur	50 000	
Kultur og fritid	Ole Bull Akademiet	Fast tilskot	Tilskot Ole Bull akademiet	125 000	

Økonomiplan for 2021-2024

Kultur og fritid	Vossa jazz	Fast tilskot	Tilskot Vossajazz	400 000	
Kultur og fritid	Orkesteret Fossegrimen	Fast tilskot	Tilskot Fossegrimen	200 000	Søker om 205 400
Kultur og fritid	Voss skulemusikk	Fast tilskot	Tilskot korpsmusikk	50 000	
Kultur og fritid	Osafestivalen	Fast tilskot	Festivalstønad	125 000	
Kultur og fritid	Kle bygda til fest	Fast tilskot	Festivalstønad	50 000	
Kultur og fritid	Ekstremспортveko	Fast tilskot	Tilskot Ekstremспортveko	200 000	
Kultur og fritid	Voss cup		sjå søknad	-	Søker om driftstøtte på linje med dei andre festivalane.
Kultur og fritid	Voss kulturråd	Fast tilskot	Tilskot lokalt kulturliv	15 000	
Kultur og fritid	4H	Fast tilskot	Andre stønader	50 000	
Kultur og fritid	Vossestrand Sambygg	Fast tilskot	Husleige	60 000	
Kultur og fritid	Tilskot til ungdomsråd	Fast tilskot	Tilskot ungdomsrådet	100 000	
Kultur og fritid	Kyrkjeleg fellesråd	Fast tilskot	Tilskot til kyrkje/livssyn	11 167 454	Søker om 11,6 mill.kr
Kultur og fritid	Overføring til egne føretak	Fast tilskot	Vossabadet/Idrettshall	4 861 000	
Kultur og fritid	Grunnleige	Fast tilskot	Grunnleige idrettsanlegg	600 000	
Kultur og fritid	Nabobeino (Voss frivilligsentral)	Fast tilskot	Kjøp av tenester frå private	735 000	Søker om 958 500
Kultur og fritid	Tilskot idrettsråd	Fast tilskot	Overføring til andre	70 000	
Kultur og fritid	Overføring skule (gymsalar)	Fast tilskot	Reingjeringstenester	200 000	
Kultur og fritid	Tilskot leikeplassar	Fast tilskot	Tilskot leikeplassar	100 000	
Kultur og fritid	17.mai	Etter søknad	Div.utg. 1,8 og 17.mai	128 000	
Kultur og fritid	Tiltak i kulturplan	Etter søknad	Tilskot kultur	240 000	
Kultur og fritid	Born og unge/anna kulturarbeid	Etter søknad	Tilskot lokalt kultuliv	273 000	
Kultur og fritid	Kulturminne	Etter søknad	Div utg kulturminne	100 000	
Kultur og fritid	Tilskot lokale kulturhus	Etter søknad	Lokale kulturhus	40 000	
Kultur og fritid	Festivalstønad	Etter søknad	Festivalstønad	50 000	
Kultur og fritid	Song og musikk	Etter søknad	Tilskot kor/orkester	100 000	

## Vedlegg 1 – Oversikt tenesteområde

Teneste-område	Tenesteområde (T)	Funksjon Beskrivelse
1	Administrasjon og leiging	120 Administrasjon
1	Administrasjon og leiging	130 Administrasjonslokale
1	Administrasjon og leiging	180 Fellesutgifter
1	Administrasjon og leiging	285 Tenester utenfor kommunalt ansvarsområde
1	Administrasjon og leiging	360 Naturforvaltning og friluftsliv
2	Grunnskule	202 Grunnskule
2	Grunnskule	214 Spesialsular
2	Grunnskule	215 Skulefritidsordning
2	Grunnskule	222 Skulelokale
2	Grunnskule	223 Skuleskyss
3	Barnehage	201 Barnehage
3	Barnehage	211 Styrkt barnehage tilbud
3	Barnehage	221 Barnehage- lokale og skyss
4	Barnevern og støttetjenester	232 Helsestasjon og skulehelse
4	Barnevern og støttetjenester	244 Barnevernsteneste
4	Barnevern og støttetjenester	251 Barnevernstiltak i familien
4	Barnevern og støttetjenester	252 Barnevernstiltak utanfor familien
4	Barnevern og støttetjenester	290 Interkommunale samarb.(§27-samarb.ny)
5	Integrering	213 Vaksenopplæring
5	Integrering	275 Introduksjonsordninga
6	Helse	233 Førebyggjande helsearbeid
6	Helse	241 Lege og fysioterapi tenester
7	Omsorg	234 Aktivisering av eldre og funksjonshemma
7	Omsorg	243 Rusomsorg
7	Omsorg	253 Pleie i institusjon
7	Omsorg	254 Pleie til heimebuande
7	Omsorg	256 Tilbod øyeblikkelig hjelp -døgnopphald i kommune
7	Omsorg	261 Institusjonslokale
8	Sosialtenester	273 Kommunale sysselsettingstiltak
8	Sosialtenester	242 Sosial og flykningkontor
8	Sosialtenester	276 Kvalifiseringsordning
8	Sosialtenester	281 Ytelse til livsopphald
8	Sosialtenester	283 Stønad til eigen bustad
9	Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	231 Aktivitetstilbod - barn og unge
9	Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	320 Kommunal næringsverksemd
9	Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	365 Kulturminneforvaltning
9	Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	370 Bibliotek
9	Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	373 Kino
9	Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	375 Museum
9	Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	377 Kunsformidling
9	Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	380 Idrettaktivitetar og tilskot idrett

## Økonomiplan for 2021-2024

9	Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	381 Kommunale idrettsanlegg/bygg
9	Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	383 Kulturskule
9	Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	385 Kulturaktivitetar og tilskot kultur
9	Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	386 Kommunale kulturbygg
9	Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	390 Kyrkja
9	Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	392 Tilskot tru og livssynssamfunn
9	Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	393 Gravplassar og krematorier
10	Plan, næring og forvalting	301 Plan - sakshamsaming
10	Plan, næring og forvalting	302 Bygge- og delesak
10	Plan, næring og forvalting	303 Kart og oppmåling
10	Plan, næring og forvalting	304 Bygge- og delesaksbehandling,ansvarsrett og utslipptillatelser
10	Plan, næring og forvalting	305 Eierseksjonering
10	Plan, næring og forvalting	315 BOLIGBYGGING FYSISKE BOMILJØTILTAK
10	Plan, næring og forvalting	325 Tilrettelegging og bistad for næringslivet
10	Plan, næring og forvalting	329 Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling
11	Samferdsel	330 Samferdsle
11	Samferdsel	332 Kommunale vegar,miljø,traikksikr,parkering
11	Samferdsel	333 Kommunale vegar
12	Eigedom og bustad	121 Eigedomsforvaltning
12	Eigedom og bustad	190 Interne serviceeiningar
12	Eigedom og bustad	265 Kommunalt disponerte bustader
12	Eigedom og bustad	335 Parkar og plassar
13	Brann og ulukkesvern	338 Førebygging brann og ulukker
13	Brann og ulukkesvern	339 Beredskap brann og ulukker
14	Vatn, avlaup og renovasjon	340 Produksjon av vatn
14	Vatn, avlaup og renovasjon	345 Distribusjon av vatn
14	Vatn, avlaup og renovasjon	350 Avlaupsrensing
14	Vatn, avlaup og renovasjon	354 Tøming av septiktank
14	Vatn, avlaup og renovasjon	355 Innsamling av hushalsningsavfall
14	Vatn, avlaup og renovasjon	357 Gjennvinning og slutthandsaming av husholdningsavfall
15	Politisk styring	100 Politisk styring
15	Politisk styring	110 Kontroll og revisjon
16	Finansielle postar/økonomi	170 Årets premieavvik
16	Finansielle postar/økonomi	171 Tidlegare års premieavvik
16	Finansielle postar/økonomi	172 Pensjon
16	Finansielle postar/økonomi	173 Premiefond
16	Finansielle postar/økonomi	321 Konsesjonskraft,kraftrettigheter og anna kraft for vidare salg
16	Finansielle postar/økonomi	800 Skatt
16	Finansielle postar/økonomi	840 Rammetilskot og generelle statstilskot
16	Finansielle postar/økonomi	841 Kompensasjon for meirverdiavgift i investeringsrekneskapet
16	Finansielle postar/økonomi	850 Generelt statstilskudd
16	Finansielle postar/økonomi	860 Motpost avskrivning
16	Finansielle postar/økonomi	870 Renter, utbyte og lån
16	Finansielle postar/økonomi	880 Interne finansieringstransaksjonar
16	Finansielle postar/økonomi	899 Årets rekneskapsmessige meir/mindreforbruk